



Framover.

Stortingsvalprogram for Venstre 2025–29





Innleiing

Venstre er Noregs sosialliberale parti og representerer den liberale idétradisjonen i norsk politikk. Vi vil at du skal få bestemme meir over ditt eige liv og ha fridom til å velje kven du vil vere, korleis du vil leve og korleis du vil bidra til samfunnet.

Verda står overfor store utfordringar i åra som kjem. Klima- og naturkrisa vil gjere det vanskelegare å bu over store delar av kloden, og skape meir fattigdom, meir naud og meir ufrie liv om vi ikkje klarer å omstille oss til eit berekraftig samfunn på kort tid. Venstre meiner at fridomen skal gjelde for alle, òg dei som kjem etter oss. Difor jobbar vi kvar dag for å sikre ein klode med rein luft, reint vatn og der dyr og plantar trivst.

Over heile verda er det liberale demokratiet under stadig sterkare press. Fridomskampen for både oss som lever no, og for framtidens generasjonar, står i dag i Ukraina og andre stader der fridomen er under angrep frå diktatorar og autoritære rørsler som forsøker å undertrykkje folk for å styrke si eiga makt. Venstre står kompromisslaust på fridomens og demokratiets side, og vil alltid søkje internasjonalt samarbeid for å løyse våre felles utfordringar, som klima, miljø og global fattigdom.

For oss handlar fridom om mange ting som speler saman for å skape gode liv. Kunnskap, økonomisk handlefridom for individ og familiar, innovasjon og berekraft går hand i hand når vi skal skape morgondagens velferdssamfunn. Skulen skal gje alle nok kunnskap til å få eit godt og fritt liv, uansett kven foreldra dine er og kvar du kjem frå. Vi trur at gode og

motiverte lærarar er viktigast for å få til dette. Vi vil òg gjere alt vi kan for at alle som kan jobbe, får jobbe, fordi å ha ein jobb betyr fleire moglegheiter for kvar enkelt. Venstre vil arbeide mot alle former for diskriminering, anten det er basert på kjønn, seksualitet, etnisitet, religion, funksjonsdyktigheit eller alder.

Noreg skal gjennom store endringar dei komande tiåra. Vi skal gå bort frå ein økonomi basert på olje og gass, og over til ein sirkulær og fornybar økonomi basert på berekraftig ressursutnytting og global rettferd. Saman med endringane som skjer i befolkningssamansetjinga vår, der stadig fleire lever lenger og delen av oss som er i arbeid blir lågare, stiller dette store krav til ein meir ansvarleg offentleg pengebruk i Noreg.

Venstre vil at Noreg òg i framtida skal vere eit godt land å bu i med eit sosialt tryggningsnett som famnar breitt og treffer dei som treng det mest. For å oppnå dette må vi sørgje for gode, internasjonale konkurransevilkår for næringslivet vårt, og prioritere den offentlege pengebruken hardare enn det norske politikarar har gjort dei siste tiåra.

Venstre meiner at opprusting av Forsvaret og støtte til Ukraina har overordna prioritet i neste periode, og i kva grad Venstre vil lukkast med dei andre punkta i dette programmet vil vere avhengig av det gjenståande økonomiske handlingsrommet.

Venstre tek Noreg framover.

Innhald

Innleiing	4
Innhald	6
Kapittel 1 – Klima og natur	9
Klima	9
Natur	11
Energi	15
Sirkulær økonomi	18
Samferdsel	21
Dyrevelferd	24
Kapittel 2 – Kunnskap	26
Barnehage	26
Grunnskule	28
Vidaregåande opplæring	32
Lærarsatsning	34
Høgare utdanning	37
Forsking	40
Kapittel 3 – Arbeid og velferd	42
Arbeidsliv	42
Velferd	46
Nav	48
Sosial bustadpolitikk	49
Integrering	50
Kapittel 4 – Helse og omsorg	55
Førebygging	55
Bemanning og utdanning	56
Fastlegar	57
Kvinnehelse, kjønn og seksualitet	58
Psykisk helse	60
Rus	62
Tannhelse	64
Eldre	65
Sjukehus og spesialisthelseteneste	66
Private og ideelle helsetenester	68
Etikk og bioteknologi	69

Kapittel 5 – Næring og skatt	72
Gründerpolitikk og små og mellomstore bedrifter	72
Industri	76
Fiskeri og havbruk	77
Landbruk	79
Skatt	81
Ein slankare stat	83
Statsfinanser, statleg eiarskap og fondsforvaltning	84
Kapittel 6 – Justis og beredskap	87
Politi, påtale og kriminalitetsførebygging	87
Domstolane	88
Straff og soning	89
Beredskap	91
Menneske på flukt	93
Kapittel 7 – Kultur, idrett og frivilligheit	96
Kultur	96
Idrett	101
Frivilligheit, tru og livssyn	102
Kapittel 8 – Barn, familie og likestilling	105
Oppvekst	105
Barnevern	107
Familie	108
Likestilling og mangfald	110
Kapittel 9 – Demokrati og teknologi	114
Lokaldemokratiet	114
Framveksande teknologiar – kritisk viktige kunnskapsbehov	117
Regulering og personvern	120
Bioteknologi og bioøkonomi	122
Kapittel 10 – Utanriks og forsvar	125
Europa	125
Internasjonalt ansvar	126
Tryggleik	128
Forsvar	130
Utviklingspolitikk	131



1 Klima og natur

Klima- og naturkrisa er den største utfordringa verda står overfor. Det er nødvendig med ei gjennomgripande omstilling av verdas energisystem, forbruksmønster og naturforvaltning. Venstre meiner eit samfunn som tek betre vare på naturen og slepp ut mindre klimagassar, er eit betre samfunn for alle. Både klimakrisa og naturkrisa er internasjonale, og kan berre løysast gjennom forpliktande samarbeid mellom nasjonalstatar. Samstundes kan mange av løysingane innførast lokalt. Venstre vil at Noreg skal ta vår del av ansvaret for å skape ei framtid der vi alle lever innanfor naturens tålegrense.

Klima

Innan 2050 skal Noreg vere eit tilnærma nullutsleppssamfunn. Det krev ei systematisk tilnærming og tydeleg leiing slik at alle sektorar kuttar eigne utslepp, og tilstrekkeleg tilgang på fornybar energi. Som eit rikt, industrielt samfunn med særeigne, naturgjevne fortrinn, har Noreg alle moglegheiter til å gå føre og bidra til å utvikle teknologi og andre løysingar som kan brukast internasjonalt.

For å sikre oppslutning om klimapolitikken, er det viktig at den er enkel å forstå. Måla må vere truverdige og tydeleg formulerte slik at alle på tvers av alle samfunnsområde veit kvar vi har tenkt oss. Nasjonale klimamål må lovfestast i klimalova og meldast inn som ein del av Noregs forplikting under Parisavtalen.

Venstre vil sørge for at Noreg når dei klimamåla vi har sett, og som vi er forplikta til gjennom internasjonale avtalar. Den samla globale temperaturstigninga må avgrensast til 1,5 grader.

Den beste måten å få fart på det grønne skiftet, er å produsere meir fornybar energi, regulere utslepp strengare, stille krav i offentlege anskaffingar, styrke forskinga og forsterke dei økonomiske insentiva til å kutte utslepp for både næringsliv og privatpersonar. Venstre vil gjere det dyrare å ureine og billegare å velje miljøvenleg, mellom anna gjennom ei raskare opptopping av CO₂-avgifta. Vi vil i tillegg innføre

målretta tiltak for å redusere utsleppa frå dei største utsleppskjeldene i landet. For å sikre konkurransekrafta i norsk næringsliv, vil Venstre snarast mogleg slutte Noreg til EUs karbongrensejusteringsmekanisme (CBAM), fjerde energimarknadspakke og anna relevant lovgjeving innan miljø og klima.

Forbruk i Noreg fører til indirekte utslepp. Dette gjeld til dømes når vi importerer, kjøper og forbruker varar som er produserte i andre land. Venstre vil utvikle system for å måle og redusere dei indirekte utsleppa Noreg bidreg til.

Samstundes som vi jobbar med å kutte utslepp må vi ruste opp infrastrukturen vår for å handtere klimaendringar som allereie finn stad. Vi vil difor styrke kommunane si finansiering av klimatilpassingstiltak som flaumsikring, opne bekkeløysingar, vassparing og grønne lungar i bebygde strøk.

Noreg er eit lite land, men på enkelte område har vi føresetnader for å utvikle og rulle ut ny klimateknologi som kan vere viktig i eit globalt perspektiv. Elbilsatsinga er eit godt døme på dette. Det same er karbonfangst og -lagring. Venstre meiner Noreg bør bruke betydelege ressursar der slike satsingar kan ha ein global effekt.

Venstre vil:

- Legge 1,5-gradersmålet til grunn for vår politikk.
- Legge fram ein klimaplan for å kutte Noregs klimagassutslepp med 55 % innan 2030 og 95 % innan 2050 (samanlikna med 1990), der det planleggjast for at måla blir nådde gjennom nasjonale tiltak.
- Følgje opp tilrådinga frå Klimautvalet 2050 om at klimamåla skal leggje føringane for alle politikkområde.
- Forlengje klimaavtalen med EU til 2040.
- At Noreg skal produsere meir fornybar energi, og produsere og forbruke mindre fossil energi.
- Gje kommunane adgang til å ta i bruk effektive klimatiltak, som å stille krav til nullutslepp frå byggje- og anleggsplassar, innføre nullutsleppssoner og stille krav om lokal energiproduksjon i nye bygg.
- Gjere det lettare å stille klimakrav i byggjeprosjekt.
- Innføre eit forbruksbasert klimareknskap for å få betre oversikt over

- klimautslepp som i dag ikkje inngår i norsk klimareknskap.
- Styrke Enova og Klimasats som verkemiddel for å nå klimamåla.
- Ta initiativ til eit samarbeid med raskt veksande økonomiar for å overføre teknologi og sikre finansiering for at desse landa ikkje låser inn investeringar i fossilbaserte energisystem og industriproduksjon.
- Auke satsinga på CO₂-fangst og -lagring, nasjonale verkemiddel og føreseielege støtteordningar.

Natur

Naturen har ein eigenverdi, og er heim for dei artane vi deler jorda med. Dette biologiske mangfaldet er vårt eksistensgrunnlag. Naturen er òg ei kjelde til livskvalitet og gode opplevingar i kvardagen. Difor må vi ta vare på naturen, både for oss sjølve og dei som kjem etter oss. Venstre vil ha ein nullvisjon for tap av naturmangfald.

Gjennom vår tilslutning til Kunming-Montreal-avtalen er Noreg forplikta til å verne og bevare minst 30 % av naturen innan 2030, restaurere minst 30 prosent innan same tid, og ha meir natur både på land og i sjøen innan 2050. Venstre meiner at 30 %-målet må gjelde for areal i Noreg, og at dette må sikrast formell vernestatus. Det krev at vi både bevarer meir av den naturen vi har, og restaurerer natur som tidlegare er blitt bygd ned. Venstre vil innføre ei årleg statleg arealstøtte til kommunar som bidreg til å nå måla i naturavtalen ved å verne areal som landskapsvernområde, nasjonalparker og naturreservat.

Skal vi ta vare på naturen for framtida, er det ein føresetnad at nye generasjonar blir kjend med og blir glad i naturen. Venstre vil bevare og grunnlovsfeste allemannsretten og styrke friluftslivet.

Deponering av utslepp frå gruveindustrien i fjordbotnen er ein trussel mot fjordmiljø, gyteområde og sjømattryggleik. Venstre vil innføre eit forbod mot nye sjødeponi og gå mot gruvedrift på havbotnen.

Inntektssystemet for kommunar må endrast slik at naturvern og restaurering blir lønast, i staden for å leggje til rette for vekst gjennom auka arealbruk. Venstre vil innføre ei arealavgift for nedbygging av natur og stille krav om at alle kommunar lagar eigne arealrekneskap. Venstre vil at det skal etablerast eit nasjonalt register over all natur som blir bygd

ned i heile landet, for å sikre at beslutningstakarar har ein status over nedbygging av norsk natur.

Utbyggingar må skje på ein arealnøytral måte over heile landet. Det vil seie at ein må fortette og gjenbruke areal som allereie er bebygd i staden for å bruke nye naturareal, og at natur som blir bygd ned blir erstatta med restaurering av tilsvarande areal. Venstre vil styrke kommunane sine verkemiddel for å oppnå arealnøytralitet, mellom anna ved å opne for rekkjefølgjekrav om økologisk kompensasjon i utbyggingar. Venstre vil òg innføre ein nasjonal planvask, der alle eldre arealplanar som opnar for nedbygging av natur og som ikkje er iverksett, automatisk blir oppheva, til dømes etter 20 år.

Rovdyra høyrer heime i norsk natur. Naturmangfaldlova skal liggje fast og verne det biologiske mangfaldet, inkludert rovdya, i norsk natur. Bestandane av ulv, bjørn, gaupe og jerv er i dag for låge. Vi vil ha leve-dyktige bestandar av alle dei store rovdya, i tråd med naturfaglege tilrådingar. Vi meiner det er mogleg å redusere konfliktnivået mellom beitedyr og rovdya, mellom anna gjennom betre soneforvalting og støtte til avbøtande tiltak, samstundes som vi får større rovdyrstammar. Dagens soneforvalting må oppretthaldast der vi har beiteprioriterte og rovdyrprioriterte soner, men nokre soner bør utvidast for å ivareta rovdya sine naturlege rørsler.

Rovviltneemdene har, i motsetning til si hensikt, vore med på å auke konfliktnivået i den nasjonale debatten om rovdya. Venstre vil difor avvikle rovviltneemdene i dagens form og innføre fagleg forvalting av rovdya.

Nærnatur, i form av parkar, grønne lunger, vassdrag, nærskog og fjordar, er viktige for rekreasjon og psykisk og fysisk helse. Stat og kommune må jobbe saman for å bevare natur i desse områda, som er under stort press for utbygging. Venstre vil styrke FutureBuilt som eit nasjonalt storbyprogram for berekraftig by- og stadsutvikling.

Venstre vil:

- Leggje fram ein nasjonal plan for å nå måla i Naturavtalen (Montreal-avtalen) om 30% vern og 30% restaurering av natur.
- Styrke gjennomføringa av FNs naturavtale gjennom langsiktig delfi-

nansiering av norske UNESCO Globale Geoparker.

- Etablere fleire nasjonalparker, naturreservat og andre verneområde, herunder etablere Preikestolen Nasjonalpark i Rogaland.
- Verne og bevare meir av både nærnatur og den villmarksprega naturen.
- Leggje til rette for etablering av urbane nasjonalparker.
- Grunnlovsfeste allemannsretten og styrke friluftslivet.
- Slå fast arealnøytralitet som eit styrande mål som både staten og kommunane må forhalde seg til, og bidra til å utarbeide eit system for naturkredittar i samarbeid med EU.
- At regjeringa årleg utarbeider eit nasjonalt arealrekneskap, der endringar i arealbudsjettet blir handsama av Stortinget på lik linje som statsbudsjettet.
- Unngå nedbygging av skog der det ikkje er strengt nødvendig. Strengt nødvendig nedbygging av skog må kompensrast med etablering av tilsvarende skogsverdiar i område valde ut etter etablerte naturkriterium.
- Verne minst 10 prosent av skog innan 2030, sørgje for meir samanhengande verneområde, styrke ordninga med frivillig vern, og supplere det med statleg initiert vern der det er nødvendig for å sikre naturverdiar.
- Forby hogst av gammal naturskog som ikkje tidlegare har vore flatehogd og auke løyvinga til ordninga med frivillig skogvern.
- Betre oppfølginga av skogbrukets lovpålagde miljøansvar, til dømes oppretting av køyrskadar etter hogst og betre kartlegging av biologisk mangfald i skog.
- Gje støtte til reetablering av eikeskoger og annan edelløvskog som har gått tapt.
- Styrke statsforvaltaren sin mynde i arealsaker, senke terskelen for å fremje innsigelser og flytte klagehandsaming av store plansaker frå KDD til Klima- og miljødepartementet.
- Stille krav om at naturkartleggingar og øvrige konsekvensutgreiingar blir utført av kvalifiserte og uavhengige aktørar.
- Ta initiativ til ein gjennomgang av ulike vernekategoriar av natur – til lands og til vatns – for å sikre at verneføresegner og kontrollfunksjonar bidreg til faktisk vern av natur- og biologisk mangfald.
- Forby nedbygging og omdisponering av myr, og sørgje for å tilbakeføre og restaurere nedbygd myr.

- Følgje opp motorferdselslovutvalet om å jobbe for ytterlegare redusert motorisert ferdsl i naturen.
- Innføre strenge nasjonale planretningslinjer for hyttebygging for å stanse nedbygginga av trua natur, sårbare artar, friluftsområde og inngrepsfrie naturområde, og som forbyr nedbygging av myr.
- Forsetje vår nasjonale og internasjonale satsing på å bekjempe forsøplinga av havet, herunder sikre at bistandsprogrammet mot marin forsøpling blir vidareført.
- Styrke vernet til havs ved å etablere ein ny marin verneplan i tråd med den globale naturavtalen og sikre vern av 30 prosent av havområda i Noreg innan 2030.
- Sikre ei ny lov for å verne natur til havs som skal gjelde havområda i heile Noregs økonomiske sone, kontinentalsokkelen, Jan Mayen og Svalbard.
- Lage heilskaplege marine arealplanar for havområda slik at vi oppnår ei berekraftig forvaltning av alle norske havområde.
- Innføre eit reelt vern av havområde, inkludert forbod mot botntråling.
- Forby botntråling i marine verneområde, i Oslofjorden og dets nære havområde, og etablere nullfiskeområde der dette er nødvendig for å bevare og styrke fiskebestandar.
- Innføre fleire fiskefrie soner.
- Jobbe for å fjerne pukkellaks frå norsk fauna, bl.a. gjennom å anse den som ein havressurs som fiskast før den når norske elvar.
- Intensivere arbeidet mot spøkelsesfiske.
- Innføre forbod mot nye sjødeponi for gruveavfall og gå mot gruve-drift på havbotnen.
- Styrke strandsonevernet.
- Innføre strengare reinsingskrav til avrenning frå både kommunale og private avløpsanlegg for å hindre overgjødsling av vatn og fjordar.
- Bidra til å reinske og restaurere Oslofjorden og andre fjordar og vassdrag med dårleg miljøtilstand, mellom anna ved å innføre reinsingskrav til nitrogen og tiltak for å redusere avrenning frå landbruket.
- Sikre våre verna vassdrag og gjennomføre ei ny utviding av verneplanen for norske vassdrag.
- Auke innsatsen for å revidere vassdragskonsesjonar for å ta betre vare på villaksen og vassdragsnaturen.
- Gjennomføre nødvendige tiltak for at villaksbestandane over tid skal oppnå god tilstand etter kvalitetsnormen for villaks.

- Auke bestandsmåla for ulv, jerv og gaupe.
- Avvikle rovviltnemndene i dagens form og innføre fagleg forvaltning av rovdyr.
- Påse at Noreg oppfyller sine forpliktingar overfor rovdyra i samsvar med Naturavtalen, Bern-konvensjonen og konvensjonen om biologisk mangfald.
- Utvide rovdyrsonene og styrke rovdyras rettsvern utanfor sonene.
- Jobbe aktivt med konfliktdepande tiltak og sikre at slike tiltak får statleg finansiering.
- Sikre villreinens leveområde, og forvalte arten slik at bestandane styrkast.
- Styrke arbeidet for pollinerande insekt.

Energi

Innen 2050 skal Noreg fase ut fossil energi. I dag kjem omtrent halvparten av energien vi bruker frå fossile kjelder. Det grønne skiftet gjev behov for nye industrielle verdikjeder, som òg er energiintensive. Samla gjev dette oss eit stort behov for å produsere meir fornybar energi, samstundes som vi bruker energien vår meir effektivt.

Noreg er del av det nordiske og europeiske energisamarbeidet, og Venstre vil vere pådrivar for å sikre at både det norske, det nordiske og det europeiske markedet fungerer betre for å sikre utbygging av fornybar kraft, og å sikre føreseielege og konkurransedyktige energiprisar både for privatforbrukarar og for næringsliv.

Vindkraft er ei viktig fornybar energikjelde der Noreg har særleg gode ressursar på land og til havs. Samstundes kan vindkraft gå på kostnad av viktige naturverdiar. Venstre vil difor ha tydelege rammer for bygging av landbasert vindkraft. Utbygginga må ta omsyn til natur, dyreliv og samiske interesser. På land må det vere ein plan for tilbakeføring av områda til natur.

For å sikre at norsk leverandørindustri er i posisjon til å utnytte dei store moglegheitene havvind gjev, kan det vere behov for offentlege midlar i startfasen. Venstre vil satse vidare på botnfast havvind, og leggje til rette for at flytande havvind med tida kan bli lønsamt. Bygging av hybridkablar er vesentleg for å få lønnsamheit i prosjekta og utvikle eit

meir effektivt kraftsystem rundt Nordsjøbassenget. Krav til tryggleik, miljø- og naturomsyn må takast vare på i konsesjonssystemet.

Gjennom oppgradering av eksisterande vasskraftverk kan vi auke installert effekt til ein lågare kostnad enn det landa rundt oss har moglegheit til. Solkraft er ei energikjelde som takka vere kostnadsreduksjonar vil spele ei stadig viktigare rolle òg i Noreg, både i private hushaldningar og for næringslivet, medan hydrogen kan vere ein viktig energiberar særleg innan samferdselssektoren og i industrien.

For å få full nytte av nye fornybare energikjelder må Noreg auke bruken av lagring og energistyring. I tillegg trengst det forskning, utvikling og kommersialisering innan ei rekkje fornybare energikjelder som ikkje er i utstrakt bruk i dag. Venstre meiner at kjernekraft er ein viktig del av løysinga på klimakrisa, og vil at Noreg skal ta ei meir aktiv rolle i internasjonalt forskingssamarbeid på kjernekraft.

Kjernekraft krev lite areal, er regulerbart og gjev stabil kraft. EUs vitenskapspanel har konkludert med at kjernekraft er ei berekraftig og sikker energiform. Noreg må leggje til rette for at aktørar som ønskjer det, kan få etablere kjernekraftverk som kan levere kraft til den norske energimiksen. Venstre vil jobbe for ei regulatorisk oppdatering og utvikling, slik at det norske lovverket er tilrettelagt for forsvarleg og effektiv handsaming av konsesjonssøknader, og mogleg etablering og drift av kjernekraft.

Verda har allereie funne meir fossil energi enn klimaet toler at vi utvinn. Difor må vi slutte å leite etter meir olje og gass, ikkje tildele nye lisensar på norsk sokkel, ikkje tillate bygging av ny infrastruktur som bind oss til utslepp mot og forbi 2050 og utvikle ein plan for sluttfasen av norsk petroleumsindustri. Omstillinga vil skje gradvis ettersom eksisterande olje- og gassfelt vil medføre produksjon på norsk sokkel i lang tid. Noreg må vere ein internasjonal pådrivar for vern av arktiske område frå petroleumsaktivitet.

Elektrifisering av sokkelen er eit sentralt verkemiddel for å kutte norske utslepp, men kraftbehovet for sokkelen kan ikkje dekkast utelukkande av kraft frå land. Både havvind og karbonfangst og -lagring kan spele

viktige roller. Ved nye søknader om elektrifisering skal det stillast krav om at aktørane sjølv stiller til vege erstatningskraft som svarar til det auka forbruket.

Venstre vil:

- Leggje til rette for produksjon av meir fornybar energi, utan at dette går på kostnad av viktige naturverdiar.
- Ikkje tildele nye lisensar på norsk sokkel og utvikle ein plan for sluttfasen av norsk petroleumsindustri.
- Innføre varig vern mot petroleumsaktivitet i spesielt sårbare område, inkludert i og ved iskantsonen, Jan Mayen, Lofoten, Vesterålen og Senja, Skagerrak, Mørefeltene, Jærkysten og kystnære område av Finnmark.
- Definere SVO-er (særleg sårbare og verdifulle område) som petroleumsfrie område.
- Sørgje for at sokkeldirektoratet legg Noregs klimaforpliktingar til grunn for sitt arbeid, og at ressursgrunnlaget gjev eit realistisk bilete av tilgjengelege petroleumsressursar.
- Satse på energieffektivisering (ENØK) i alle sektorar, særleg bygg/anlegg og i heimen, for å nå måle om 10TWh effektivisering innan 2030.
- Innføre skattefrådrag for ENØK-tiltak i eigen bustad.
- Frita omsetnad av plussbus frå dokumentavgift.
- Sørgje for at Enova har støtteordningar til ENØK-tiltak i både industrien og hushaldningar.
- At Enovas verkemiddelapparat innrettast for å sikre størst mogleg reduksjon i energiforbruk og kutt i klimagassutslepp.
- Innføre tidsfristar for konsesjonsbehandling av energiprojekt for å redusere unødvendig lang behandlingstid.
- Sørgje for tilstrekkeleg mellomlandsforbindelse for kraftutveksling for å sikre forsyningssikkerheit og føreseielege prisar. Vi vil samarbeide med andre nordiske land for å påverke det europeiske kraftmarkedet som i dag er i ubalanse.
- Jevne ut prisforskjellane mellom prissonene og bidra til auka krafttilgang ved å betre overføringskapasiteten i straumnettet.
- Forbetre straumstøtteordninga slik at den sikrar betre økonomisk utjamning og straumsparing.
- Leggje til rette for at det skal løne seg å spare energi og drive eigen-

- produksjon av energi, både i private heimar og i næringseigedom.
- Leggje fram ein handlingsplan for å utløyse 5,5 TWh årleg solkraft-produksjon frå bygningar innan 2030, for å sikre at ein større andel av solkraftutbygginga utførast med minst mogleg naturinngrep.
 - Kartleggje potensialet for jord-/bergvarme i kommunane og stille krav om bruk der dette eignar seg.
 - Auke produksjonen av biogass basert på avfallsressursar og bruke den til å erstatte fossil energi.
 - Starte arbeidet med å fornye det regulatoriske rammeverket for atomsikkerheit og kjernekraft i Noreg, med sikte på å opne for etablering og kommersiell drift av kjernekraft.
 - At det ved leveranse av store mengder straum til industriaktørar bør leggjast vekt på modenheit i prosjekta, nasjonale tryggleikspolitiske interesser og potensialet for kutt i klimagassutslepp.

Sirkulær økonomi

Vi har berre éi klode, men forbruker ressursar som om vi hadde tre. Venstre vil oppretthalde ein velfungerande økonomi og samstundes halde oss innanfor planeten si tålegrense. Då er vi nøydde til å bevege oss frå dagens lineære økonomi basert på bruk og kast, og over til ein sirkulær økonomi basert på gjenbruk og gjenvinning. Vi må redusere bruken av ikkje-fornybare ressursar, kutte bruk av skadelege stoff, ta vare på materiala lengst mogleg, minimere utslepp og energiforbruk og unngå å produsere unødvendig avfall.

Venstre meiner omstilling til sirkulær økonomi må vere ei sentral løysing på klima- og naturkrisa, og at Noreg må leggje seg tett opp til EUs politikk på området. Alle ressursar, både energi, metall, mineral og andre råvarer, er knappe og må brukast smartast mogleg. Vi vil bidra til EUs ambisjon om å etablere eit indre marknad for sekundære råvarer. Å betre utnytte eksisterande ressursar vil òg gjere oss mindre avhengig av import via sårbare verdikjeder.

Byggsektoren bruker på verdsbasis om lag 40 prosent av alle ressursar, inkludert energi og material. Ei av hindringane for ein meir sirkulær økonomi, er at både innretninga på dokumentavgifta og krava som blir stilte til energieffektivitet m.m., gjer det meir lønsamt å rive og byggje nytt enn å rehabilitere eksisterande bygg. Venstre vil sikre at bygg let

seg bruke på nytt, gjere det lettare å gjenvinne og gjenbruke byggematerial, og at det blir brukt klimavenlege og gjenbrukte bygningskomponentar. Om få år må alle byggeplassar vere avfalls- og utsleppsfrie.

Venstre vil:

- Gjennomføre tiltak for å oppnå 60 prosent materialgjenvinning innan 2030.
- Setje eit nasjonalt mål om å redusere materialforbruket i Noreg.
- Implementere EUs digitale sporing av ressursar og utvide dette til å gjelde utover dei sju områda prioritert i EU; elektronikk, batteri og bilar, emballasje, plast, tekstil, bygg og byggevarer, og mat, vatn og næringsmiddel.
- Redusere eller fjerne meirverdiavgift på reparasjonar og gjenbruk.
- Gradvis auke kravet til andelen resirkulert material i ulike produktkategoriar og innføre ei avgift på plast, inkludert på plast brukt i tekstil der det ikkje er føremålstenleg.
- Auke nordisk samarbeid innan handel med varer som har gode ombrukspotensial, tilpassa vår industri, til dømes bildelar, energi og treindustri.
- Redusere plastforureining, særleg spreiding av mikroplast.
- Styrke forbrukarrettane knytt til reparasjon og kjøp av brukte varer, og vidareutvikle miljømerkeordningar slik at forbrukarane kan ta meir miljøvenlege val.
- Innføre ei miljøavgift på «fast fashion» og bruke skatte- og avgiftspolitikken for å redusere importen av miljøskadelege varer frå nett-handel.
- Sikre at bygg let seg bruke på nytt, at byggematerial let seg gjenvinne, og at det blir brukt klimavenlege og gjenbrukte bygningskomponentar.
- At staten skal etterspørje lågare utslepp frå material i store utbyggingsprosjekt, og bruke innkjøpsmakta til å fremme sirkulære løysingar.
- Sikre gode rammevilkår for aktørar som ønskjer å etablere gjenbruks-sentralar for byggematerial og byggekomponentar.
- At staten i eigne prosjekt i størst mogleg grad gjenbruker eksisterande bygningsmasse og minimerer areal- og materialbruk.
- Heve kompetansen til offentlege innkjøparar for å byggje tverrfaglege fagmiljø med kompetanse på klima, miljø og sirkulær økonomi.



- Stille krav til at produkt skal ha reservedelar og vere reparerbare i heile levetida til produktet.
- Innføre ei matkastelov etter modell frå Frankrike.
- Halvere matsvinnet i Noreg innan 2030 og leggje til rette for at restprodukt kan brukast som mellom anna dyrefôr, biodrivstoff, biokol eller gjødsel.
- Heve den øvre grensa for skattefritak på inntekt frå utleige av eigen bustad, fritidsbustad og bil.
- Gjennomføre ein «Sirkulærkur» etter modell av «Klimakur» for å utgreie tiltak og verkemiddel som kan bidra til ei rask sirkulær omstilling, med eit særleg blick på industrien.

Samferdsel

Venstre vil at alle skal ha fridom til å kome seg dit ein vil på ein enkel og miljøvenleg måte. Målet er eit moderne og miljøvenleg transportsystem som gjer det enkelt og billeg å reise, samstundes som det kuttar utslepp og tek vare på naturen.

Utsleppa frå transport er ei stor kjelde til klimagassutslepp i Noreg, og til lokal luftforureining i byane våre. For å kutte utsleppa vil Venstre at det alltid skal lønne seg å velje klimavenlege køyretøy. Alle nye personbilar som blir selde skal vere nullutsleppsbilar. Venstre vil sørge for at summen av elbilfordelar og miljøavgifter alltid skal gjere det lønsamt å ta eit miljøvenleg val.

Billettprisane, reisetida og avgangsfrekvensen i kollektivtrafikken må bli meir konkurransedyktig mot personbil. Venstre vil satse på og styrke kollektivtransporten i heile landet. All kollektivtransport må baserast på nullutsleppsteknologi. Venstre sitt mål er eit moderne og effektivt transportsystem som ikkje legg beslag på store areal eller gjev store klimagassutslepp.

Dagens bilbaserte trafikksystem skaper kø, kork og kaos i byområda våre, og krev altfor store areal og inngrep i natur og matjord. Venstre prioriterer difor å byggje ut tog- og annan kollektivtransport rundt og mellom dei store byane, framfor å utvide vegkapasiteten, og å betre samferdselsløysingane innad i bu- og arbeidsregionar. Nye vegprosjekt må skalerast ned for å ta vare på meir natur og matjord.

Venstre vil i byane prioritere samferdsletiltak som reduserer luft- og støyforureining i særleg utsette område og gjev potensial for grønn byutvikling i bysentrum og ved knutepunkt. Reduksjon av lokal forureining bør takast inn som eit sentralt mål i Nasjonal transportplan.

I dag er det framleis eit stort etterslep på vedlikehald av jernbanen. Venstre vil hente inn etterslepet og samstundes styrke jernbanetilbodet gjennom fleire dobbeltspor og kryssningsspor. For å få mest mogleg jernbane for pengane vil vi prioritere dei tiltaka som gjev mest effekt først, organisere jernbaneutbygginga etter modell frå Nye Veier og opne for større bruk av offentleg-privat samarbeid i utbygging. Første prioritet for jernbanen må vere å sørgje for betre vedlikehald og oppgradering av eksisterande infrastruktur for å auke punktlegheita. Organisering av jernbanene må ha effektivitet og passasjerane sine behov i fokus. Reisetidene på jernbanen mellom dei store byane i Noreg må reduserast betydeleg for å kunne konkurrere med fly. Høg fartstog er aktuelt på strekningar som kan binde Noreg tettare saman med Europa.

Meir av godstransporten må flyttast over på sjø og bane. Behovet for meir gods på jernbane må takast omsyn til ved dimensjonering av bane-strekningar, og det må leggjast til rette for at meir gods kan gå utanom byane. Jernbaneinfrastruktur tek opp store areal i bynære område. Venstre vil effektivisere arealbruken og bruke gevinstar frå byutvikling av areala til å finansiere investeringar i jernbanen etter modell frå Danmark.

Vegstandarden er for dårleg mange stader i Noreg, særleg på fylkesvegane. Venstre vil vedlikehalde, rassikre og oppgradere eksisterande vegar, og etablere fleire fylkes- og riksvegar med gul midtstripe. Der mange menneske blir plaga av luftforureining og støy frå veg bør det vurderast tiltak som fartssenking, støyskjerming eller om vegen bør leggjast i tunnel. For å gjere det meir attraktivt og trygt å velje sykkel eller gange på kvardagsreiser, vil Venstre redusere fartsnivået på biltrafikken i byar og tettstader og byggje fleire gangvegar og samanhengande sykkelvegar.

I tillegg til å finansiere strekningsvis utbygging av vegar, er bompengar eit viktig verkemiddel for å redusere biltrafikk og finansiere betre kollektivtilbod i byområda våre. Dagens bompengesystem er lite fleksibelt

og lite målretta. Difor vil Venstre innføre eit nytt system for veipricing som samstundes ivaretek personvernet for dei køyrande.

Noreg er eit stort land der folk bur spreidd. For at alle skal ha gode moglegheiter for å kome seg dit ein skal, må ferjer og hurtigbåtar gå hyppig og til ein overkommeleg pris. Delar av landet er òg avhengig av flyruter, og Venstre meiner difor at det offentlege framleis skal kjøpe flyruter der det ikkje finst gode alternativ til fly. Kortbanenettet er særleg godt eigna til å teste og utvikle meir miljøvenlege fly.

Venstre vil:

- Styrke dei eksisterande byvekstavtalane og opne for nye avtalar.
- At staten skal forplikte seg til minst 70% finansiering for viktige kollektivprosjekt i byvekstavtalane.
- Utvide målet om reduksjon i biltrafikken rundt byane til å gjelde fleire byområde og inkludere næringstransport.
- Styrke utvikling og samordning av smarte mobilitetsløysingar i distrikta, for betre kollektivtilbod, meir klimavenleg og effektiv vare- og tenestedistribusjon.
- Kontinuerleg jobbe for at kollektivtransport skal bli konkurransedyktig i forhold til personbilar. I hovudsak ved å redusere billettprisar, redusere reisetider, og auke avgangsfrekvensen.
- At barn og unge skal kunne reise gratis eller til redusert pris med kollektivtrafikk i heile landet, slik at det blir enklare for familiar å reise miljøvenleg.
- Auke talet på togavgangar gjennom tiltak som å byggje fleire kryssningsspor, dobbeltspor og velje ruteplanar som gjev meir kapasitet.
- Prioritere vedlikehald av eksisterande infrastruktur slik at togreisande kan stole på at toga går når dei skal.
- Opne for å knyte fleire delar av landet til jernbanenettet der dette vil oppnå synergieffektar i form av auka persontransport på bane, berekraftig turisme og beredskap.
- Gjere nattog meir attraktivt som reisemåte.
- Jobbe for avgangar med nattog til Europa og meir sømlause overgangar på internasjonale togreiser.
- Prioritere auka innsats til rassikring, og byggje ut betre vegstandard med gul midtstripe og forbikøyringsfelt, framfor kostbare fleirfelts motorvegar.

- Oppgradere fylkesvegane og redusere vedlikehaldsetterslepet.
- Godkjenne inntil 30 års nedbetaling av bompengeprojekt på fylkesvegar.
- Styrke forskning og utvikling på nye, innovative rassikrings- og rasvarslingsmetodar i Noreg.
- Byggje ut lade- og fyllestasjonar for nullutsleppsbilar og tungtransport i heile landet.
- Innføre fleire insentiv for å få varetransporten mykje raskare over på nullutsleppskøyretøy.
- Leggje til rette for grøn skipsfart gjennom å sikre verkemiddel som får opp produksjon og tilbod av nødvendige nye energibærarar/drivstoff, samt sikrar at det blir bygd eller ombygd skip som tek i bruk desse.
- Stille krav om nullutslepp for cruisetrafikk langs heile kysten og leggje til rette for landstraum og fyllestasjonar.
- Gå gjennom finansierings- og anbodssystema for ferje og hurtigbåt med mål om å forsterke insentiva for bruk av nullutsleppsteknologi og auka passasjermengde.
- Gå mot en tredje rullebane på Oslo lufthavn.
- Gå gjennom og samordne offentlege kjøp av transporttenester, slik som skuleskyss, TT-transport og pasienttransport, sett i lys av kunstig intelligens og ny teknologi, for å sikre gode og effektive tenester.

Dyrevelferd

Dyr har eigenverdi ut over den nytteverdien dei har for oss menneske og for samfunnet, og skal handsamast med respekt.

Det er dyrevelferdsutfordringar i norsk landbruk, og dette gjeld særleg i dei mest intensive næringane. Venstre meiner at dyrehald i størst mogleg grad skal ta omsyn til dyras naturlege åtferd og behov. Millionar av dyr kan få eit betre liv dersom minimumskrava til dyrevelferd blir heva. Difor vil vi styrke dyrevelferdskrava for oppdrettsfisk og hald av husdyr og prioritere velferdsforbetringar som bidreg vesentleg til å betra livet for kylling, storfe og gris.

Vi vil bruke insentiv for at best mogleg dyrevelferd skal lønne seg, og forby dyreavl som fører til helseplager hjå dyr. For å styrke tilsynsstyresmaktene for dyrevelferd vil Venstre opprette eit eige dyrevelferds-tilsyn.

Venstre vil:

- Klargjere dyrs eigenverdi i lovgjevinga, slik at dyremishandling blir betrakta som meir alvorleg enn skade på eigedom.
- Styrke dyrevelferdskrava i regelverket for hald av oppdrettsfisk og husdyr for å sikre betre samsvar med kunnskap om dyrs behov.
- At storfe og småfe skal ha tilgang til beite og frisk luft i størst mogleg grad.
- Gje kommunar høve til å regulere og eventuelt forby bruk av privat fyrverkeri, mellom anna av omsyn til kjæledyr og anna dyreliv.
- Fase ut bruken av hurtigveksande rasar i kyllingproduksjon.
- Innføre forbod mot CO₂-bedøving av dyr i slakteri og mot kverning av hanekyllingar, såkalla maserasjon, som avlivingsmetode i egg-industrien.
- Innføre importforbod mot produkt frå pelsdyroppdrett.
- Innføre obligatorisk ID-merking av hund og katt.
- Innføre krav til meir etisk avl av hund og katt.
- Stille krav om høg dyrevelferd i relevante offentlege innkjøp.

2 Kunnskap

Kunnskap gjev fridom, både for menneske og for samfunnet. Venstre sitt mål er at alle born skal få ei god utdanning og moglegheit til å skape seg eit godt liv, uansett kvar dei kjem frå, kvar dei bur, og kva bakgrunn dei har. For å skape kunnskapen vi treng i framtidas samfunn, vil Venstre òg satse meir på forskning. Dette gjeld både grunnforskinga som skjer på universitet og andre forskingsinstitusjonar, og den anvende forskinga som finn stad i skjeringspunktet mellom academia og næringslivet.

Barnehage

Barnehagen er for dei fleste born den første opplevinga av å vere del av eit fellesskap utanfor familien. Eit godt barnehagetilbod med tilstrekkeleg bemanning, pedagogisk innhald på rett nivå og stor nok plass både inne og ute, er den beste starten på livet vi kan gi borna våre. Alle småbarnsforeldre skal kjenne seg trygge på at borna deira blir ivaretekne, sette og får moglegheit til å vekse i sitt eige tempo i barnehagen.

For at alle born skal få eit barnehagetilbod som lar dei utvikle seg gjennom fri leik, fellesskap og pedagogisk arbeid, må kommunane og barnehagane sikrast gode rammevilkår. Dette er ikkje berre ei investering i framtida til kvart enkelt born, det er òg ei investering som kjem heile samfunnet til gode. Tidleg innsats kan avdekkje utfordringar og førebyggje at born får sosiale problem seinare i livet.

Vi har i dag mangel på barnehagelærarar i store delar av landet. Søkjartala til barnehagelæruddanninga har gått ned dei siste åra, og mange kommunar maktar ikkje å innfri krav om utvida opningstider og fleire og yngre born i barnehagane. Dette er den største utfordringa for å sikre høg kvalitet i barnehagane i tida framover.

Venstre meiner at mangfald i barnehagesektoren er viktig for å sikre både god kvalitet og valfridom. Private barnehagar har i mange tilfelle vore ein viktig drivkraft for begge delar. For borna er det ikkje det viktigaste kven som driv barnehagen, men kor godt tilbodet er. Kommunale og private



barnehageplassar må likebehandlast, og finansieringa må vere føreseieleg for at barnehagane skal kunne satse langsiktig på eit tilbod som gjev høg kvalitet. Venstre vil ha fleire temabarnehagar som for eksempel satsar spesielt på naturopplevingar, song og musikk eller idrett.

Venstre vil:

- Innføre løpande barnehageopptak for å sikre alle familiar barnehageplass frå barnet fyller eitt år.
- Arbeide for å utvide dagens ordning med gratis kjernetid til gratis heiltidsplass for born i låginntektsfamiliar.
- Likebehandle kommunale og private barnehagar.
- Støtte tiltak og pedagogiske opplegg som utviklar meir robuste born.
- Heve kompetansen hos barnehagepersonell for å hjelpe born med spesielle behov.
- Intensivere utdanning i spesialpedagogikk i barnehagar for å hjelpe sårbare born.
- Betre overgangen mellom barnehage og skule.
- Støtte mangfald i barnehagetilbodet, for eksempel temabarnehagar og barnehagar av ulike storleikar.
- Opne for eit kveldsope omsorgstilbod som supplement til det ordinære barnehagetilbodet.
- Gjere det meir attraktivt å vere barnehagelærar.
- Tilby gode utviklingsmoglegheiter, til dømes gjennom fagskuletilbod for fagarbeidarar i barnehagane.
- Tilby barnehagetilsette gode moglegheiter for kompetanseutvikling.
- Setje i gang tiltak for å redusere sjukefråværet i barnehagen.
- Sikre tilstrekkeleg kapasitet på arbeidsplassbasert barnehageutdanning og styrke oppfølginga av nyutdanna barnehagelærarar for å sikre at fleire blir verande i sektoren.

Grunnskole

Den obligatoriske skulegangen skal bidra til å gje alle born kunnskapen og ferdigheitene dei treng for å lukkast i livet. Den viktigaste føresetnaden for å lære heile livet og forstå og delta i samfunnet vi lever i, er at alle lærer seg å lese, skrive og rekne.

Leseferdigheiter er viktig for danning og for deltaking i arbeidslivet. Dei fleste skulefag og mange yrkesvegar krev òg ei grunnleggjande talfor-

ståing. Grunnlaget for utvikling og læring blir lagt i barnas første leveår. Venstre vil difor bruke meir ressursar tidlegare i skuleløpet for å sikre at alle barn får med seg desse grunnleggjande ferdigheitene vidare i livet.

Born er forskjellige, og lærer på forskjellige måtar. Difor er det viktig at skulane òg gjev dei moglegheit til å dyrke ulike sider ved seg sjølve, både gjennom den delen av undervisninga som er felles for alle, og gjennom valfag.

Undersøkingar viser at eit stort fleirtal av elevane kjeder seg på skulen, og delen det gjeld har auka dei siste åra. Samstundes lærer elevar i Noreg mindre enn i samanliknbare land. Venstre meiner det er på tide å gjere den norske skulen meir tilpassa evnene og behova til den enkelte elev. Alle born har rett til tilpassa opplæring. Dette gjeld òg elevar med stort læringspotensial. Venstre ønskjer difor å leggje til rette for fleire ordningar som forsert løp og talentsatsing, for at òg desse elevane skal oppleve meistring og utvikling.

Venstre vil gje alle elevar større fridom til å velje mellom ulike fag. Kreativitet og valfridom høyrer saman. Når elevane får meir valfridom, må også skulane få moglegheita til å skreddarsy eit godt lokalt undervisningstilbod. For at kreative, praktiske og estetiske fag skal få større plass i skulen, må elevane få moglegheita til å ta fleire valfag. Venstre vil utvide valfagstilbodet på ungdomsskulen, innføre valfagsordninga på mellomtrinnet, og syte for at alle grunnskular har tilgang til eit skuleverkstad som gjev moglegheit til å arbeide praktisk med ulike materiale og digitale verktøy.

Venstre vil ha ei større satsing på naturfag i norsk skule. Timetalet til naturfag i grunnskulen i Noreg er halvparten av snittet i OECD, og PISA-undersøkingane viser at norske elevar er blant dei dårlegaste når det gjeld naturfagskunnskapane i Europa. Å forstå verda rundt seg er grunnleggjande for allmenndanninga, og naturfag er ein viktig del av det. I ei stadig meir teknologisk kompleks verd blir også ei grunnleggjande forståing av naturfag stadig viktigare.

Avstanden mellom born som driv mykje med fysisk aktivitet og born som i mindre grad er fysisk aktive, har blitt større. Dei sosiale ulikska-

pane vil auke viss færre born får moglegheit til å drive med fysisk aktivitet. Konsekvensen av mindre fysisk aktivitet i kvardagen er mellom anna meir overvekt blant born og unge, dårlegare helse, dårlegare læring og færre opplevingar av meistring i oppveksten. Den beste moglegheita vi har som samfunn til å snu denne trenden, er gjennom meir fysisk aktivitet i skulen. Derfor meiner Venstre at vi må leggje til rette for meir fysisk aktivitet i skulen for alle elevar.

Venstre vil ha meir kunnskap om årsakene til at trendane for motivasjon og oppmøte ser ut til å gå i feil retning. For å snu denne utviklinga, vil vi mellom anna gjennomføre forskingsprosjekt i nært samarbeid med skular som har lukkast og skular som har utfordringar på dette området.

Framveksten av ny teknologi gjev betydelege moglegheiter og utfordringar i samfunnet, arbeidslivet og skulen. Kunstig intelligens har dei siste åra gjeve oss nye verktøy som har endra skulekvardagen betydeleg, og dei kjem til å endre måten samfunnet vårt fungerer på. Derfor er det også viktig og relevant at elevane tek dei i bruk i skulen. KI-verktøy brukt rett kan gje store moglegheiter, men det krev at læraren har kunnskap om teknologien sine utfordringar og moglegheiter i skulekvardagen. Kursing og oppdatering må difor tilbydast kontinuerleg. Ny teknologi krev også at vi tenkjer nytt både på kva det er viktig at elevane lærer i skulen, og korleis vi skal måle det. Vi ynskjer difor å setje i gang eit utgreiingsarbeid som skal sjå på korleis kunstig intelligens påverkar skulen sitt innhald og vurderingsformer.

Venstre meiner skulen i utgangspunktet bør vere mobilfri, og at bruk blir avgrensa til situasjonar der læraren meiner det er eit godt pedagogisk verktøy. Skjerm skal brukast der det er rett, både for å gje rom for eit mangfald av læringsverktøy og ikkje minst for å sikre at elevane utviklar sin digitale kompetanse. For å sikre metodefridom og god tilgang på ulike typar læremiddel, må vi nasjonalt sikre finansiering til å kjøpe inn fleire fysiske lærebøker.

KI-verktøy brukt rett kan gje store moglegheiter til å skape nye pedagogiske verktøy som gjev meir læring og motivasjon. Det er viktig at læraren har kunnskap om teknologien sine utfordringar og moglegheiter i skulekvardagen. Kursing og oppdatering må difor tilbydast sys-

tematisk, og ikkje berre som eit tilbod i tillegg til den daglege jobben. Elevane må få trygg opplæring i bruk av KI og god kjeldekritikk, sjølvstendig refleksjon og kritisk tenking.

Born og unge har rett til eit trygt og inkluderande læringsmiljø. Mobbing og utanforskap, skulevegring og fråfall blir førebygd i eit forpliktande og tett samarbeid med heim og skule. Læraren har ansvar for at ein klasse fungerer både for læring og trivsel. Læraren sin autoritet i klasserommet må styrkast, administrasjonsbyrda må reduserast, og det må gjevast rom for å formidle. Ressursane til skuleleiing må styrkast slik at det blir meir tid til utviklingsarbeid og leiing.

Det er viktig at elevar og lærarar får god støtte frå andre profesjonar i skulen, som miljøarbeidarar, minoritetsrådgjevarar og helsepersonell. Venstre meiner at mest mogleg støtteundervisning bør flyttast til småskuletida, for å unngå at lærevanskar og andre utfordringar veks seg store.

Venstre meiner at det skal vere rom for fleire friskular i Noreg. Friskular med viktige fagtilbod eller ulike pedagogiske opplegg gjev meir mangfald og valfridom for elevane. I tillegg gjev det viktig inspirasjon, og det utgjer eit sterkt supplement til det offentlege skuleverket.

Venstre vil:

- Styrke leseopplæringa og lesinga sin plass gjennom heile skuleløpet.
- Gje realfag større plass i skulen frå første skuledag og stimulere interessa for STEM-fag gjennom heile opplæringsløpet.
- Innfri retten alle elevar har til tilpassa opplæring.
- At skjermbruk skal vere pedagogisk grunngjeven.
- Gje større høve til bruk av fleksible skuleløp, mellom anna gjennom utsett skulestart og at skular skal kunne tilby fleire forseringsmoglegheiter for elevar på alle skuletrinn.
- Behalde lærarane og skulane sin metodefridom, inkludert fridom til å gje lekser eller la vere.
- Styrke kommunane og skulane si moglegheit til å tilby elevar alternative opplæringsarenaer.
- Ha meir leikbasert læring i småskulen.
- Ha meir valfag i ungdomsskulen.
- Innføre valfag på mellomtrinnet.

- Styrke sidemålsordninga i skulen, mellom anna ved å byrje ho tidlegare.
- Gje intensiv norsk språkopplæring til ungdomsskuleelevar med manglande eller avgrensa norskkunnskapar.
- Styrke oppfølging av elevar med høgt fråvær, særleg dei som bur i levekårsutsette område.
- Sørgje for at det blir laga meir undervisningsmateriell på samisk og dei andre minoritetsspråka i Noreg, og sikre lik tilgang på digitale læremiddel og læringsressursar i begge målformer.
- Tilretteleggje for meir fysisk aktivitet for alle i grunnskulen.
- Gje praktisk-estetiske fag ein sterkare plass i skulen.
- Fjerne K-en i KRLE-faget og likehandsame religionar i undervisninga.
- Styrke bemanninga i skulebiblioteka, og sørgje for at dei har moglegheit til å kjøpe tilstrekkeleg med bøker.
- Ha ein kraftinnsats for å førebyggje og hindre mobbing, vald og trugslar i skulen.
- Verne elevane sitt personvern og eksponering for uønska innhald ved bruk av digitale verktøy i skulen.

Vidaregåande opplæring

Det er viktig at fleire fullfører og består vidaregåande opplæring. For å auke gjennomføringsgraden i den vidaregåande skulen, vil Venstre mellom anna ha systematisk og tidleg oppfølging av elevar, og vurdere tiltak som gjer det enklare å kombinere opplæring i skule og opplæring i arbeidsliv. Venstre vil leggje til rette for at fylkeskommunar kan innføre tilbod til elevar som ønskjer å oppnå ein kombinasjon av studiekompetanse og fagutdanning.

Alle elevar har rett til opplæring på sitt nivå. Det er ikkje mogleg å gjennomføre dersom dei enkelte klassene blir for store. I dag er det ikkje uvanleg med faste undervisningsgrupper med over 30 elevar. Det gjev dårlegare fysiske arbeidsforhold, dårlegare moglegheit for tilpassa opplæring og stor vurderingsbyrde for dei som underviser. Venstre ønskjer difor å følgje opp at undervisningsgruppene i vidaregåande opplæring ikkje blir for store.

Vi ser òg at det er stor skilnad i det faglege nivået elevane befinn seg på når dei byrjar i vidaregåande skule. Venstre ønskjer difor forsøksordningar med nivådeling i fleire fag, slik det i dag blir gjort i matematikk.

Venstre vil gje elevane større fridom, sikre meir fagleg djupne og skape ein meir motiverande skule. Vidaregåande skule er i dag prega av at elevane må ha mange fag parallelt, og særleg det første året er det lite valfridom. Venstre vil difor ha meir modulbasert opplæring i vidaregåande, slik at elevane får høve til å konsentrere seg om færre fag av gongen. Difor ønskjer Venstre å redusere andelen fellesfag og auke programfaga.

Fleire som fullfører yrkesfagleg opplæring må få læreplass. Venstre meiner difor det er nødvendig å gje lærebedrifter større fordelar av å ta inn lærlingar. Tilsvarande må det stillast krav til bedrifter til oppfølging av lærlingane. Dette bør skje i samspel mellom utdanningsinstitusjonane og bedriftene. Også staten, fylkeskommunane og kommunane må forplikte seg til å ta imot fleire lærlingar enn dei gjer i dag.

Mange skular som tilbyr yrkesfaglege studieretningar, har ikkje tilgang på moderne utstyr som tilsvarar det elevane vil bruke når dei er lærlingar. Venstre vil difor innføre ei gåveforsterkningsordning der næringslivet kan bidra til å heve kompetansen til dei elevane som skal bli lærlingar gjennom gåver til fylke og skular, og beløpet som blir gjeve utløyser ei tilleggsløyving frå staten. I tillegg ønskjer Venstre å fullfinansiere utstyrsstipendet på linjer der det er behov for særskilt utstyr for å gjennomføre utdanninga.

Venstre vil likestille yrkesfaglege utdanningar som inneber “Full opplæring i bedrift”, der elevane får lærekontrakt frå dag ein i bedrifter, og blir følgde opp av vidaregåande skule og opplæringskontor lokalt, for eit fullverdig fagbrev.

Eit år på folkehøgskule er for mange som går ut av vidaregåande opplæring eit viktig bidrag til læring, modning og medvit rundt framtidige val. Folkehøgskulane er også viktige arenaer for inkludering. Venstre vil oppretthalde dette tilbodet, og er positive til oppretting av nye folkehøgskular med ulike profilar. Vi vil leggje til rette for at folkehøgskular blir brukte i arbeid med å integrere einslege mindreårige, mellom anna som eit alternativ til asylmottak, og gje betre informasjon til minoritetsgrupper om folkehøgskular for å auke rekrutteringa frå denne gruppa.

Venstre vil:

- Innføre ein modulstrukturert vidaregåande skule.
- Innføre fritt skuleval i alle fylke med reisegaranti, og etablere fleire nasjonale spesialiserte tilbod som er tilgjengelege for elevar frå heile landet.
- Styrke djupnelesinga og arbeidet med konsentrasjon gjennom heile skuleløpet, slik at elevane blir studieførebudd.
- Innføre forsøksordningar med nivåinndelingar i fleire fag enn matematikk.
- Behalde ein eigen karakter i sidemål.
- Styrke rådgjevingstenesta på vidaregåande skular.
- Iverksetje målretta tiltak for at fleire fullfører vidaregåande opplæring.
- Gjennomføre ei reform for å gjere yrkesfaga meir praktiske og mindre teoritunge.
- Fjerne arbeidsgjevaravgifta for lærlingar og auke lærlingtilskotet til bedrifter som tek inn lærlingar.
- Sørge for at private bedrifter, kommunar, fylkeskommunar og staten tek inn fleire lærlingar.
- Gjere treparts bransjeprogram til standard for yrkesbasert kompetanseheving.
- Gje oppfølging ved overgangen til vidaregåande undervisning og læreplass for dei elevane som treng det, til dømes i form av moglegheita til eit 11. skuleår før ein byrjar på vidaregåande.
- Arbeide for fleire programfag ved norske skular i utlandet.
- Stanse vilkårlege narkotikarazziaer og ulovleg rustesting i skulen.
- Etablere ei støtteordning for bygging av elevhyblar, slik ein har for studentbustader.

Lærarsatsing

Lærarane er den viktigaste faktoren for å gje alle born ein god skulegang. Fagleg kvalifiserte og personleg eigna lærarar med pedagogisk tryggleik kan utgjere skilnaden på om ein barneskuleelev lærer det som skal til for å meistre overgangen til ungdomsskulen, eller blir hengjande etter på ein måte som er svært krevjande å ta att i tenåra. Venstre vil difor støtte lærarane og skuleleiarane ved å gje dei tillit til å utføre jobben på den måten som passar best på deira skule og for deira elevar.

Alle lærarar må ha moglegheit til å ta nødvendig etter- og vidareutdanning, og dette tilbodet må tilpassast betre til skulesituasjonen enn det

som er tilfelle i dag. Venstre går inn for å lovfeste retten til å få undervisning av kvalifisert personale. Dette er mellom anna viktig for å auke skulane si evne til å motverke reproduksjon av sosiale skilnader. Lærararbeidet må sertifiserast, og Venstre vil også verne undervisningstitlane lærar, barnehagelærar, adjunkt og lektor.

For mange lærarar, barnehagelærarar, adjunktar og lektorar forlet skulen og barnehagen. Dei siste åra har også søknaden til lærarutdanningane gått ned. Venstre tek lærarane sine krav om betre løns- og arbeidsvilkår på alvor, og har som mål å reversere bemanningsproblema i norske barnehagar og skular. Vi vil difor byggje ut satsinga på praktisk-pedagogisk utdanning for å syte for tilgang til fleire fagleg kvalifiserte lærarar med ulik fagleg bakgrunn. I tillegg vil vi bidra til å skape nye karrierevegar som er kopla til aktivitet på skulen, for at ikkje lærarar etter 16 år må forlate klasserommet for å få fagleg påfyll eller høgare løn.

Venstre vil:

- Sertifisere læreryrket og verne titlane barnehagelærar, lærar, adjunkt og lektor.
- Styrke etter- og vidareutdanningstilbodet til lærarane, og sørgje for at tilbodet som blir gjeve er relevant for faga det blir undervist i.
- Innføre kompetansekrav for lærarar i fleire fag i grunnskulen.
- Auke kompetansekrava for lærarane i vidaregåande opplæring.
- Gje lærarar betre tid til å vere kontaktlærarar, og anerkjenne den viktige rolla kontaktlæraren har for å sikre gode og trygge rammer for læringa.
- Byggje opp laget rundt læraren med andre yrkesgrupper slik at ein frigjer meir tid til pedagogiske oppgåver.
- Tilby meir praksis i utdanningsløpet til lærarane, gjennom løpande praksis gjennom heile skuleåret allereie frå første studieår.
- Utvide PPU-ordninga med fleire plassar for å bøte på lærarmangelen og for å ha ein «rask» veg inn i yrket med allereie opparbeidd fagkompetanse.
- Supplere masterkravet til PPU med alternativt krav om to års praksis.
- Jobbe for at inkludering av elevar med nedsett funksjonsevne blir vektlagt i læreplanen for lærarstudentar.
- Auke lærarar si kompetanse om diagnosar og læringsutfordringar som krev tilpassing av det pedagogiske opplegget rundt elevar.
- Utvide ordninga med sletting av studielån for lærarar til å omfatte



- også barnehagelærarar og alle andre med godkjent lærarutdanning.
- Styrke kompetansen på seksuell helse, relasjons-, kjønns- og kulturmangfald i skulen.

Høgare utdanning

Noreg skal vere eit land der moglegheita til å ta høgare utdanning er tilgjengeleg for alle delar av befolkninga. Enten det handlar om å løyse klimakrisa, bidra til berekraftig omstilling, skape nye grønne arbeidsplassar med internasjonal konkurransekraft, førebyggje pandemi eller løyse konflikhtar mellom nasjonar og interessegrupper, er kunnskap, kompetanse og forskning avgjerande verkemiddel. Venstre vil at alle skal ha moglegheit til å ta høgare utdanning, uavhengig av bustad, økonomiske føresetnader og sosial bakgrunn.

Den høgare utdanninga har ei rekkje mål som er viktige for både samfunnet og enkeltindividet. Mellom anna skal ho setje menneske i betre stand til å nå sine eigne mål for karriereutvikling og livskvalitet, bidra til å gje næringslivet tilgang på kompetansen bedriftene har behov for, og gje oss kunnskap til å vidareutvikle samfunnet i ei meir berekraftig retning. At alle studentar får undervisning av høg kvalitet, er avgjerande for å nå alle desse måla.

Venstre vil modernisere opptakssystemet til høgare utdanning, slik at 20 % av studieplassar blir tildelte etter ei meir samansett vurdering enn karaktersnitt aleine. Innanfor denne kvoten bør universitet og høgskular til dømes kunne vekte karakterar frå dei forskjellige faga ulikt i berekinga av gjennomsnittet, samt bruke opptaksprøver og andre metodar for å vurdere søkjarar på eit meir individuelt grunnlag. Det kan også opnast for å prioritere søkjarar på bakgrunn av kjønn der kjønns mangfald er eit viktig og uttalt mål i den aktuelle profesjonen.

Fagskulane har ei nøkkelrolle i å dekkje arbeidslivet sitt behov for ny og endra kompetanse for fagarbeidarar. For å dekkje behovet for høgt kvalifisert fagpersonell i det norske arbeidslivet, og gje fagarbeidarar moglegheit til å styrke sin kompetanse jamleg gjennom heile karrieren, vil Venstre opne for å godkjenne høgare yrkesfagleg utdanning til nivå 8 (tilsvarande doktorgrad) i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (NKR). For at høgare utdanning skal vere tilgjenge-

leg for alle, må studentane sin økonomiske situasjon betrast. Å ha ein deltidsjobb ved sida av studia kan for mange vere ein god måte å skaffe seg yrkeserfaring og ein romslegare økonomi, men det må også vere mogleg å studere på heiltid. Venstre vil difor feste studiestøtta til 1,5 G, auke inntektsgrensa for kor mykje ein student kan tene før stipendet blir redusert, og sikre ordningar som gjev studielån til påfyll av kunnskap og kompetanseheving. Studentar som har eller får born i studietida, bør òg få auka studiestøtte. Studentar med rett på dagpengar bør kunne motta dette også medan dei studerer, og denne støtta bør inngå som ein del av inntektsgrunnlaget deira i Lånekassen.

Undersøkingar av studentar sin helsesituasjon, særleg utviklinga i psykisk helse, gjev grunn til bekymring. Venstre vil sikre Studentsamskipnadene føreseieleg finansiering slik at dei kan tilpasse nivået på helse- og meistringstenestene dei tilbyr etter behovet som finst, og styrke løyvingane til det psykiske helsetilbodet til studentar. For å sikre eit godt og heilskapleg helsetilbod for studentar vil Venstre gjere endringar i fastlegeforskrifta som gjer at studentsamskipnadene kan bli tildelte fastlegeheimel, slik at dei kan tilsetje eigne fastlegar som er forbeholdne studentar.

Det må byggjast langt fleire studentbustader for å dekkje ein større del av behovet, både i dei store byane og på mindre stader med høgskular eller universitet. For å få fart på utbygginga av studentbustader, vil Venstre gje studentsamskipnadene fritak frå kommunal eigedomsskatt, heve tilskotssatsen, differensiere tilskotssatsen etter dei lokale byggekostnadene og gjere studentbustad til eit eige reguleringsføre mål etter plan- og bygningslova. Det bør òg gjevast tilskot til oppgradering av eldre studentbustader. Venstre sitt mål er at det blir bygd minst 3 000 nye studentbustader i året, og at det på sikt blir mogleg å tilby studentbustad til minst 20 prosent av studentane ved alle studiestader i Noreg.

Norske studentar som tek heile eller delar av utdanninga si i utlandet, bidreg med nye perspektiv, oppdatert kunnskap og erfaringar som kan kome heile samfunnet vårt til gode. Venstre vil gjere det enklare å få godkjent ei utanlandsk grad i Noreg, og syte for at alle studentar ved norske universitet og høgskular får moglegheit til å gjennomføre eit utvekslingsprogram.

At studentar frå andre land vel å kome til Noreg er ein ubetinga fordel for både vår eigen kunnskapssektor og for studentane det gjeld. For å tiltrekke oss fleire utanlandske studentar vil Venstre gjeninnføre gratisprinsippet for studentar frå land utanfor EØS, og gjere det enklare å fullføre påbyrja utdanning frå andre land i Noreg.

Venstre vil leggje til rette for at fleire kan ta vidareutdanning og få kunnskapspåfyll gjennom eit langt arbeidsliv. Fleire desentraliserte utdanningstilbod på alle nivå er nødvendig for å lukkast med å utvikle kunnskap, fremje næringsutvikling og gjere det mogleg å skape seg eit godt liv over heile landet. Venstre vil bruke arbeidslivet som utdanningsarena ved å vidareutvikle og styrke bransjeprogramordninga, og gje småbedrifter skattefrådrag for å finansiere vidareutdanning for bedrifta sine tilsette.

Venstre vil:

- Feste studiestøtta til 1,5 G.
- Innføre ein kvote på studieplassane som blir tildelte etter ei meir samansett vurdering enn karakterar aleine.
- Gje studentar fleire sosiale rettar og auka studiestøtte til studerande foreldre.
- Styrke helsetilbodet for studentar.
- Gjere lærarutdanninga meir relevant ved å gje lærarutdannarane meir praksis i skulen.
- Auke talet på studieplassar innanfor særleg innovasjonskritiske fag som naturvitskap, medisin og teknologifag i høgare utdanning.
- Gje små og mellomstore bedrifter skattefrådrag for å finansiere vidareutdanning for bedrifta sine tilsette.
- Gjere det enklare for utanlandskutdanna, både norske og andre, å få jobb i Noreg.
- Gjeninnføre gratisprinsippet for studentar frå land utanfor EØS.
- Sikre at studentar som utdannar seg i utlandet har føreseielegheit i å få utdanninga godkjent i Noreg.
- Integrere den norske høgare fagutdanninga med det europeiske systemet, herunder European Credit Transfer System (ECTS).
- Styrke satsinga på fagskulane og byggje ut høgare yrkesfagleg utdanning til øvste nivå i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket.
- Sikre NOKUT tilstrekkelege ressursar for effektiv rettleiing og for effek-

tivt og jamleg tilsyns- og akkrediteringsarbeid i fagskulesektoren.

- Utvide Y-vegen til å gjelde fleire utdanningsretningar.
- Gje universiteta tilbake mynde til å opprette og avvikle studiestader.
- Gje studentsamskipnadene fritak frå kommunal eigedomsskatt.
- Nytta statlege tomter til nye studentbustader.

Forsking

Noreg treng eit forpliktande kunnskapsløft som skapar føreseielegheit, langsiktigheit og ny giv til forsking og høgare utdanning. For å få fart på teknologiutvikling og innovasjon, og for å lukkast med alle dei omstillingane vi står ovanfor i samfunnet, er vi heilt avhengige av å auke satsinga innanfor dette feltet. Noreg si manglande satsing står i sterk kontrast til utviklinga i EU og nabolanda våre. Samfunnet vårt er avhengig av forsking og teknologiutvikling for å sikre konkurransekraft, verdiskaping og auka produktivitet. Men også for velferda, for tilliten i samfunnet vårt, for eit sterkt demokrati, og for ei brei og kunnskapsbasert samfunnsberedskap. Kunnskapen vi treng, blir best skapt gjennom å hegne om den akademiske fridomen, bruke meir ressursar på forsking, og sikre meir internasjonalt samarbeid.

Kvaliteten i universitets- og høgskulesektoren har gått opp dei siste tiåra. Reformar har både heva kvaliteten og auka talet på publikasjonar, og innskrenka institusjonane sin fridom til å styre og regulere eigen verksemd. Vi meiner at det er viktig å ivareta institusjonane sin fridom, og at denne ikkje kan innskrenkast ytterlegare. Institusjonane må gjevast meir rom og tillit til sjølv å finne dei beste løysingane for å betra studie- og forskingskvaliteten.

Institusjonane sin fridom er grunnleggjande for å ivareta forskinga sin sjølvstende. Den frie forskinga er viktig for å produsere ny kunnskap og betre rekruttering. Dette føreset solide og føreseielege grunnløyvingar til universitet og høgskular. Venstre støttar også opprettinga av fleire private stiftingar og fond for forsking, slik at særleg unge forskarar får fleire finansieringskjelder.

Klimakrisa er vår største globale utfordring, og Venstre vil at neste nasjonale langtidsplan for forsking og høgare utdanning skal kople Noregs klimautslippsmål med norsk forsking og innovasjon.

Kunnskap må gjerast så tilgjengeleg som mogleg for alle. Vi vil gje meir open tilgang til forskingsresultat, slik at både folk og bedrifter kan få tilgang på offentleg finansierte forskingsresultat.

Venstre vil:

- Hegne om den frie forskinga og den akademiske ytringsfridomen.
- Grunnlovsfeste den akademiske fridomen.
- Auke dei statlege løyvingane til grunnforskning.
- Innføre nye modellar og spleiselag for forskning som skjer i samarbeid med bedrifter.
- Bidra til at meir forskning blir kommersialisert til nye bedrifter som skapar jobbar og verdier.
- Fjerne kravet om at alle PhD-studentar må gjennomgå norsk språkopplæring.
- Auke løyvingane til næringsretta forskning i sektordepartementa betydeleg.
- Sikre fleire faste jobbar for forskarar.
- Leggje til rette for fleire finansieringskjelder for norske forskarar, til dømes private fond og stiftingar, gåveforsterkingsordningar og andre tiltak som gjer det meir attraktivt for private å gje økonomisk bidrag til forskning.
- Auke grunnløyvinga til dei sjølvstendige forskingsinstitutta.
- Sikre at norske aktørar framleis kan delta med like konkurransevilkår i EUs rammeprogram.
- Gje tilleggsstøtte til universitet og høgskular slik at tildelte EU-prosjekt blir fullfinansierte.
- Vidareføre Retur-EU som del av grunnløyvinga på eit nivå som sikrar at forskingsinstitutta framleis har moglegheit til å delta for fullt i EUs forskings- og innovasjonssamarbeid i samarbeid med norske verksemder.
- Utgreie modellar for å få meir forskning i næringslivet ved til dømes å etablere forskingsstiftingar i offentleg/privat regi.
- Utvide tilgangen på offentleg finansierte forskingsresultat for folk og bedrifter.
- Sikre musea tilgang til oppdatert og relevant forskingsmaterieil på lik linje med universiteta.
- Opprette eit statleg forskingssenter for alternativ til dyreforsøk.
- Styrke SkatteFUNN-ordninga.

3 Arbeid og velferd

Arbeid gjev økonomisk fridom og moglegheit til å utvikle seg som menneske og medborgar. Gjennom arbeid bidreg vi til fellesskapet og til eigen og andre sin velstand. For mange er arbeidsplassen det viktigaste fellesskapet vi deltek i, utanfor familien. Fordi det i åra framover vil bli mangel på arbeidskraft, må vegen inn i arbeidslivet bli så enkel som mogleg. Samstundes må vi syte for å ha eit godt velferdstilbod med eit sosialt tryggingnett for dei som av ulike årsaker fell utanfor eller ikkje har moglegheit til å delta fullt ut i arbeidslivet.

Arbeidsliv

Ei av dei største utfordringane i dagens arbeidsliv er utanforskap. Altfor mange blir ståande utanfor arbeidslivet, sjølv om dei er arbeidsføre og ønskjer å bidra. Venstre vil kjempe for eit trygt og fleksibelt arbeidsliv som er tilpassa ulike behov og dermed gjev plass til fleire.

Arbeidstakarar skal vernast mot useriøse arbeidsgjevarar. For å oppnå dette er det behov for både sterke fagforeiningar og eit lovverk som sikrar gode løns- og arbeidsvilkår for alle som jobbar i Noreg. Det er særleg viktig for å verne dei som blir utsette for sosial dumping i arbeidslivet, fordi dei i mange tilfelle ikkje har ei fagforeining å støtte seg på.

Samarbeid og konfliktløysing mellom partane i arbeidslivet har bidrege til at Noreg har eit lågare konfliktnivå om lønsforhandlingar og andre arbeidsvilkår enn andre land. For at trepartssamarbeidet mellom stat, arbeidsgjevar og arbeidstakar skal fungere godt, er det viktig at arbeidstakarar har fridom til å organisere seg i dei fagforeiningane dei ønskjer å vere medlem i. Samstundes er det viktig å verne om dei ikkje-organiserte sine rettar.

Arbeidslivet er stadig i endring. Stadig fleire arbeidstakarar ønskjer større påverknad over sin arbeidskvardag. Ny teknologi gjer det mogleg for stadig fleire å jobbe heimanfrå, og dermed oppnå ein meir fleksibel arbeidskvardag. Dagens arbeidsmiljølov er lite tilpassa eit slikt



arbeidsmarknad, og Venstre vil difor justere arbeidsmiljølova for å gje auka fleksibilitet for både arbeidstakarar og arbeidsgjevarar og redusere barrierar mot eit meir stadsnøytralt arbeidsliv. Vi vil også oppdatere yrkesskadelovgjevinga slik at skader i samband med arbeid utanfor arbeidsplassen blir dekte. Fleire offentlege stillingar bør lysast ut utan krav til fysisk nærvær på eit gjeve geografisk område.

Det er viktig for eit trygt og godt arbeidsliv at arbeidstida si lengde er regulert. Hovudregelen om tillaten arbeidstid per dag og veke bør liggje fast. Fleire yrker og sektorar har likevel behov for ein større fleksibilitet enn det dagens arbeidsmiljølov opnar for. Dette gjeld til dømes arbeidsplassar der langvakter kan vere gunstig, eller der aktivitetsnivået er konjunktur- og sesongbasert. Venstre ønskjer å behalde dagens ordning med at avvik frå arbeidsmiljølova må forhandlast fram i tariffavtalar, men utvide adgangen til å inngå slike avtalar lokalt på den enkelte arbeidsplass. Vi vil òg modernisere dagens regelverk når det gjeld moglegheit til å dispensere frå hovudregelen og sjå arbeidstida samla over ein lengre periode (såkalla gjennomsnittsberekning).

Faste tilsetjingar skal vere hovudregelen i det norske arbeidslivet. I ein del tilfelle er det likevel behov for å tilsetje menneske mellombels, til dømes i samband med nyetableringar, omstillingar og innovasjonsprosjekt. For mange vil dette også kunne fungere som ein inngangsport til arbeidslivet, særleg for grupper som har utfordringar med å få innpass.

Venstre meiner difor at det bør gjeninnførast ein generell adgang til mellombels tilsetjing, under strenge vilkår. Arbeidstakaren sin rett til fast stilling etter å ha vore mellombels tilsett bør intrefte etter to år i staden for dagens regel om tre år.

Venstre ønskjer eldre velkomne til å stå lengre i arbeidslivet. Vi ønskjer å mjuke opp avgrensingane mellom anna knytte til aldersgrense i sjukeordninga, opptening av alderspensjon og oppseiingsvern, slik at eldre arbeidstakarar ikkje mister rettar ved å stå lengre i jobb. Ordninga med «pensjonistlønn» og andre reglar for avkorting av pensjon som følge av lønsarbeid bør gjennomgåast med tanke på å gjere det meir attraktivt å stå lengre i jobb. Som hovudregel skal ikkje pensjonistar få avkorting av pensjon dersom dei har arbeidsinntekt. Særaldersgrenser bør som

hovudregel leggjast på bestemte oppgåver, og ikkje heile sektorar eller yrkesgrupper.

Alt arbeid skal skje innanfor lovlege rammer. Då må det vere enkelt å drive seriøst og arbeidslivskriminalitet må bekjempast. Venstre vil gjere det så enkelt og trygt som mogleg for varslarar å stå fram om lovstridige eller uetiske forhold i arbeidslivet. Offer for arbeidslivskriminalitet blir ofte utsette for lønsstjuveri, risikofyllt arbeid og innkvartering i helsefarlege bustader. I tråd med at kriminaliteten blir stadig meir kompleks, må innsatsen styrkjast og profesjonaliserast.

Venstre vil:

- Opne for meir bruk av lokale forhandlingar om arbeidstid.
- Utgreie korleis ein kan lage avtalar om individuelle tidskontoar for å leggje betre til rette for fleksible arbeidstidsløyningar.
- Bekjempe alle former for aldersisme (aldersdiskriminering), som hindrar gode liv, aktiv samfunnsdeltaking og deltaking i arbeidslivet.
- Utvikle eit handlingsprogram for å behalde og rekruttere arbeidstakarar over 55 år.
- Motarbeide ufrivillig deltid, samstundes som medarbeidarar med redusert arbeidsevne og andre som ønskjer det, får tilbod om deltidstillingar.
- Jobbe for å redusere unødvendige kvalifikasjonskrav i offentlege stillingsutlysingar.
- Gjennomgå regelverket for fjernarbeid for å gjere det meir tilpassa dagens moglegheiter til heimekontor m.m.
- Gjeninnføre adgang til innleige ved arbeid av mellombels karakter og leggje til rette for at regelverket ikkje hindrar konsulent- og rådgjevarnæringa i å tilby sine tenester.
- Innføre ein generell adgang til mellombels tilsetjing og gje rett på fast stilling etter to år som mellombels tilsett.
- Forenkle og avbyråkratisere arbeidsmiljølova. Ei slik forenkling må sikre meir fleksibilitet og færre reguleringar, særleg for bedrifter med mindre enn 10 tilsette.
- Redusere barrierar for unges deltaking i arbeidsmarknaden, ved å liberalisere lovverket som særleg hindrar unges yrkesutøving.
- Oppheve det geografiske forbodet mot innleige i byggjebransjen.

- At særaldersgrenser skal knytast til oppgåver, ikkje yrkesgrupper.
- Styrke tilsette sin rett til å logge av etter arbeidstid.
- Styrke arbeidet med å bekjempe arbeidslivskriminalitet, slik at fleire forhold blir avdekte og får konsekvensar.

Velferd

Det viktigaste vi kan gjere for å sikre eit berekraftig og solid velferds-samfunn for framtida, er å gje fleire moglegheita til å delta i arbeidslivet. Mangel på rett kompetanse og helseutfordringar er to av dei viktigaste årsakene til at folk står utan jobb. Altfor mange personar med funksjonsnedsetjing og kronisk sjukdom eller deira pårørande står ufrivillig utanfor arbeidslivet. Sjølv om mange av desse er godt kvalifiserte, kan dei møte barrierar som manglande tilrettelegging, haldningar og arbeidsgjevarar som manglar kunnskap om og tryggleik for å tilsetje. For at fleire skal kvalifisere seg til arbeid, vil Venstre gjere det enklare å kombinere deltidsarbeid og studiar, og samarbeide med partane i arbeidslivet om kvalifiserande tiltak.

For å gje fleire med helseproblem moglegheita til å arbeide, vil Venstre vidareføre ordninga med gradert uføretrygd og jobbe for at det skal bli enklare å kombinere deltidsarbeid og arbeid som sjølvstendig næringsdrivande med trygdeytelser. Lønstilskot til bedrifter som tilset unge arbeidsledige og personar med funksjonsnedsetjing kan også bidra til at fleire får moglegheiter i arbeidslivet. Venstre vil behalde grensa på 3 år for å motta arbeidsavklaringspengar (AAP), men framleis gje moglegheit for utviding viss avklaringa ikkje er fullført samt utvide adgangen til opptrapping innanfor ordninga.

Sjukfråvær kan vere ei stor belastning både for dei som er sjuke, for arbeidsgjevar og for samfunnet. Noreg har både verdas mest generøse sjukelønsordning og verdas høgaste sjukfråvær. Difor vil Venstre gjennomføre endringane som vart føreslått av Sysselsettingsutvalts ekspertgruppe. Venstre meiner ei slik omlegging av systemet for sjukmeldingar vil kunne styrke arbeidslinja, auke verdiskapinga, inkludere fleire i arbeidslivet og førebyggje utanforskap. Sjukepengesatsen skal som i dag vere 100 prosent for alle, men berre dei første seks månadene av sjukmeldingsperioden. Ved 100 prosent sjukmelding blir satsen sett ned til 80 prosent etter seks månader. Ved bruk av gradert

sjukmelding vil satsen forbli 100 prosent i inntil 12 månader. Venstre ønskjer vidare at arbeidsgjevar får eit medfinansieringsansvar gjennom heile sjukeforløpet, men at satsen blir sett slik at den totale belastninga for arbeidsgjevar ikkje aukar. Skjermingsordninga for småbedrifter i sjukelønssystemet bør utvidast og tilpassast den nye ordninga.

Venstre vil:

- Auke og utvide bruken av lønstilskot, gjere det enklare å kombinere arbeid med uføretrygd og andre ytelser, slik at fleire får brukt restarbeidsevna si i arbeidslivet.
- Setje ned eit offentleg utval for å gjennomgå ordningane med arbeidsavklaringspengar og uførestønad med hensikt å gjere det enklare, meir fleksibelt og meir lønsamt å kombinere stønad med arbeid.
- Fjerne urimelege krav om tilbakebetaling av trygd for personar som kjem tilbake i arbeidslivet.
- Fjerne avkortingsregelen for uføretrygd for dei som er innlagde i institusjonar for rus eller psykisk helse.
- At menneske på uføretrygd skal kunne tene 1G (grunnbeløp) i tillegg til uføretrygd utan at dei mister uføretrygd.
- Redusere behovet for supplerande økonomisk sosialhjelp gjennom høgare minstesatsar i statlege ytelser.
- Heve minstesatsen på arbeidsavklaringspengar for unge mellom 18 og 25 år til same nivå som andre aldersgrupper. Slik at desse ungdommane får ei reell moglegheit til å bli friske og kome tilbake til arbeid og utdanning.
- Reformere sjukelønsordninga etter modell føreslått av ekspertgruppa til Sysselsettingsutvalet 2019, men utvide og styrke skjermingsordninga for kronisk sjuke slik at den dekker fleire og at grupper som er særleg utsette for høgt sjukfråvær automatisk blir dekte.
- Utvide og forbetre forsikringsordninga for små bedrifter sjukepenge-kostnader, slik at fleire bedrifter kan kvalifisere og premien blir gjort risikobasert for å løne godt førebyggjande arbeid.
- Auke delen VTA-O-plassar slik at fleire personar med funksjonsnedsetjingar kan få moglegheiter til varig tilrettelagt arbeid i ordinært arbeidsliv.
- Gjennomgå handhevinga av diskrimineringslova, med mål om at fleire

med funksjonsnedsetjing blir kalla inn til jobbintervju.

- Stille krav til universell utforming av arbeidsplassar og IKT-system i likestillings- og diskrimineringslova.
- Opprette eit sosialt investeringsfond med særskilt ansvar for å førebyggje utanforskap og bidra til arbeidsinkludering.
- Sikre at universell utforming er eit grunnleggjande krav i alle offentlege anbod.
- Sørge for at hjelpemiddel framleis er heimla i folketrygda, redusere saksbehandlingstida og sikre fullgod tilgang til akutt-reparasjon av hjelpemiddel.
- Fjerne det statlege bidraget til AFP-ordninga i privat sektor, og la det vere opp til partane å avtale og sjølv fullfinansiere ei slik ordning.
- Forenkle rapportering av inntekt for dei som mottar trygdeytelser.

Nav

Nav skal vere eit tryggingsnett for folk som i kortare eller lengre periodar har behov for økonomisk støtte frå fellesskapet. Nav arbeider også med dei som er varig utanfor arbeid eller utdanning. Denne gruppa er diverre i vekst. Særleg bekymringsfullt er det at stadig fleire unge blir uføre. Det er viktig at alle får ein sjanse til å delta i arbeidslivet, også i tilfelle der det trengs mykje tilrettelegging.

Mange familiar med barn har samansette problem og bruker mykje tid og krefter på å forhalde seg til Nav, skule, barnevern og ulike delar av helsevesenet. Det trengs mykje betre samarbeid og samordning, og det trengs stor vekt på førebyggjande arbeid. Nav må opne seg opp, arbeide heilskapleg og vri arbeidet meir mot sosialt arbeid. Nav må inkludere barneperspektivet i saker om økonomisk støtte til barnefamiliar. Barn og unge må få moglegheita til å delta i fritidsaktivitetar og andre fellesskap, uavhengig av familien sine økonomiske føresetnader.

Venstre vil:

- At både den statlege og den kommunale delen av Nav i større grad tek i bruk heile verkemiddelapparatet for å hjelpe folk til aktivitet og eit betre liv.
- Betre samarbeid mellom Nav, helsevesenet og arbeidsgjevar, slik at det ikkje ligg på den sjuke å koordinere informasjon mellom partane.
- Gje Nav lokal handlefridom til å teste ut arbeidsorientert uføretrygd i

- samarbeid med lokale arbeidsgjevarar, bl.a. ved å gje tilskot til løn.
- At Nav tilset heilskapskoordinatorar som kan hjelpe familiar med samansette problem uavhengig av yting.
 - Gjere dei lokale Nav-kontora meir tilgjengelege.
 - Forenkle språket i brev som Nav sender ut slik at folk forstår kva som står der.
 - Forenkle ordningane i Nav, bl.a. gjennomgå regelverk og system knytt til utbetalingar frå Nav med mål om å slå saman utbetalingsdatoar.
 - Auke kjennskapen og tilgjengelegheita til den økonomiske rådgjevingstenesta i Nav.
 - Styrke Navs arbeidsformidling retta mot menneske over 55 år.
 - At Navs digitale tenester også skal gjelde for barn og unge under 18 år som mottar sosialstønad.
 - Styrke tryggleiken for dei som jobbar i Nav.

Sosial bustadpolitikk

Å ha ein stad å bu er grunnleggjande for tryggleik, velferd og fridom. Venstre vil ha ein bustadmarknad som er meir tilgjengeleg for nyetablerte utan arv og formue. Vi vil byggje fleire bustader tilpassa førstegongskjøparar slik at fleire har moglegheit til å kome inn på bustadmarknaden.

Nokre har større vanskar på bustadmarknaden enn andre, anten på grunn av helse, fattigdom eller fordi dei er i ein livsfase der dei har spesielle behov. Difor treng vi ein sosial bustadpolitikk. Venstre vil syte for at Husbanken har tilstrekkelege lånerammer for startlån og bustøtte for vanskelegstilte på bustadmarknaden, og at kommunane har gode rammer for tilpassa bustader for folk med funksjonsnedsetjingar, folk med rusproblem og/eller psykiske lidingar, flyktingar og andre. Vi vil også leggje til rette for fleire bustadkjøpsmodellar som leige-til-eige, ettersom det gjev lettare tilgang til bustadmarknaden for enkelte grupper. I tillegg vil vi tydeleggjere rettane til leigetakarar blir sikra, og auke tryggleiken for familiar i leigemarknaden.

Det viktigaste tiltaket for å sikre ein god busituasjon for alle, inkludert utsette grupper, er at den ordinære bustadmarknaden fungerer best mogleg. Press i bustadmarknaden gjer det vanskeleg å etablere seg, og smittar over i leigemarknaden. Ein pressa leigemarknad går særleg

utover dei svakaste. I dag blir det bygd for få bustader i mange av dei store byane. Det er først og fremst eit lokalt ansvar å regulere nok nye bustader, men det er viktig at den nasjonale politikken støttar opp under behovet for bustadbygging. Venstre vil gå gjennom nasjonale krav som vanskeleggjer bustadbygging i byar, mellom anna skjerpa krav til godkjende tiltak mot støy og tekniske krav som gjer onfil, infil og ombygging av næringsbygg krevjande å få til. Venstre vil også sikre ein meir restriktiv og føreseieleg innsigelsespraksis frå nasjonale styresmakter i saker som ikkje gjeld viktige naturverdiar.

Det blir sett i gang for få bustadprosjekt i Noreg, særleg i dei store byane. Det bidreg til høgare bustadprisar. Ei årsak til det er at reguleringar set høge krav til førehandssal før utbyggjarar får byggjelån. Venstre vil bruke garantiar og lån frå Husbanken for at bustadprosjekt i område der bustadbygginga ikkje held tritt med etterspørselen blir sette i gang raskare, med noko lågare førehandssal.

Venstre vil fjerne dokumentavgifta og eigenkapitalkravet for førstegongskjøparar slik at det blir enklare for unge å kome inn på bustadmarknaden.

Venstre vil:

- Auke låne- og tilskotsrammene til Husbanken, og rette meir av dei bustadpolitiske verkemidla mot tiltak som bidreg til å auke tilbodet av bustader.
- Leggje til rette for fleire bustadkjøpsmodellar som leige-til-eige.
- Gjennomgå husleigelova og tilpasse byggjeforskrifter for å gjere det meir attraktivt å byggje leigebustader samstundes som det blir tryggare å vere leigetakar.
- Syte for fleire tilrettelagde bustader for menneske med funksjonsnedsetjingar og andre grupper med særskilde behov.
- Gjere det enklare å få tidleg tildeling av studieplass for studentar som treng tid for å skaffe tilpassa bustad i ein ny kommune.
- Fjerne eigenkapitalkravet for førstegongskjøparar og fase ut BSU-ordninga.
- Auke utgiftstaket i bustøtteordninga slik at det i større grad samsvarar med det faktiske utgiftsnivået for husstandstypen og kostnadsnivået i den aktuelle kommunen.

Integrering

Arbeidsinnvandring er eit gode både for dei som får moglegheit til å skape seg eit nytt liv i eit anna land, og for samfunnet som får tilgang på arbeidskraft og kompetanse det treng. Deltaking i arbeidslivet er dess-utan det viktigaste verkemiddelet for integrering av menneske som kjem til Noreg som flyktningar eller asylsøkarar. Venstre vil difor vidareføre dagens satsing på integrering gjennom arbeidsdeltaking, og opne det norske arbeidslivet for grupper som i dag står utanfor.

Noreg har i fleire tiår vore avhengig av, og nytt godt av, å vere del av det europeiske systemet der det er mogleg å busetje seg der ein sjølv ønskjer. I dag ser vi likevel at arbeidsinnvandringa frå EU- og EØS-landa avtek. For å sikre at vi også i framtida skal ha tilgang på kompetansen og arbeidskrafta vi treng, ønskjer Venstre å utvide adgangen til at statsborgarar frå land utanfor EU og EØS enklare skal få moglegheita i det norske arbeidsmarknaden og samfunnet.

Å lære seg norsk er avgjerande for å bli ein del av arbeids- og samfunnsliv. Mange, særleg arbeidsinnvandrarar, får til trass for dette ikkje norskopplæring i dag. Venstre vil difor betre moglegheita til norskopplæring også for dei som i dag ikkje kjem under integreringslova, typisk arbeidsinnvandrarar og familieegjenforente. Ein måte å gjere dette på, er å innføre ei prøveordning der arbeidstakar, arbeidsgjevar og staten går saman om å dekke kostnaden for deltaking på modulbasert norskopplæring eller eit tilpassa introduksjonsprogram.

Ei utfordring for alle innvandrarar er å få tilstrekkeleg og god nok informasjon om kva rettar og plikter ein har i Noreg og i norsk arbeidsliv. For å tilgjengeleggjere denne informasjonen ønskjer vi å utvikle ein nasjonal rettleiar for korleis ein på best måte kan ta imot arbeidsinnvandrarar og deira familiar.

Mykje av integreringa skjer i møte med menneske, og frivilligheita spelar ei stor rolle i dette arbeidet. Venstre ønskjer difor å styrke tilskotsordninga til integreringsarbeid i regi av frivilligheita. Vi vil også styrke dei statlege områdesatsingane og samarbeidet mellom stat og kommunar om integreringsarbeid, særleg der det er aukande integreringsutfordringar.

I eit liberalt land er det viktig å stille krav til dei vi gjev opphald. Det skal vere eit tydeleg krav om å respektere norsk lov, t.d. når det gjeld likestilling, skeive sine rettar og kvinnesyn. Difor må vi gje fleire enn dei som er omfatta av introduksjonsprogrammet tilbod om norskopplæring og kunnskap om det norske samfunnet.

Venstre vil:

- Innføre eit hurtigspor for behandling av søknader om arbeidstillatelse frå ekspertar og fagfolk frå land utanfor EU og EØS.
- La studentar frå land utanfor EU og EØS som har studert i Noreg få jobbe i inntil eitt år på studentvisum slik at dei kan kome raskt inn i arbeidslivet.
- Gjere det enklare for utanlandske arbeidstakarar som skattar i Noreg i over 6 månader i året, å melde flytting til Noreg og få fødselsnummer, og sikre personar med D-nummer tilgang til Bank-ID.
- Redusere saksbehandlingstida for familiegjenforening kraftig, også for norske statsborgarar som flyttar til Noreg saman med ein utanlandsk partner.
- Redusere krava til opphaldstid for personar gift, registrert partner eller sambuar med norsk statsborgar for å oppnå statsborgarskap.
- Innføre ei ordning med kjærastvisum som gjev norsk-utanlandske par moglegheita til å bu 12 månader saman i Noreg.
- Gjere generell helseopplysning lettare tilgjengeleg på fleire språk, både digitalt og fysisk.
- Gje papirlause arbeidstillatelse og tilgang til helsehjelp.
- Styrke dagens tilskotsordning til integreringsarbeid i regi av frivilligheita.
- Lage ei eiga integreringsperspektivsmelding etter modell frå perspektivmeldinga.
- Ta initiativ til ei kvalitetsreform for vaksenopplæringsskolar og senter med mål om å heve kvaliteten i språkopplæringa og grunnskuleutdanninga.
- Gje fleire innvandrarar tilbod om norskopplæring gjennom å utvide dagens klippekortordning som gjev eit opplæringstilbod til dei som ikkje deltek i introduksjonsprogrammet.
- Leggje til rette for at fleire vaksne innvandrarar tek fagbrev gjennom modulbasert opplæring.
- Lage forsterka handlingsplan for å hindre negativ sosial kontroll og

for å motverke parallelle samfunn.

- Auke bruken av tolk i det offentlege og unngå at foreldre med avgrensa norskkunnskapar bruker skuleborn som tolk.
- At einslege mindreårige asylsøkarar skal vere under barnevernstene-
sta sitt ansvar fram til fylte 18 år med medfølgjande etterverntilbod til
fylte 25 år.
- At born som søker asyl skal få rett til barnehage og vidaregåande
opplæring på linje med grunnopplæring.
- Bidra til framleis spreidd busetting av flyktningar ved å gje sterkare
insentiv til distriktskommunar for å busetje fleire og gjere det meir
attraktivt å bli buande, samt vurdere ytterlegare tilskot til kommunar
med stor sekundærbusetting. I tillegg bør det også vurderast å for-
lengje tidsperioden for kor lenge flyktningar kan søkje om sekundær-
busetting utover dagens grense på fem år.
- Gjennomgå og forsterke ordninga som gjer at flyktningar som blir
busette utanfor storbyane har nok insentiv til å bli buande.
- Ikkje busetje flyktningar i levkårsutsette område, eller i bydelar og
område i kommunar med høg del av befolkning som ikkje har norsk
som morsmål.
- Gjennomføre ei heilskapleg busettings- og skulestrukturereform slik
at skular i Noreg ikkje har ei samansetjing kor eit overveldande fleirtal
av elevar ikkje har norsk språk som morsmål.



4 Helse og omsorg

Helsetenestene står overfor store utfordringar i åra som kjem. Kombinasjonen av fleire eldre og færre i arbeidsfør alder vil setje tenestene under sterkt press. Det vil difor bli nødvendig å auke den samla ressursbruken til helse og omsorg framover. Samstundes må vi bruke ressursane mest mogleg effektivt, ta i bruk ny teknologi i stor skala og tenkje nytt om organisering og samarbeid mellom private, frivillige og offentlege tenester. Vi må førebyggje sjukdom der det er mogleg, og vi vil syte for at alle tiltak i heile breidda av tenester og innan det førebyggjande arbeidet er basert på solid forskning.

Venstre vil ha ei sterk offentleg helseteneste. Samstundes meiner Venstre at frivillige og private aktørar kan vere eit viktig supplement for å sikre valfridom og gje folk tenester som utfyller det offentlege tilbodet og bidreg til mangfald og nyskaping. For å få fagfolk til å stå i jobb i den offentlege helsetenesta, må vi først og fremst syte for å gje helsepersonell i offentlege tenester fagleg handlingsrom og gode rammer.

Investeringar i og ressursbruk på helse kan vere eit effektivt verktøy for å løyse samfunnsutfordringar på andre område og auke den samla verdiskapinga. Det gjeld ikkje minst innanfor helseforskning, helseinnovasjon, nye behandlingsmetodar, internasjonalt samarbeid og ny helseteknologi.

Mange familiar kan ha store omsorgsoppgåver som pårørande. Vi må tenkje nytt og gje rom for å prøve ut nye modellar som gjer det lettare for pårørande å stå i omsorgsoppgåver for sine næraste over tid. Venstre vil sikre at rehabiliteringstenestene blir styrka slik at fleire kjem raskt tilbake til livet etter sjukdom eller skade.

Førebygging

Alle menneske har sjølv ansvaret for si eiga helse. Samstundes bidreg livsstilssjukdommar til å leggje press på dei offentlege budsjetta, og gjev folk lågare livskvalitet enn dei elles ville hatt. For Venstre handlar folkehelsearbeidet om å innrette samfunnet slik at folk lettare kan halde seg sjølv friske, og ikkje lage samfunn som gjer folk sjuke. Mesteparten

av det førebyggjande arbeidet skjer best i andre sektorar enn helse- og omsorgstenestene. Det dreier seg om eit breitt spekter av tiltak retta mot t.d. kosthald, fysisk aktivitet, røyking, ulukker, vald og psykiske utfordringar, særleg blant unge.

Ein av dei største trugslane mot god folkehelse er fedme. Fedme gjev auka risiko for ei lang rekkje sjukdommar, noko som er ei stor belastning for den enkelte og for helsetenestene. Venstre meiner difor overvekt og fedme må handterast på samfunnsnivå, ikkje berre på individnivå. Dette kan mellom anna skje gjennom meir fysisk aktivitet i skulen, utvikling av lokalsamfunn der det er hyggeleg og trygt å bevege seg til fots eller på sykkel og opplysningsarbeid innan kosthald og fysisk fostring.

Venstre vil:

- Finansiere meir forskning på førebygging slik at tiltaka mot uhelse treffer best mogleg.
- Stille krav om at det blir teke omsyn til folkehelse i kommunane sitt reguleringsarbeid.
- Gjennomgå avgiftssystemet for mat med sikte på å gjere frukt og grønt billegare og usunn mat dyrare.
- Styrke helsestasjonane sin evne til å fange opp barn og familiar som har utfordringar med tilknytning, ernæring, søvn eller andre ting som går utover helsa deira.
- Arbeide for at fysisk aktivitet i langt større grad blir brukt i behandling og førebygging.
- Førebyggje og trappe opp forskinga på muskel- og skjelettlidingar.

Bemanning og utdanning

Helse- og omsorgstenestene vil møte store utfordringar med å skaffe tilstrekkeleg bemanning i tida som kjem. Det trengs auka og endra utdanningskapasitet for helsepersonell for å møte behovet for meir kvalifisert arbeidskraft i framtida. For å rekruttere og behalde tilsette i helse- og omsorgstenestene må dei tilbys konkurransedyktige løns- og arbeidsvilkår.

Venstre vil organisere tenesteutøvinga slik at vi ikkje sløser med kompetanse, men bruker rett person til rett oppgåve. Dette kan innebere at enkelte oppgåver kan utførast av personell med annan kompetanse.

Det er behov for ei gjennomgang av lovverk som kan vere til hinder for nyskaping i tenestene.

Det må gjerast meir for at arbeidstakarar som nærmar seg pensjonsalder framleis skal ønskje å bidra med sin kompetanse og arbeidskraft. For mange distriktskommunar er det krevjande å rekruttere tilstrekkeleg tilsette til å tilby tenestene befolkninga deira har krav på.

Frivilligheita spelar ei viktig rolle i det norske helse- og omsorgssystemet, og kan både frigjere kapasitet for fagutdanna og tilby eit omsorgsnivå som går utover det lovpålagde. Venstre vil leggje til rette for meir bruk av frivilligheita i samarbeid med det offentlege tenestetilbodet der det er tenleg.

Venstre vil:

- Satse meir på kvalifisering av eksisterande personell i helsetenestene.
- Gje meir målretta, jobb-nær opplæring og etterutdanning.
- Forenkle dokumentasjonskrav og i staden ha fleire kvalitetsindikatorar.
- Ettergje delar av studielånet for helsepersonell som tek arbeid i distriktskommunar.
- Gjennomgå helsetenestelovene for å gjere det mogleg med ei meir tenleg arbeidsdeling mellom faggruppene.
- Forsterke dei desentraliserte utdanningsløpa i legeutdanninga.
- Stimulere eldre til å stå lenger i jobb ved mellom anna å la eldre arbeidstakarar få delta i kompetanseutvikling og tilby deltidsstillingar med avgrensa oppgåver.
- Arbeide for å harmonisere spesialiseringsløp for legar i Norden.
- Auke talet studieplassar på medisinstudiet.
- Sikre kandidatmåltal for utdanning av helsesjukepleiarar.
- Auke grunnbemanninga i delar av helsetenesta.

Fastlegar

Fastlegeordninga er grunnmuren i eit godt helsevesen. På sitt beste sikrar ordninga eit stabilt forhold til ein kompetent fastlege, og dette langvarige forholdet gjev helsegevinstar for pasienten. Ordninga har likevel vakla dei siste åra, og vore prega av underfinansiering, slitne

fastlegar, sviktande rekruttering og lister utan lege. Mange stader har det ikkje vore mogleg å byte lege. I nokre kommunar har vaktbelastninga vore for stor. Viss fastlegen manglar, aukar presset på spesialisthelsetenesta, og vi risikerer å få meir fragmenterte helsetenester der det blir større forskjell på folk som har ressursar til å navigere i systemet og dei som ikkje har det. Venstre vil difor sikre fastlegeordninga.

Venstre vil:

- Ha ei god finansiering av fastlegeordninga.
- Utvide ALIS-ordninga (Allmennlegar i spesialisering) slik at det blir lettare å starte som fastlege.
- Tilby både kommunale stillingar og heimlar med næringsdrift.
- Avgrense vaktbelastninga til fastlegane.
- Leggje til rette for at andre yrkesgrupper (AKS-sjukepleiarar) kan ta over fleire arbeidsoppgåver frå fastlegen.

Kvinnehelse, kjønn og seksualitet

Venstre meiner vi treng ein heilt annan systematikk i arbeidet med kvinnehelse. Det må setjast av pengar til kvinnehelse i forskning, folkehelsepolitikk og behandling, og kvinnehelse må inn i rammeplanane for helsefagutdanningane.

Det er krise i føde- og barseltilbodet mange stader. Venstre vil difor utdanne fleire jordmødrer og prioritere tiltak som bidreg til å behalde dei som jobbar i det offentlege helsevesenet. Jordmødrer er våre beste fødselshjelparar og bør konsentrere innsatsen nær kjerneoppgåvene. Venstre vil få på plass ei betre, meir samanhengande og heilskapleg svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg.

Retten til sjølvbestemt abort er ein viktig og hardt tilkjempa rett. Det er kvinna som skal bestemme om ho vil bere fram barn. Difor vil Venstre utvide retten til sjølvbestemt abort til veke 18, og sikre adgangen til god rådgiving og oppfølging.

Kvinner med minoritetsbakgrunn er særleg utsette i samband med graviditet og fødsel. Venstre vil difor tilgjengeleggjere informasjon om seksuell og reproduktiv helse på fleire språk.

Det er behov for eit kompetanseløft for kvinners hormonelle helse. Helseproblem knytte til overgangsalderen kan vere ein av årsakene til at mange kvinner i 50-åra fell utanfor arbeidslivet. Desse plagene kan også forverre livskvalitet og kvinners fridom. Mange kvinner kan få god hjelp av hormonbehandling, og dette bør difor tilgjengeleggjerast for fleire.

Transpersonar og ikkje-binære slit meir med dårlegare levekår knytte til mellom anna psykisk helse, livstilfredsheit og erfaringar med diskriminering samanlikna med den øvrige befolkninga. Venstre meiner dette er ei utfordring som må takast på alvor. Venstre vil difor jobbe for eit mest mogleg kjønnsnøytralt og inkluderande lovverk som også sikrar transpersonar og ikkje-binære sine rettar.

Venstre vil:

- Prioritere kvinnehelse i forskning, helsefagutdanning og folkehelsearbeidet.
- Styrke fødsels- og barselomsorga, blant anna ved å tilby svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg i ein heilskapleg omsorgsmodell med kontinuitet og meir valfridom.
- Gje alle kvinner/nye foreldre tilgang til gratis fødsels- og foreldreførebuing kurs.
- Arbeide for å få slutt på praksisen med sommarstenging av fødeinstitusjonar.
- At alle kvinner skal ha rett til å ha partner med under fødsel.
- Anerkjenn ammeveiledning som naudstynt helsehjelp.
- Leggje til rette for fleire delte stillingar mellom kommunar og sjukehus for jordmødrer, slik at familiar kan følgjast av same jordmor før, under og etter fødsel.
- Oppretthalde sjølvbestemt abort fram til veke 18.
- At retten til sjølvbestemt abort blir inkludert i retten til å bestemme over eigen kropp og blir anerkjent som ein menneskerett.
- Gje personar med endometriose, adenomyose og vulvasmerter god behandling raskare, og innføre nasjonale faglege retningslinjer som sikrar lik behandling i heile landet.
- Innføre nasjonale retningslinjer for rask utgreiing og oppfølging etter spontanabort.
- Utarbeide ei eiga stortingsmelding om kvinnehelse, bygd på Kvinnehelseutvalets arbeid.

- Auke kunnskapen om overgangsalder og arbeidsliv.
- Utvide moglegheita for blå resept eller individuell refusjon i samband med hormonbehandling i overgangsalderen.
- Styrke kontakt og samarbeid mellom norske og internasjonale forskings- og behandlingstinstitusjonar innan kvinners hormonelle helse.
- Opprette eit forskingsrådprogram på kvinnehelse.
- Sikre kompetanse på kjønns mangfald i primærhelsetenesta slik at dei kan følgje opp hormonbehandling.
- Jobbe for lik rett til helsehjelp uavhengig av kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.
- Styrke dei Regionale Sentra for Kjønnsinkongruens slik at dei kan gje behandling i tråd med Bufdir og Helsedirektoratets tilrådingar.
- Utarbeide ein nasjonal kompetanseplan for å styrke kunnskap om seksuell og reproduktiv helse, samt kjønns- og relasjons mangfald, i primær- og spesialisthelsetenesta.
- Gjennomføre eit kompetanseløft innan hormonell helse både i grunn- og vidareutdanninga av helsepersonell i primær- og spesialisthelsetenesta.
- Få transhelse inn i rammeplanane for helsefagutdanningane.
- Etablere eit nasjonalt screeningprogram for prostatakreft og styrke informasjonen til menn om risikofaktorar og symptom.
- Nedsetje eit Mannshelseutval.

Psykisk helse

Ei god psykisk helse er like viktig som god fysisk helse. Psykisk sjukdom og uhelse er eit aukande problem, særleg blant ungdom. Årsakene til dette er samansette, men alle må vere trygge på at dei kan få kvalifisert hjelp når dei treng det. Samstundes er det viktig å ikkje sjukeleggjere kvardagsproblem. Venstre meiner at lågterskeltilboda i kommunane må styrkjast, og at samarbeidet mellom spesialisthelsetenesta og kommunane må utvidast.

God førebygging retta mot familiar, barn og ungdom er viktigare enn nokon gong. Psykisk helse må prioriterast innanfor førstelinetenesta, og hjelpa må gjerast meir tilgjengeleg. Venstre vil styrke rådgjevingstenester og ideelle aktørar som jobbar førebyggjande innanfor psykisk helse, og ha fleire psykologar med offentleg avtale for å få ned ventetida til psykologtenester.

Det må bli lettare å få hjelp utan å måtte stå på venteliste i mange månader. Venstre vil auke legevakttenesta sin kompetanse innanfor psykiatri og samstundes auke talet behandlingsplassar, særleg for å førebyggje sjølv mord. Skal vi få ned sjølv mordstala i Noreg, må førebygging og oppfølging starte tidleg.

Dei aller sjukaste psykisk sjuke har eit altfor dårleg tilbod, både når det gjeld behandling og andre velferdstilbod som tilpassa bustad. Dette hastar det med å ta tak i. Det trengs mellom anna meir kapasitet i FACT-teama, som gjev oppsøkande, samtidige og heilskaplege tenester til menneske med alvorlege psykiske lidningar. Dei med dei mest alvorlege utfordringane må prioriterast høgare, og få eigne, statleg finansierte bu- og behandlingstilbod.

Vi har utilstrekkeleg kunnskap om kva behandlingsformer som verker innan psykisk helse, og forkinga på behandling og førebygging av psykisk sjukdom må difor trappast kraftig opp. Særleg trengs det meir forskning på kvifor førekomsten av psykiske lidningar blant unge har auka dei seinare åra. Skeive unge har ofte dårlegare psykisk helse. Det er eit stort behov for både betre kunnskap om kva utfordringar skeive ungdommar møter, og tiltak som treffer.

Psykisk helsehjelp skal som all annan helsehjelp som hovudregel gjevast frivillig. Venstre anerkjenner at personar med alvorlege psykiske lidningar kan ha eit særskilt behov for vern i kritiske sjukdomsperiodar, og vi vil leggje til rette for at behovet for vern blir ivareteke. Rettstryggleiken til pasientar under tvunge psykisk helsevern må ivaretekast betre, slik at ein jamleg får ei reell fagleg overprøvingsmoglegheit for bruken av tvang.

Venstre vil:

- Syte for fleire lågterskeltilbod og rådgevingstenester, blant anna med digital oppfølging og andre nye behandlingsmetodar.
- Satse på forskning slik at vi kan få meir treffsikre behandlingsmetodar av god kvalitet.
- Auke talet døgnplassar i spesialisthelsetenesta, og sikre kompetanse og kompetansestøtte ved KAD-plassar for å førebyggje innleggingar i spesialisthelsetenesta.

- Auke kapasiteten i FACT-team og anna samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og kommunane om enkeltpasientar.
- Skapa tilpassa butilbod med god behandling for dei sjukaste med psykisk sjukdom, også der det kan vere behov for å bruke tvang.
- Gje eit betre tilbod til eldre med dårleg psykisk helse.
- Utvikle tiltak for å sikre god rekruttering også utanfor storbyane.
- Syte for tilstrekkeleg finansiering av tilbodet til menneske som er dømde til psykiatrisk behandling.
- Auke talet studieplassar på profesjonsstudiet i psykologi.
- Styrke sjølvmondsførebygginga betydeleg gjennom forsterka kompetanse på legevakter og i psykisk helsevern, samt meir støtte til frivillige organisasjonar som Mental Helse og Kirkens SOS.

Rus

Ein god rusomsorg tek utgangspunkt i den enkelte rusavhengige sin situasjon. Vegen til hjelpeapparatet må vere så kort som mogleg for dei som treng hjelp med problematisk rusbruk. Difor vil Venstre avkriminalisere bruk og innehav av mindre mengder narkotika til eige forbruk. Dette må følgjast opp med ein opptappingsplan som gjev auka kompetanse og bemanning i primærhelsetenesta. Denne bør dels vere øremerkt og dels fordelast til kommunar som søker om det.

Alle som gjennomgår avrusing må sikrast eit tilbod om vidare rusbehandling seinast etter 24 timar, samt tilbod om ettervern. Legemiddelassistert rehabilitering (LAR) må vidareførast, men ordninga må endrast slik at ho blir meir fleksibel, i større grad skjer på brukarane sine premisser og at det blir tillate fleire medikament. Prøveordninga med heroinassistert behandling (HAB) må utvidast til fleire byar og gjerast permanent som eit tilbod for dei med tyngst rusavhengigheit. Begge ordningane må gjerast meir fleksible enn dei er i dag. Venstre vil også tilby alle personar med rusmiddelavhengigheit gratis langtidsverkande prevensjon. Det er nødvendig å styrke tryggleiken til personell i kommunal rushelseteneste og psykisk helseteneste.

Dagens forbodspolitikkk fører til at lettare stoff blir omsette utan kontroll, noko som er ei dørråpning inn i kriminelle miljø og til tyngre narkotiske stoff. Vi vil difor redusere skadeverknadene gjennom førebygging og helsehjelp, ikkje forbod og stigmatisering. Ein av dei største

inntektskjeldene til organiserte kriminelle, er ulovleg sal av cannabis. Internasjonal erfaring med legalisering av cannabis tyder fleire stader på at bruken ikkje aukar i så stor grad at ulempa veg tyngre enn fordelane med legaliseringa. Venstre er difor for strengt regulert omsetnad av cannabis og andre mildare rusmidler.

Alkohol er det mest brukte rusmiddelet i Noreg i dag, og kan ha store skadeverknader for individ og samfunnet ved overforbruk. Venstre vil i hovudsak vidareføre dagens alkoholpolitiske verkemiddel. Samstundes bør det gjennomførast enkelte liberaliseringar i tilfelle der regelverket framstår utdatert og hindrar næringsverksemd. Det bør bli enklare for produsentar å selje produkta frå eige salsstad, forbodet mot marknadsføring bør ikkje vere til hinder for nøktern informasjon om produkta ein tilbyr, og kommunane bør ha full fridom til å bestemme lokale skjenke- og salstider – inkludert for Vinmonopolet.

Venstre vil:

- Gjennomføre ei rusreform med avkriminalisering av innehav av ulovlege rusmiddel til eige bruk.
- Tillate strengt regulert omsetnad av cannabis og andre mildare rusmidler.
- At fleire store byar skal etablere brukarrom og utvide opningstidene.
- Innføre garanti om vidare rusbehandling seinast 24 timar etter gjennomført avrusing.
- Tilpasse ordninga med legemiddelassistert rehabilitering (LAR) så fleire medikament kan brukast og i større grad kan brukartilpassast.
- Opne opp for reseptregulert bruk av medisinsk cannabis på refusjon som alternativ til opioidar, knytt til strenge kriterium.
- Utvide heroinassistert behandling (HAB) til fleire byar, og opne for forsøk med fleire alternativ til injisering.
- Tilby alle personar med rusmiddelavhengigheit gratis langtidsverkande prevensjon.
- Leggje til rette for rusmiddelanalysetenester der brukarar kan få testa rusmiddel som er kjøpte ulovleg.
- Sørge for betre ivaretaking av psykisk og somatisk helse hos pasientar med rusproblem.
- Støtte kommunar som ønskjer å utvide spesialiserte, kommunale tilbod på rusfeltet.

- Styrke det rusførebyggjande arbeidet.
- Sikre tilgjengeleg, fordomsfri og korrekt informasjon om trygg bruk og førebygging av skadar som følgje av bruk av rusmiddel.
- Oppheve forbodet mot alkoholkonsum i det offentlege rom.
- Opne for å tillate sal av sterkøl i butikk.
- Oppdatere reglane om alkoholreklame for å fjerne gråsoner, reflektere dagens røyndom og sunn fornuft samstundes gjere kvardagen enklare og meir fleksibel for mindre produsentar, restaurant- og utelivsbransjen.
- Utvide ordninga med sal av sider direkte frå produsent til også å gjelde sterkøl, vin og andre alkoholhaldige produkt inntil 22 %, for å leggje til rette for auka lokal verdiskaping og mangfald.
- Tillate tobakksfri snus og e-sigarettar med smakstilsetjing og nikotin.

Tannhelse

God tannhelse er viktig for velvære og for helsa som heilskap. Dei fleste sjukdommar og tilstandar i munnhola kan førebyggjast, og dette krev eit samspel mellom styresmakter, helsetenestene og den enkelte borgar. Førebygging og helsefremjing bør difor vere hovudprioritet, også i tannhelsetenesta.

Dei fleste evnar å ta vare på tannhelsa si, men det er nokre som fell utanfor. Desse bør få betre oppfølging, og Venstre vil gje meir til dei som treng det mest. Ved endringar i rettar til tannhelsetenester for personar over 18 år er det viktig for Venstre at folk sjølv kan bestemme om dei ønskjer å behandlast ved ein offentleg eller privat tannklinikk.

Venstre vil:

- Sikre framleis gratis tannhelsetenester for alle barn under 18 år i den offentlege tannhelsetenesta.
- Prioritere at sårbare grupper får gratis tannhelseoppfølging.
- At eldre i sjukeheim og heimesjukepleie skal ha betre tilgang på tannhelsetenester, og forsøke ut ordningar med tannpleiarar i kommunal helse- og omsorgsteneste.
- Sikre likebehandling av private og offentlege tannklinikkar for innbyggjarar over 18 år som har rett på reduserte prisar for undersøking og behandling.

Eldre

Venstre meiner det trengs større merksemd på alderdom. Ein stadig større del av befolkninga blir eldre, og arbeidet med utvikling av aldersvenlege lokalsamfunn må bli ein integrert del av folkehelsearbeidet på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Venstre meiner dei beste løysingane kjem når sosiale entreprenørar, frivilligheita og det offentlege går saman og ser på eldrepolitikken med nye, innovative auge.

For Venstre er det viktig at eldre har same fridom som andre grupper til å velje korleis dei vil innrette sine liv. Folk må kunne stå i jobb om dei kan og vil, få vurdert sin restarbeidsevne og få den omsorga og pleia dei ønskjer når dei treng det. Venstre vil syte for gode tenester i ei framtid med mindre tilgang på arbeidskraft enn i dag. Bustadløysingar som fremjar tryggleik og reduserer einsamheit er ein vesentleg del av framtidens eldrepolitikk.

Eit aktivt liv gjev sosial støtte. Vi må få inn fleire trinn i omsorgstrappa og eldre må kunne velje mellom ulike tilbydarar av omsorgstenester der det ligg til rette for det. God rehabilitering etter sjukdom og funksjonsfall gjer at fleire kan leve aktive liv heime lenger. Rehabiliteringa må kome raskt i gang, gjerne under sjukehusopphaldet. Fleire treng hjelp til å halde seg friske og meistre daglege aktivitetar, utan at det blir fleire til å utføre desse tenestene. Vi må tenkje nytt og gje rom for at kommunane prøver ut nye arbeidsmetodar.

Venstre vil:

- Leggje til rette for generasjonsbustader, senior- og eldrekollektiv og andre buformer som gjev sosial støtte ved å bruke insentiv i Husbanken og krav i reguleringsplanar.
- Utvikle nye konsept for samspel mellom generasjonar i eldreomsorga, til dømes ved å etablere bustader og butilbod for eldre i tilknytning til barnehagar, skular eller studentbustader.
- Ta i bruk tryggleiksskapande teknologi og betre hjelpemiddel.
- At eldre skal ha betre tilgang på psykisk helsehjelp.
- Gje eit betre rehabiliterings- og habiliteringstilbod i kommunar og sjukehus og syte for at dette både inneber tidleg rehabilitering, døgntilrettelegging og rehabilitering i heimen.
- Ha fleire forsterka demensplassar, og ei differensiert bustad- og

institusjonsplanlegging.

- Tilby fleksibel avlastning for heimebuande.
- Styrke sjukehusa si satsing på geriatri.
- Forsterke forskning på demens og andre sjukdommar hos eldre.
- Satse meir på helsefremjande og førebyggjande aktivitetar.
- Satse på universell utforming, inkl. eit demensvennleg samfunn, når fleire skal bu heime lenger.
- Redusere digitalt utanforskap blant eldre, ved å gjere digital informasjon lettare tilgjengeleg.
- Styrke kompetansen på kjønns- og kulturmangfald i eldreomsorga.

Sjukehus og spesialisthelseteneste

Sjukehusa skal levere tenester av god kvalitet til rett tid for pasientane, og samstundes vere ein god arbeidsplass for fagfolk. Alle som av ulike årsaker må behandlast på eit sjukehus, skal bli møtte med verdigheit og få tilstrekkeleg oppfølging og behandling av høg kvalitet. For å oppnå dette, vil Venstre gjere det meir attraktivt for kvalifiserte helsearbeidarar å jobbe i den offentlege helsetenesta. Venstre meiner det er viktig å prioritere pasientnært arbeid.

Noreg bruker meir på helse per innbyggjar enn dei fleste samanliknbare land, inkludert klart meir enn alle dei andre nordiske landa. Vi har også høgast legedekning og nest høgast sjukepleiardekning i Norden. Likevel er ikkje resultata klart betre enn i nabolanda våre, helsevesenet er pressa, og endringar i demografi vil forsterke det. Venstre vil difor ta tak i mellom anna administrasjonskostnadene i helseføretaka, organiseringa av turnus og arbeidstid, effektiv bruk av teknologi, for å gje meir kvalitet for pengane.

Mange som jobbar i det offentlege helsevesenet opplever uhaldbare arbeidsforhold og bytter til privat verksemd. For å unngå at dette går utover sjukehusa si evne til å gje alle pasientar god og forsvarleg behandling, vil Venstre vurdere arbeidsdelinga mellom faggruppene og sjå på om fleire faggrupper skal inn i sjukehusa, samt utvide retten til medbestemming på arbeidsplassen. For det spesialiserte personellet på sjukehusa er det nødvendig å frigjere tid, slik at dei kan prioritere det dei er best til og som ikkje kan utførast av andre tilsette. Vi bør difor gå tilbake til ordningane med medisinsk kontorpersonale som avlastning

for legar og sjukepleiarar.

Storleiken på sjukehusa har tyding for faglegheit og fornuftig styring. Venstre vil sikre sjukehus som er store nok til at dei kan rekruttere personalet dei treng og har eit pasientgrunnlag som gjev jamleg trening på kritiske prosedyrar, samstundes som sjukehusa ikkje må bli så store at avstanden mellom leiinga og det faglege personellet blir for stor. Vi vil jobbe for eit medisinsk forsvarleg, desentralisert akutttilbod i indremedisin, generell kirurgi, ortopedi og fødetenester. Venstre vil revidere og nedskalere planane for vidareutvikling av OUS med sikte på å avgrense den ekstreme kostnadsveksten og behalde kvaliteten på sjukehusstilbodet i Oslo.

Venstre vil:

- Gå gjennom arbeidsdeling mellom faggrupper og la fleire faggrupper kome inn i sjukehusa.
- Ha ei kritisk gjennomgang av arbeid som stel tid frå kjerneoppgåvene til fagfolka.
- Gjennomgå arbeidsdelinga mellom spesialisthelsetenesta og kommunane for å få til betre samhandling.
- Innføre formaliserte samarbeidsmodellar for høg-spesialisert medisin i Norden.
- Gje eit lønsløft til dei som jobbar i turnus.
- Styrke palliativ behandling.
- Forbetre nasjonal sjukehusplan slik at Stortinget deltek aktivt i store investeringsavgjerder.
- Gjennomgå enkelte store og omstridde sjukehusutbyggingar for å sikre at dei er realistiske og berekraftige.
- Forbetre finansieringa knytt til bygg og investeringar.
- Redusere økonomisk risiko for helseføretaka ved å auke bruken av alternative prisavtalar (til dømes resultatbaserte avtalar).
- Forbetre helseføretaksmodellen for å sikre større demokratisk styring og kortare avgjerdslinjer.
- Etablere testfasilitetar innan helse gjennom Norsk katapult for at ny helseteknologi kjem raskare ut i marknaden.
- Etablere ein regulatorisk sandkasse for bruk av kunstig intelligens i helsesektoren.
- Sikre at offentlege styresmakter tek i bruk ny teknologi og velfun-

gerande løysingar utvikla av private, framfor å utvikle eigne, konkurrerande løysingar innanfor helseområdet.

- Leggje til rette for meir open helseforskning, og sikre at helseføretaka sine forskingsbudsjett blir lyste ut i open konkurranse der det er naturleg.
- Leggje om takst- og refusjonssystemet for å sikre at heimeoppfølging, fjernbehandling og bruk av ny teknologi blir stimulerte.
- Tilpasse metodevurderingane til eit større mangfald av nye metodar som kunstig intelligens, medisinsk utstyr, kombinasjonsbehandingar m.m.
- Korte ned saksbehandlingstida i Nye Metodar gjennom effektivisering av metodevurderingar og auka informasjonsutveksling i internasjonalt samarbeid (EU/Norden)
- Tilretteleggje for fleire kliniske studiar og annan helseforskning gjennom forenkling av byråkrati og regelverk, etablering av meir attraktive skatteordningar for legemiddelfirma som køyrer studiar i Noreg, auka prioritering av forskning/kliniske studiar i helsetenesta og meir offentleg-privat samarbeid.

Private og ideelle helsetenester

Behovet for eit sterkt offentleg helsevesen står ikkje i motstrid til å ta alle gode krefter i bruk for å løyse dei mange oppgåvene helsetenestene våre må løyse framover. Det norske helsevesenet er avhengig av eit godt samspel mellom offentlege og private tilbod for å fungere optimalt. Ideelle organisasjonar med innslag av frivilligheit er avgjerande for at velferdssamfunnet skal fungere. Helsenæringa bidreg med valfridom til pasientane og sikrar eit mangfald av tilbod som det offentlege ikkje ellers ville prioritert.

Dei siste åra har det vore ein vekst av kommersielle, private helsetenester, særleg i dei store byane. Bruken av private helseforsikringar er også aukande. Desse tenestene avlastar det offentlege helsevesenet, men gjev også utfordringar med ei heilskapleg prioritering og god styring av ressursane i helse- og omsorgssektoren. Spesielt er det bekymring knytt til at det er stor mangel på helsepersonell.

Tilgang på private helsetenester og forsikringsordningar kan i nokre tilfelle føre til overbehandling og verke kostnadsdrivande for det

offentlege helsebudsjettet. Auka innslag av kommersielle tilbod kan gje større ulikskap i helse, både mellom økonomiske grupper og mellom sentrale strøk og utkantkommunar. Venstre vil difor gjennomgå reguleringa av det private helsemarknaden, med sikte på å integrere tenesene som blir gjevne av private aktørar betre i det heilskaplege helsetilbodet til befolkninga. Venstre ønsker å sikre brukarane sin valfridom, og vil difor innføre fritt behandlingsval.

Venstre vil:

- At ideelle organisasjonar som driv helsetenester skal ha føreseielege rammevilkår.
- Innføre krav til helprivate legetenester om rapportering om verksemda og om aktiviteten til nasjonale register.
- Stille krav om at kommersielle helsetenester kan kommunisere med den offentlege helsetenesta.
- Utreie ei tenleg regulering av marknaden for privat helseforsikring, mellom anna for å unngå overbehandling og auka skilnader.

Etikk og bioteknologi

Noreg har lågare tilgjenge og bruker lenger tid på å innføre nye legemiddel i helsetenesta enn dei fleste europeiske land vi liker å samanlikne oss med. Det gjer at Noreg går glipp av samfunnsnyttene nye behandlingar gjev, særleg i form av at folk kjem raskare ut i/tilbake til arbeidslivet, men gjev også ei kraftigare todeling i helsetenesta der lommeboka avgjer om ein får tilgang til nye behandlingar.

Eksisterande politikk er vidare til hinder for innføring av persontilpassa medisin og avanserte behandlingar som gen- og celleterapi, fordi det ikkje er tilstrekkeleg rom for å kunne ta avgjerder under usikkerheit. Systemet er heller ikkje tilpassa metodar baserte på kunstig intelligens, medisinsk utstyr og annan ny teknologi som ikkje passar inn i standardmalen. Venstre meiner det er behov for ei kraftig modernisering av systemet for nye metodar slik at nye behandlingar og anna teknologi kan kome raskare til pasientane.

Kliniske studiar er avgjerande for utvikling av nye medisinar, behandlingar og medisinsk teknologi. Vi må syte for at Noreg er ein attraktiv arena for kliniske studiar, både nasjonalt og internasjonalt, og at vi

byggjer sterke samarbeidsstrukturar mellom helsesektoren, academia og næringslivet.

Bioteknologi og kunstig intelligens byr på særskilde moglegheiter og utfordringar i eit helseperspektiv. Venstre vil ta i bruk dei moglegheitene desse teknologiane gjev oss, innanfor etisk forsvarlege rammer.

Venstre vil opne for at infertile kvinner eller par skal kunne få barn ved samtidig egg- og sæddonasjon (embryodonasjon). Vi vil tillate regulert, ikkje-kommersiell surrogati i Noreg og syte for juridisk vern av barn fødde av surrogatmor i utlandet. Venstre meiner det trengs sterkare internasjonale reguleringar for å sikre kvinners rettar og unngå at kvinner blir utnytta i surrogatmarknaden.

Venstre ønskjer å styrke både pandemiberedskapen og tiltak mot antibiotikaresistens gjennom ein kombinasjon av forskning, innovasjon og internasjonalt samarbeid. Vi må byggje robuste helsesystem som toler framtidige kriser, og samstundes jobbe langsiktig for å verne evna vår til å bekjempe infeksjonar.

Sjølvbestemt assistert livsavslutning reiser viktige etiske, medisinske og juridiske spørsmål. Den europeiske menneskerettsdomstolen har uttalt at land må vege omsynet til livsvern mot individet sin rett til sjølvbestemming i si lovgjeving av sjølvbestemt assistert livsavslutning. Venstre vil difor setje i gang ei offentleg utgreiing, inspirert av Irland, for å vurdere desse spørsmåla grundig.

Venstre vil:

- Endre bioteknologilova så ho i større grad gjer det mogleg å ta nye behandlingsmetodar og teknologiar i bruk til pasientane sitt beste.
- Flytte reglar knytte til bruk av bioteknologi på fødde individ (genetisk diagnostikk og genterapi) ut av bioteknologilova og over i anna helserelevant regelverk, for å unngå at politisk usemje knytt til bruk av bioteknologi på ufødd liv hindrar viktig utvikling innan somatisk medisin.
- At Noreg skal vere pådrivar for eit sterkare internasjonalt avtaleverk rundt pandemiberedskap og førebygging av antibiotikaresistens.
- Forbetre system for overvaking og varsling av potensielle biologiske

trugslar nasjonalt og internasjonalt.

- Støtte miljø som driv med forskingsbasert innovasjon og næringsutvikling på helsefeltet.
- Auke satsinga på forskning i kommunehelsetenesta.
- Utvikle ein meir ambisiøs antibiotikastrategi for Noreg.
- Innføre regulering av kunstig intelligens som gjer at det kan takast meir i bruk i helsetenesta.
- Syte for kunnskapsoppsummeringar og kvalitetsvurderingar av digitale helseløysingar.
- Tillate regulert, ikkje-kommersiell surrogati i Noreg.
- Tillate samtidig donasjon av egg og sæd (embryodonasjon).
- Tillate å lagre eggstokkvev, egg og sæd på ikkje-medisinsk grunnlag, så lenge det blir betalt av brukaren.
- Utreie sjølvbestemt assistert livsavslutning i Noreg.

5 Næring og skatt

Næringspolitikken skal leggje til rette for verdiskaping over heile landet, syte for at norske bedrifter er konkurransedyktige på det internasjonale markedet og gjere det mogleg for fleire som ønskjer det å skape sin eigen arbeidsplass. Venstre vil at næringslivet skal møte færre byråkratiske hindringar. Vi vil gjere det meir attraktivt å satse på innovative og miljøvenlege løysingar.

Dei fleste arbeidsplassane i det private næringslivet blir skapte i små og mellomstore bedrifter. Ved å gjere det enklare å satse på nye idear gjennom gründerskap, gjev vi også menneske større fridom i livet. Mangfald i næringslivet gjev Noreg fleire økonomiske bein å stå på, bidreg til gode lokalsamfunn og gjev folk økonomisk tryggleik i vanskelege tider. Samstundes er næringslivet heilt avgjerande for det grønne skiftet vi skal gjennom. Venstre vil løne bedrifter som gjennomfører ei nødvendig omstilling til ein meir berekraftig drift, og gjere det dyrare å drive forureinande og miljøskadeleg verksemd.

Gründerpolitikk, små og mellomstore bedrifter

Venstre ønskjer ein nærings- og gründerpolitikk som oppmuntrar til innovasjon og som får fart på det grønne skiftet. Noreg har potensial til å bli eit kraftsentrum for innovasjon og grøn vekst dersom vi brukar skattepolitikken som eit strategisk verktøy for å akselerere norsk næringsliv, og gjev folk fridomen til å skape og realisere sine visjonar gjennom auka gründerskap.

Skattetrykket for norske bedriftseigarar er i dag for høgt. For kvar gründer og bedriftseigar som kjenner seg tvinga til å sjå utanfor landets grenser for å unngå å tappe bedrifta for kapital for å betale formueskatt eller andre særeigne norske skattar og avgifter, mister Noreg verdifull risikokapital, kreativitet og arbeidsplassar. Vi mister samstundes ein stor intellektuell kapital, og moglegheita til å utvikle ein kultur der innovasjon og entreprenørskap blomstrar, der grøn teknologi akselererer, og der norsk næringsliv ikkje berre overlever, men trivst og veks.

Dei som vil skape ei ny bedrift i Noreg i dag, møter for mange økono-



miske og byråkratiske utfordringar på vegen mot lønsam drift. Dette gjeld både verksemdar som er eigna til å vekse internasjonalt og verksemdar som berre har som mål å skape éin enkel arbeidsplass.

Ein av dei viktigaste årsakene til at mange som eigentleg ønskjer å satse på noko nytt, vel å bli verande i eit fast tilsetjingsforhold, er tap av sosiale rettar som følgjer med gründerskapet. Venstre ønskjer å sikre permanente inntektssikringsordningar for sjølvstendig næringsdrivande og gjennomgå dei sosiale rettane for sjølvstendig næringsdrivande med mål om større grad av likebehandling. Sjølvstendig næringsdrivande bør kunne frådragsføre inntil 7 % av all lønn opp til 12G i pensjonssparing.

Enkeltpersonføretak og små firma må i dag forhalde seg til mange fristar og datoar. Mange har utfordringar på grunn av regelverket for meirverdiavgift og forskotsskatt. Venstre ønskjer difor å endre regelverket slik at ein berre betalar inn meirverdiavgift ein faktisk har motteke av kundane sine, og berre kan trekkje frå meirverdiavgift ein sjølv faktisk har betalt. Ved å samordne datoar for innbetaling av meirverdiavgift og forskotsskatt, kan ein lettare rekne ut kva ein skal betale inn i forskotsskatt basert på skattbart overskot i perioden, i staden for dagens ordning der ein betalar ein fjerdedel av årets berekna skatt kvar 3. månad.

Reiselivsnæringa har utvikla seg til å bli ei betydeleg næring som er viktig for å oppretthalde busetjing og lokal verdiskaping i heile landet. Venstre er oppteken av at næringa skal utvikle seg på ein måte som spelar på lag med miljøet, og der Noreg blir utvikla som eit berekraftig reisemål med betalingsvillige gjester. Vi må styrke Noreg som heilårleg reisemål og auke sysselsettinga ved satsing på produktutvikling og marknadsføring i samarbeid mellom Innovasjon Noreg og reiselivsbedriftene.

Venstre vil:

- Gjere det enklare for bedrifter å tilby opsjonar til tilsette.
- Innføre eit minstefrådrag for sjølvstendig næringsdrivande, for å redusere dokumentasjonsbyrda.
- Gjere det enklare å trekkje til seg kompetent arbeidskraft til Noreg, mellom anna gjennom innføring av eit eige gründervisum og tilsvarande

ordningar for investorar og arbeidskraft med spesialkompetanse.

- Gjere det enklare for små og nystarta bedrifter å delta i anbudsprossar hos store statlege selskap og i kommunane.
- Styrke Siva sitt inkubasjonsprogram for å få fram fleire vekstbedrifter over heile landet.
- Ha ei heilskapleg gjennomgang av verkemiddelapparatet som sikrar forenkling, større effekt og bedrifter som veks seg store.
- Innføre ein reduksjon i talet meirverdiavgiftsterminar frå 6 til 2 for selskap under 50 millionar kroner i omsetnad.
- Endre rapporteringa av meirverdiavgift og samordne datoane med innbetaling av forskotsskatt.
- Styrke tilgangen til risikokapital i selskap si aller tidlegaste fase, mellom anna ved å gje betre skatteinsentiv og gje statlege fond større «fond i fond»-mandat.
- Sikre at norske gründerar og mindre bedrifter får auka tilgang på internasjonal kapital for å skalere sine løysingar, og bistå norske småbedrifter og gründerar i mobilisering og søknadsprossar inn mot EU sine investeringsprogram retta mot entreprenørskap og nye næringar.
- Gjere skatteinnbetalingar enklare for enkeltpersonføretak mellom anna ved å endre ordninga frå forskotsbetaling til etterskotsbetaling.
- Utreie ei ordning med fritak for eller kraftig reduksjon av selskapskatt dei første fem åra for nystarta teknologiselskap, etter modell frå tilsvarende ordningar mellom anna i Irland og Singapore, men med ein føresetnad om at alt overskot blir reinvestert i bedrifta i same periode.
- Sikre at bedrifter berre må rapportere inn til det offentlege dei same opplysningane éin gong. Digitale fellesløysingar som Altinn, ID-porten og Brønnøysundregisteret må vidareutviklast i samråd med næringslivet.
- Forenkle i aksjelova generelt og prossar rundt aksjekjøp, utbytteutdelingar og transaksjonar mellom nærstående, retta mot små føretak spesielt.
- Styrke ordningar for regional innovasjon og utvikling, mellom anna ved å gjeninnføre ordninga med tilskot til regionale forskingsfond.
- Lage ein heilskapleg plan for studententreprenørskap som sikrar fleire start-ups frå universitet og høgskular.
- Styrke satsinga på Noreg som reisemål innanfor rammene av berekraftig turisme.

Industri

Framtidas fornybare energisystem er meir materialbasert enn dagens fossile løysingar. Noreg må difor omstillast frå å vere ein rein leverandør av fossil energi, til også å bidra med dei naudstunte materiala til det grønne skiftet. Venstre vil også støtte opp om industrien sine eigne ambisjonar om nullutslepp og sirkulære løysingar, og bidra til at næringslivet når måla det set.

I dag er Noreg Europas største produsent av strategisk viktige råvarer som aluminium, silisium og manganlegeringar. Desse råvarene er essensielle byggjesteinar i ein framtidsretta grøn og digital økonomi. Venstre vil at Noreg skal vere ein aktiv og strategisk partner i det felles europeiske industriløftet. Industripolitikken vår må difor innrettast på ein måte som bidreg til å nå måla europeiske land i fellesskap har sett seg. Rammevilkåra for industrien må tilpassast den globale konkurransesituasjonen som industrien i Europa står overfor, og harmoniserast med våre viktigaste handelspartnerar og allierte. Dette gjeld også behovet for å utdanne og trekkje til oss kompetent arbeidskraft.

Noreg har verdsleiarande maritime aktørar som sikrar arbeidsplassar, velferd og betydelege ringverknader i dei maritime klyngene. Slik har det vore i årtier, og Venstre vil bidra til at det maritime næringslivet kan forsterke sin innovasjonskraft og posisjon lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Det maritime næringslivet i framtida skal vere grønt, nyskapande og kreativt.

Det grønne skiftet krev auka tilgang på mineral. Venstre meiner naturressursane som finst i Noreg må forvaltast godt gjennom lukka materialkrinsløp. Vi må ta i bruk dei eksisterande ressursane som finst i avfall og sidestraumar. Venstre meiner Noreg må bidra til å utvikle våre landbaserte mineralressursar, og uttak må skje med minst mogleg naturinngrep og miljøbelastning. Kunnskapsgrunnlaget for å vinne ut mineral frå havbotnen er førebels ikkje godt nok til at Noreg kan opne for industriell verksemd her. Venstre vil difor gå mot gruvedrift på havbotnen og leggje til rette for meir forskning på påverknaden ei eventuell industrialisering vil påverke livet og økosystema i havet.

Tenester frå verdsrommet står sentralt for å dekkje viktige samfunnsbehov, i tillegg til å sikre norske utanriks-, tryggings- og forsvarspolitiske

interesser. Noreg har, med verdas nest eldste romlov og oppskyting frå Andøya i årtier, historiske og komparative fortrinn for å byggje ein romindustri i verdsklasse. Venstre vil setje romfartsnasjonen Noreg på verdskartet gjennom å gjere romhamna på Andøya til ein motor i den internasjonale romindustrien og ta ein større del av det raskt veksande globale markedet. Slik kan vi utøve nasjonal eigenevne på eit kritisk domene, og byggje norske teknologiverksemder i verdsklasse til eit stort framtidig marked.

Venstre vil:

- Sikre nødvendige støtteordningar for å få realisert fleire karbonfangstprosjekt i industrien.
- Fremje moglegheiter for eigenproduksjon av fornybar energi, som solceller og vindkraft for bedrifter og industriparkar.
- Sikre langsiktig krafttilgang for energikrevjande industri.
- Byggje opp under næringsklynger som baserer seg på våre komparative fortrinn.
- Styrke satsinga på Norsk katapult og testinfrastruktur for grøn omsitting av norsk industri innan område som grøn skipsfart og helseteknologi.
- Støtte opp om utvikling av grønne industriparkar som baserer seg på industriell symbiose.
- Kartleggje norske mineralressursar og samstundes styrke satsinga på attvinning av mineral.

Fiskeri og havbruk

Sjømatnæringa er den største og mest verdiskapande matproduksjonen i Noreg. Venstre ønskjer å vidareutvikle Noreg som ein leiande havnasjon som tek omsyn til naturen og toleevna til dei ville bestandane. Sjømatnæringa, både den fangstbaserte og havbruksnæringa, er ei viktig næring for nasjonen som har stor aktivitet langs heile kysten, der ho bidreg til sysselsetting og busetjing. Samstundes er sjømatnæringa ei viktig eksportnæring, og difor avhengig av tilgang til verdsmarknaden. Venstre vil difor jobbe for betre handelsavtalar og tollfri adgang for bearbeidd fisk, og bidra til arbeidsplassar langs heile kysten.

Venstre vil bidra til at bedrifter og fiskarar som driv lønsamt blir premierte, og at marknadskreftene får verke innanfor føreseielege rammer.

Venstre ønskjer auka bearbeiding i Noreg. Fisken bør difor i større grad gjerast tilgjengeleg for norsk fiskeindustri. Det er viktig at særlovgjevinga ikkje skaper konkurransemessige skilnader mellom fiskerivbedriftene.

For at fiskebestandane skal vere berekraftige, er det nødvendig at storleiken på fiskekvotane blir sette basert på vitskaplege råd, og at det blir ført effektiv kontroll med uregulert fiske og fiskerikriminalitet. Venstre vil stramme inn regelverket for botntråling for å sikre det biologiske mangfaldet. Vi vil samstundes leggje til rette for meir forskning om berekraftig dyrking og innhøsting av tang og tare, samt berekraftige fangstmetodar. Regelverket for sjømatnæringa må ta høgd for at verksemda er sesongbasert.

Havbruksnæringa er ei av Noregs viktigaste næringar, og ein industri som har stort potensial for vidare vekst og utvikling. Streng reguleringar og krav til havbruket er nødvendig for at næringa blir utvikla i rett retning. Venstre vil bidra til framleis utvikling av havbruket ved å stille strenge miljøkrav, og med ordningar som løner innovasjon og teknologimangfald. Det kystbaserte havbruket må over på meir berekraftige driftsformer som lukka anlegg, og det bør setjast ei tidsfrist for dette.

Næringa står i dag overfor store utfordringar mellom anna knytt til rømming, sjukdommar og avfall som må løysast som ein føresetnad for framtidig vekst. Venstre vil ha strengare standard for fiskehelse, og leggje til rette for alternative driftsformer som havbruk til havs. Dødelegheita må reduserast, både for oppdrettsfisk og rensefisk, og fiskevelferda må bli betydeleg betre. Rømmingar må avgrensast og lakselus-nivåa haldast låge.

Venstre vil:

- Erstatte dagens trafikklyssystem for havbruksnæringa med eit styringsregime som løner teknologiutvikling, berekraftig drift og god dyrevelferd.
- Jobbe for lågare tollmurar for sjømatprodukt.
- Syte for effektiv kontroll med uregulert fiske og fiskerikriminalitet.
- Stramme inn regelverket for botntråling.
- Stimulere til auka bruk av lukka anlegg og havbruk til havs.

- Leggje til rette for marin dyrking av lavtrofiske artar som tunikatar, blåskjell og tare.
- Auke ressursane betydeleg til fysisk fiskerikontroll på havet og i hamnene våre.

Landbruk

Landbruket si hovudoppgåve er å produsere trygg og sunn mat. Landbruket skal vere eit viktig bidrag til Noregs beredskap og tryggleik gjennom ein størst mogleg sjølvforsyningsgrad og eit nærvære i heile landet. Maten skal produserast med lågast mogleg miljøbelastning, med god dyrevelferd på ein måte som varetek kulturlandskapet. Det bør også vere eit mål at Noreg i større grad eksporterer rein mat av høg kvalitet frå norsk landbruk, slik vi har lukkast med innanfor fiskeri og havbruk.

Venstre meiner det er nødvendig med ein heilt ny og mykje meir heilskapleg matpolitikk i Noreg, der klima, natur, folkehelse og matproduksjon både på land og til havs blir sett i samanheng. Vi et meir kjøt og mindre frukt, grønt, grovt og sjømat enn dei offisielle kosthaldsråda tilrår. Eit meir helsemessig kosthald krev at vi aukar produksjonen av frukt, grønt, korn og frø til menneskemat.

Vårt levevis med stort forbruk av fossil energi gjer at karbonbalansen er øydelagd og at alle må ta eit krafttak for å redusere utslepp og auke opptak og lagring av karbon. Jordbruket bind mykje karbon, men utgjer også ei betydeleg utsleppskjelde. Det er viktig at jordbruket blir stimulert til å gjere alt ein kan for både å redusere tapet og auke bindinga. Venstre støttar tiltak som reduserer matsvinn, styrker dyre- og plante-helsa og hindrar nedbygging av matjord.

Venstre vil stille tydelege krav til at alle i verdikjeda må ta eit ansvar og bidra til ei økonomisk omstilling av landbruket, ved å ta i bruk ny teknologi og nye dyrkingsmetodar. Venstre vil støtte opp under produksjon av kvalitets- og nisjeprodukt som kan skape eit meir eksportretta landbruk. Den økonomiske støtta til jordbruket må vere innretta på ein berekraftig måte som stimulerer til miljøvenlege driftsformer, god dyrevelferd, å ta vare på kulturlandskapet, redusere klimagassutslepp og å bruke jordbruksressursane over heile landet. Matproduksjonen må vere styrt av det lokale areal- og ressursgrunnlaget.

Husdyrproduksjon må i størst mogleg grad skje på areal der det er mogleg med høg grad av beite og lite behov for importert kraftfôr av omsyn til dyrevelferda, klimarekneskapen og for å få ei reell sjølvforsyning. Utviklinga av framtidsretta landbruksteknologi opnar stadig nye moglegheiter som kan bidra til betydelege gevinstar for både bonden, norske forbrukarar, miljø, dyrevelferd og matvaresikkerheit. Venstre vil leggje til rette for at det skal bli enda enklare og meir lønsamt for bonden å ta i bruk smart og autonom landbruksteknologi.

Skogbruket er ei viktig næring som produserer fornybare materiale til bygg og andre produkt. Skogen bind klimagassar, og berekraftig forvaltning av skog varetek nøkkelbiotopar og biologisk mangfald. Venstre vil styrke utviklinga av norsk tre- og bioindustri, mellom anna ved å leggje til rette for at biomasse som ikkje er eigna til andre føremål kan nyttast til bioenergi for å bidra i den norske energiforsyninga.

Venstre vil:

- Doble produksjonen av frukt og grønt innan 2030.
- Styrke jordvernet, forbetre jordhelsa og redusere tapet av dyrka jord.
- Løne og stimulere miljøvennleg drift og god dyrevelferd.
- Ha mål om 10 prosent økologisk areal og produksjon.
- Lage ei stortingsmelding om framtidas matsystem der folkehelse, klima, natur og Noregs matproduksjon både til lands og til havs blir sett i samanheng.
- Redusere bruken av antibiotika, medisinar og plantevernmiddel i jordbruket.
- Auke satsinga på klimatilpassing i jordbruket.
- Auke støtta til tiltak som byggjer på berekraftige prinsipp i jordbruket.
- Følgje opp og bidra til at måla for utsleppsreduksjonar som jordbruket sjølv har forplikta seg til blir nådde, bl.a. gjennom å stimulere til at landbruket oppnår måla i sin eigen klimaplan.
- Leggje til rette for auka konkurranse i meierisektoren.
- Auke konkurransen i daglegvaresektoren.
- Leggje til rette for at lokale matprodusentar kan levere tilbod i offentlege anbod.
- Vri landbruksstøtta over til meir plantebasert og miljøvennleg produksjon.
- Dreie landbrukspolitikken til å bli mindre basert på støtte gjennom

høge prisar og marknadsreguleringar, og meir støtte til fellesgode som miljø og distriktsutvikling.

- Sjå på andre moglegheiter for å regulere mjølkeproduksjonen enn dagens kvoteordning.
- På sikt avskaffe marknadsregulatorordninga, og i mellomtida flytte ansvaret til staten.
- Sikre føreseielegheit i løyvingane til frivillig skogvern.
- Stille krav for å få meir bruk av lukka hogst og mindre flatehogst.
- Oppdatere Genteknologilova i tråd med forslag frå Genteknologiutvalet.
- Tillate dyrking av hamp som kan erstatte andre materiale som plast.
- Stimulere til meir produksjon av småskala fornybar energi som til dømes gardsvindmøller, solceller og solfangarar på takflater, biogass frå møkakjellar for å redusere fossil energibruk og styrke lokalt inntektsgrunnlag innanfor landbruket.

Skatt

Skattesystemet vårt skal både bidra til å få fleire i arbeid, skaffe tilstrekkelege inntekter til velferdsstaten og samstundes jamne ut skilnader, og gje incentiv til å gjennomføre det grøne skiftet vi skal gjennom. Systemet må difor vere føreseieleg, rettferdig og målretta. Venstre vil ha lågare skatt på det vi vil ha meir av – som arbeid, næringsutvikling og innovasjon – og høgare avgifter på det vi vil ha mindre av, som ureining, naturinngrep og unødvendig energiforbruk.

Klimakrisa kjem til å krevje ei kraftig omstilling av store delar av norsk økonomi, som framleis er svært avhengig av olje- og gassektoren. Omstillinga vil krevje nye private og offentlege investeringar. Dette vil auke behovet for nye typar kompetanse, og redusere behovet for andre. Mange bedrifter vil måtte omstille seg om dei skal overleve. Det stiller krav både til satsing på kunnskap og omskolering, og at det blir enklare å starte og vidareutvikle nye bedrifter.

Med dette bakteppet er det særleg viktig å endre skatte- og avgiftssystemet i grønar retning, sikre breie skattegrunnlag for å halde satsane låge og gjere det lønsamt å jobbe og skape arbeidsplassar. Venstre ønskjer å redusere det samla skatte- og avgiftstrykket, og meiner det er eit særleg behov for å tilgodese næringslivet og dei som investerer i arbeidsplassar.

Dagens formuesskatt bidreg til å gjere norsk eigarskap til ein utgiftspost for mange norske bedrifter, og er urettferdig fordi den illeggjes uavhengig av bedrifta si lønsamheit og overskot. Særleg utfordrande er dette for familieeigde verksemdar, som i mange tilfelle er hjørnesteinsbedrifter og dermed store og viktige arbeidsplassar for heile lokalsamfunn. Venstre vil fjerne formuesskatten på arbeidande kapital over ein fireårsperiode, og delvis kompensere inntektsbortfallet gjennom ein moderat auke av selskapsskatten, auka CO₂-avgift, samt med inntektene frå grunnrenteskatten på havbruk.

Venstre vil:

- Vri dagens skattegrunnlag ved å senke skattane på inntekt, særleg dei lågaste inntektene, og auke skattar på fast eigedom og forbruk, grunnrente og miljøskadeleg åtfærd.
- Innføre eit skattefrådrag for folk i arbeid.
- Auke frikortgrensa.
- Auke beløpsgrensa for skattefrådrag for individuell pensjonssparing (IPS).
- Gjeninnføre ei forbetra ordning med skattefri fordel av tilsette sitt kjøp av aksjar hos eigen arbeidsgjevar.
- Gjeninnføre eit særfrådrag for einslege forsørgjarar.
- Fjerne formuesskatten på arbeidande kapital.
- Trappe opp CO₂-avgifta til 3000 kroner innan 2030 og innføre ei negativ CO₂-avgift for fangst av biogene utslepp og direkte fangst frå luft.
- Avvikle ordninga med CO₂-kompensasjon for industrien i takt med innføringa av grensejusteringsavgift for karbon (CBAM).
- Utgreie og innføre ei arealavgift som bremsar nedbygginga av natur.
- Fjerne dei nye EXIT-skattereglane.
- Styrke reguleringane og tilsynet med store multinasjonale selskap, så vi sikrar at dei betalar ein rettferdig del av skatt, og bidreg til eit meir rettferdig skattesystem.
- Innføre eit aksjeeigarregister i sanntid.
- Gjere det meir lønsamt å reparere og gjenbruke i staden for å produsere nytt gjennom å gje skattefordelar for dette.
- Opne for at kommunane kan innføre ein lokalt tilpassa turistskatt.

Ein slankare stat

Offentleg sektor i Noreg generelt, og statsforvaltninga spesielt, har stadig est ut i storleik. Utgiftene i offentlig forvaltning utgjer no rekordhøge 62 % av Bruttonasjonalproduktet (BNP). Det er langt over nabolanda våre.

I ei framtid med fallande petroleumsinntekter, knappheit på arbeidskraft og behov for auka ressursar til pensjonar og til helse- og omsorgstenester, er det heilt nødvendig å auke trykket på effektivisering, digitalisering og fjerning av unødvendig byråkrati i offentlig sektor.

Riksrevisjonen peikar på at berre ved å ta i bruk løysingar innanfor kunstig intelligens som allereie er tilgjengelege, kan offentlig sektor effektivisere arbeidsoppgåver som årleg vil tilsvare 155 000 årsverk. Slike gevinstar må hentast ut med ein heilt annan systematikk og styrke enn i dag, for å frigjere økonomiske og menneskelege ressursar både til ny næringsutvikling og til offentlege kjerneoppgåver vi vil trenge meir av i framtida, til dømes innanfor helse og omsorg.

Venstre vil:

- Ha ein samordna digitaliseringsstrategi i staten med klare mål om å realisere gevinstar og hente ein vesentleg del av desse ut i form av redusert statleg byråkrati.
- Setje årlege effektiviseringskrav til alle statsetatar.
- Alle statlege løysingar og tenester det er mogleg å digitalisere, skal digitaliserast – herunder full innføring av e-faktura og elektronisk meirverdiavgiftsoppgjer.
- Forenkle og modernisere regelverket for offentlege anskaffingar.
- Harmonisere skatte- og avgiftsreglane etter føreslått modell frå Rekneskap Noreg.
- Ha ei kraftig forenkling og opprydding i det næringsretta offentlege verkemiddelapparatet, og lage éin felles søknadsportal der næringslivet får samla oversikt på éin stad.

Statsfinanser, statleg eierskap og fondsforvaltning

Sunne statsfinanser er viktig for å sikre eit berekraftig velferdssamfunn og ein vekstkraftig økonomi. Noreg er landet i OECD med høgast offentlig pengebruk per innbyggjar. Framover vil vi i mindre grad

kunne lene oss på auka oljeinntekter, samstundes som låge fødselstal og fleire pensjonistar vil setje generasjonskontrakten under alvorleg press. Venstre vil forsvare eit raust velferdssamfunn. Dette føreset sterk reformvilje, tydelege prioriteringar og meir ansvarleg offentleg pengebruk. Det er nødvendig å auke trykket på effektivisering, digitalisering og fjerning av unødvendig byråkrati i offentleg sektor.

Handlingsregelen gjev moglegheit for auka offentleg pengebruk under nedgangskonjunkturar. Det er ein stor fordel at staten kan stimulere den norske økonomien når det er behov for det, men for å kunne behalde denne moglegheita i framtida, må vi halde meir igjen på pengebruken når økonomien går godt. Fondsverdien av Statens pensjonsfond utland (SPU) er òg venta å svinge meir framover, sidan ein stadig større del av inntektene vil kome frå aksjemarknaden, noko som ytterlegare understrekar behovet for å halde fondsuttaket i normalår moderat og stabilt.

Samstundes meiner Venstre det er viktig at handlingsrommet som uttak frå SPU gjev, blir retta inn mot tiltak som styrkjer vekstkrafta i økonomien: satsing på forskning og utvikling, vekstfremjande skattelettar og investeringar i infrastruktur. Forvaltninga av SPU må skje innanfor berekraftige rammer – både økonomisk, etisk og miljømessig – sjølv om dette skulle gje noko lågare avkastning på kort sikt. Fondet bør vere leiande innan grøn forvaltning og leggje klima- og naturmål til grunn for si porteføljeforvaltning.

Staten er inne på eigarsida i ei rekkje norske verksemdar, inkludert dei aller største. Venstre ønskjer ein eigarskapspolitikk som sikrar nasjonalt eigarskap i grunnleggjande infrastruktur, som sikrar hovudkontorfunksjonar i strategisk viktige selskap, og som tek omsyn til nasjonal tryggleik. Statleg eigarskap for eigarskapens skuld, òg i lønnsame verksemdar, bidreg berre til å gjere det offentlege sitt grep om økonomien unødvendig stort. I tillegg kan det hindre verksemdar i å hente finansiering i kapitalmarknaden og frårøve dei eit potensial for global ekspansjon.

Venstre vil:

- At det blir sett ei øvre grense på 25 prosent for kor stor del av statens utgifter (utanom petroleumsverksemd) som kan finansierast ved uttak frå SPU.

- Innføre ein regel om at avkastninga frå SPU i statsbudsjettet i all hovudsak skal nyttast til vekstfremjande skattelettar og investeringar i infrastruktur, forskning og innovasjon.
- At den offentlege sektoren sin del av bruttonasjonalproduktet (BNP) skal reduserast frå dagens nivå.
- Utvikle nye referanseindeksar for SPU, som sikrar ei forvaltning i tråd med klima- og naturmål.
- Redusere det statlege eigarskapet i selskap som blir eigd med rein forretningsmessig motivasjon (kategori 1).



6 Justis og beredskap

Det liberale demokratiet er avhengig av ein sterk og rettferdig rettsstat som vernar innbyggjarane sin fridom og garanterer for rettstryggleiken. Utan ein sterk rettsstat kan ikkje menneske leve trygge og frie liv. Rettsstaten skal sikre likskap for lova, setje grenser for maktutøving og verne om enkeltmennesket sine rettar. Samfunnet skal ikkje straffe eller forby meir enn nødvendig, men syte for tryggleik og rettferdig behandling for alle.

Politiet, påtale og kriminalitetsførebygging

Politiet og påtalemakta skal syte for effektiv handheving av rettsstaten sine lover, og fremje tryggleik og rettstryggleik for alle. Difor er Venstre oppteken av at politiet har tydelege mandat, klare rammer og tilstrekkelege ressursar, og at påtalemakta er uavhengig.

Utviklinga i politiet må følgje samfunnsutviklinga. Ei auke i saker som dreiar seg om overgrep på nett, miljøkriminalitet og økonomisk kriminalitet utfordrar politiet sitt arbeid. Eit endra kriminalitetsbilete krev at politiet rekrutterer tilsette med annan eller meir spesialisert kompetanse enn dagens politiutdanning gjev, og at politiet har ei organisering som gjer dei rusta til å møte slik kriminalitet.

Politiet sitt førebyggjande og hjelpande arbeid er viktig for å skape tillit mellom politiet og borgarane. For å byggje tillit er det viktig at politiet rekrutterer breitt, slik at politiet speglar att folkesetnaden. Førebyggjande og tverrfagleg arbeid i politiet er særleg viktig for å hindre at ungdom blir rekrutterte til kriminelle miljø. Representantar frå politi, skule, helsevesen og barnevern må jobbe saman for å styre ungdommar vekk frå ei kriminell løpebane.

Generell bevæpning av politiet bidreg ikkje til tillit og tryggleik i tenestekvardagen, men våpen skal vere tilgjengeleg i politibilane og kunne brukast i skarpe situasjonar. Venstre anerkjenner også at i gitte situasjonar er det behov for mellombels bevæpning av politiet avhengig av den konkrete trusselsituasjonen.

Venstre vil:

- Skilje påtalemakta frå politiet og grunnlovsfeste dens uavhengig.
- Utvide etter- og vidareutdanningstilbodet for politiet.
- Lage forpliktande handlingsplan for å hindre ekstremisme, radikaliser-
ing og terror.
- Styrke Spesialeininga for politisaker.
- Styrke hatkrimgruppa.
- Gjennomføre eit prøveprosjekt med bruk av kroppskamera for poli-
tiet for å redusere vald, auke ansvarlegheit samt bidra til betre bevis-
materiale i etterforsking og rettssaker.
- Innføre ei kvitteringsordning for politikontrollar, der årsaka til kon-
trollen blir oppgjeven.
- Stanse praksisen med tilrettelagt innhenting.
- Styrke Nasjonalt cyberkripsenter.
- Stanse praksisen med tilrettelagt innhenting.
- Tydeleggjere og styrke politiet si sivile beredskapsrolle.
- Flytte registreringsordninga for EØS-borgarar frå Politiet til Skatteetaten.
- Prioritere politiressursar dit kriminalitetsbiletet tilseier det.
- Innføre ein hurtigdomstol for ungdomsstraff.
- Igangsetje eit pilotprosjekt med éin-til-éin-oppfølging av unge lov-
brytarar i utvalde politidistrikt.
- Styrke eksisterande og opprette fleire avhopparprogram for unge
lovbrytarar.
- Ikkje opne for generell bevæpning av politiet.
- Sikre øyremerking av midlar til dyrepolitifunksjonane.
- Styrke Barnehusa og utvide bruken av tilrettelagde avhøyr.
- Etablere tverrfaglege team rundt barn og unge som har høg risiko for
å begå alvorlege lovbrøt, etter modell frå Danmark, med bl.a. ei men-
torordning.
- Sikre ein bufferkapasitet innan psykisk helsevern for å kartleggje
psykisk og fysisk helse for barn og unge som har høg risiko for å begå
alvorlege lovbrøt.

Domstolane

Det er avgjerande for rettsstaten at domstolane er uavhengige, upar-
tiske og effektive, og har tilgang på nok kompetanse i alle rettskrinsane
i landet. Venstre vil bidra til å oppretthalde eit ryddig skilje mellom
domstolane og dei andre statsmaktene.

Alle borgarar har krav på ei rettstrygg behandling i tråd med lova. I dag blir mange tvangsvedtak i forvaltninga fatta som ikkje blir prøvde for retten. Venstre meiner at fleire bør få moglegheita til å føre slike saker for ein domstol.

Forliksråda er viktige for å få prøvd ei sak innan rimeleg tid og utan store kostnader, og kan bidra til å dempe saksmengda til domstolane. I dag er det for lang saksbehandlingstid og for få saker som endar med ei avgjerd i forliksråda. For å styrke rettstrygggleiken i forliksråda vil Venstre sikre rett kompetanse, betre etterkontroll av sakene og godt organiserte forliksråd.

Ein fungerande rettsstat er viktigast for dei svakaste i samfunnet, slik at alle får moglegheit til å motta juridisk bistand uavhengig av kor mykje pengar ein har. Venstre vil at fleire skal ha moglegheita til å få fri retts-hjelp i og utanfor domstolane.

Venstre vil:

- Auke salærsatsane for å sikre at advokatar tek på seg offentlege oppdrag.
- Utvide rettshjelpsordninga til fleire område, mellom anna lønnstjuveri og tvangsinngrep under straffegjennomføring.
- Auke inntektsgrensa for fri rettshjelp, slik at også dei med låg inntekt blir sikra tilgang på rettspleie.
- Opprette eit førstelinetilbod, etter modell frå førstelineutvalet, for rask vurdering av om ei sak bør førast for retten.
- Revidere reglane for innsyn i straffesaker slik at dei harmonerer meir med praksis og med regelverket i sivile saker og i forvaltninga.
- Sikre at domstolane har rett opptaksutstyr.

Straff og soning

Straffenivået i samfunnet bør fastsettest ut frå allmenn- og individualpreventive omsyn, ikkje eit ønskje om hemn eller for å løyse sosiale problem. Samfunnet bør berre straffe handlingar som fører til skade eller fare for skade, på andre enn den som utfører handlinga. Straff bør ikkje brukast til å påverke folk til å ta andre moralske val enn det eit fleirtal i folkesetnaden vil.

Hovudføremålet med straffereaksjonar og soning skal vere å rehabilitere den straffedømde til samfunnet. Difor må soningstilbodet gje innsatte gode føresetnader for livet etter soning, mellom anna gjennom å tilby eit godt psykisk helsetilbod og moglegheiter for utdanning og arbeid. Samstundes må innsatte tilbys gode og varierte aktivitetar, og eit godt tilbod om ettervern etter soning. Kvinner sine soningsforhold er kritisk dårlege i Noreg i dag og må betrast.

Straffegjennomføring i samfunnet, som bruk av samfunnsstraff og straffegjennomføring med elektronisk kontroll må vidareutviklast. Ofte er samfunnet ein betre arena for rehabilitering og tilbakeføring til samfunnet enn langvarig soning i fengsel.

Vald i nære relasjonar er eit betydeleg folkehelseproblem og samfunnsproblem, og må førebyggjast og bekjempast systematisk. Valdsoffer må få eit betre hjelpetilbod og reell vern. Den norske staten må vareta menneske sin grunnleggjande rett til å vere trygg, fri og retten til å ha eit liv og ei framtid i større grad enn det det er i dag.

Mindreårige bør ikkje vere i fengsel med mindre alle andre tilbod og reaksjonsformer er forsøkt utan hell, og barn skal ikkje sone saman med vaksne. Venstre vil bruke ungdomsstraff der det er mogleg, og etablere eit tilstrekkeleg tal ungdomseiningar ved norske fengsel.

Venstre vil:

- Redusere bruken av minstestraffer og gje domstolane eit større handlingsrom for skjønnsutøving når det gjeld straffeutmåling, for å unngå at vi straffar folk lenger enn det som er nødvendig for å oppnå dei preventive omsyna, og for at gjengangarar med mange tidlegare straffbare forhold får lengre straffer som reelt verkar rehabiliterande og individualpreventive.
- Styrke kriminalomsorga.
- Auke bruken av soning med elektronisk kontroll (fotlenke).
- Styrke behandlingstilbodet for psykiske lidningar under soning, og arbeide for at innsatte ikkje blir ein kasteball mellom fengsel og psykiatri.
- Lage forpliktande handlingsplan for å førebyggje barne- og ungdomskriminalitet.
- Styrke ungdomsreaksjonar som ungdomsstraff og ungdomsoppfølging.

- Lovfeste ein rett til 8-timars utlåsing frå cella.
- Auke bruken av omvendt valdsvarsel, slik at det er valdsutøveren sin fridom, ikkje offeret sin, som blir avgrensa.
- Oppdatere valdtektslovgjevinga med mål om å innlemme fråvær av samtykke som ein del av valdtektsomgrepet.
- Oppheve sexkjøpslova og endre hallikparagrafen, samt auke støtta til frivillige aktørar som bistår sexarbeidarar og offer for menneskehandel.
- At krisesenter og overgrepsmottak for alle kjønn blir sikra økonomisk gjennom statleg støtte med nødvendig fagleg kvalitet og likeverdig tilbod til valdsutsette.
- Styrke det førebyggjande arbeidet mot partnervald ved å auke behandlingstilbodet innan sinnemeistring og aggresjonshandtering.
- Ha ei ny og betre ordning for valdsoffererstatning og sikre rett til bistandsadvokat for offer som søker erstatning.

Beredskap

Å syte for innbyggjarane sin tryggleik er ei av staten sine viktigaste oppgåver. I eit ope demokrati vil det likevel aldri kunne garanterast fullt og heilt mot alle trugsmål. Det gjer det enda viktigare å ha ein god beredskap mot trugsmål frå andre land og terrororganisasjonar, samt i tilfelle naturkatastrofar eller epidemiar og pandemiar.

I møte med alvorlege hendingar er det viktig at dei ulike delane av samfunnet vårt med ansvar for beredskap samhandlar slik at ressursar finn kvarandre, og at det finst ei tydeleg nasjonal kriseleiing. Samstundes må medvitet om tryggleik i samfunnet hevast, og vi må lære av dei hendingane vi har vore gjennom. Nasjonal matproduksjon er ein viktig del av totalberedskapen. Fysisk aktivitet og skytesaka er viktig for å oppretthalde Noregs forsvarsevne.

Forsyningssikkerheit er ein viktig del av Noregs beredskap, og forsyningssikkerheita blir utfordra mellom anna av kinesisk dominans innan høgteknologiske verdikjeder og verdikjeder som har strategisk tyding for å gjennomføre grøn omstilling. I ei meir tryggleikspolitisk utsett tid må vi ta omsyn til forsyningssikkerheit innan fleire sektorar enn før, gjerne i samarbeid med Norden spesielt og europeiske naboar generelt.

Gode og operative varslingsystem og tilstrekkeleg med tilfluktsrom er avgjerande for å verne sivile under krise- og krigssituasjonar. Kommunen må sikre ei tilstrekkeleg dekningsgrad av tilfluktsrom, og det bør vurderast strengare krav til etablering av slike ved nye byggjeprojekt. Eit eventuelt pålegg om å etablere tilfluktsrom i større byggjeprojekt må følgjast av økonomiske støtteordningar frå det offentlege, slik at ikkje kostnadene utelukkande blir velta over på bustadkjøparar.

At folk fell utanfor samfunnet, utgjer i seg sjølv ein risiko for tryggleiken. Å bekjempe ufrivillig utanforskap og inkludere fleire, er difor ein viktig del av ein heilskapleg beredskap. Venstre meiner at dette bør gjerast gjennom tillitsbyggjande arbeid, og ikkje gjennom overvaking av borgarane.

Venstre vil:

- At alle verksemder må sikrast nok informasjon om trugselbiletet til å vite kva dei skal verne seg mot.
- Jobbe for auka satsing på cyberberedskap og tryggleik.
- Ikkje bruke teknologi frå selskap med koplingar til autoritære regime for å vareta nasjonale tryggleiksinteresser i Noreg.
- Sikre eit totalforsvar som er førebudd på krise og krig, samt tydeleggjere sivile myndigheiter, næringslivet, industrien og frivilligheita sine roller og sikre at vi nyttar samfunnet sin samla kompetanse best mogleg.
- Syte for at kommunane forbetrar sine beredskapsplanar, mellom anna med fleire tilfluktsrom.
- Styrke kommunane sin kriseberedskap, herunder gjennom å samordne statleg regelverk, gå gjennom støtteordningar og leggje til rette for interkommunalt og regionalt samarbeid.
- Styrke dei frivillige beredskapsorganisasjonane sin rolle, kompetanse og økonomi i den norske redningstenesta nasjonalt og lokalt.
- Styrke frivillige og ideelle verksemder sitt engasjement i arbeid med lokale, regionale og nasjonale risiko- og sårbarheitsanalysar, beredskapsvurderingar, beredskapsplanar og i øvingar.
- Kople Noreg tettare på nordisk og europeisk beredskapssamarbeid.
- Styrke beredskap innan kritisk infrastruktur og teknologi, både nasjonalt og i samarbeid med EU.
- Utgreie etablering av ein sjølvstendig forsynings- og beredskapsorganisasjon etter mønster frå Finland (NESA).
- Styrke klima- og naturberedskapen.

Menneske på flukt

Fridom og menneskerettar stoppar ikkje ved Noregs landegrenser. Menneske på flukt har krav på rettstryggleik i møte med den norske rettsstaten. Venstre vil føre ein liberal og human asyl- og innvandringspolitikk som tek vare på dei som har behov for vern. Alle som kjem til Noreg skal få asylsøknadene sine handsama på ein skikkeleg måte og innan rimeleg tid. Dei som har behov for vern, skal få opphald, samstundes som dei som ikkje har eit slikt behov, raskt skal returnerast. Det er uansvarleg å sende menneske tilbake til land der dei risikerer å bli utsette for krig, dødsstraff, tortur, forfølging eller annan umenneskeleg og nedverdiggande behandling.

Aldri før har fleire menneske i verda vore på flukt frå krig, klimaforandringar, naud og elendigheit. Flyktningsspørsmål blir best løyste gjennom internasjonalt samarbeid. Difor bør Noreg bidra meir i globalt og europeisk samarbeid og koordinering av flyktning- og asylpolitikken. Noreg har gode føresetnader for å ta ein større del av ansvaret for folk på flukt, særleg for dei mest sårbare flyktningane.

Barn på flukt er særleg sårbare og har eit særskilt behov for vern. Difor er det viktig at dei får moglegheita til å leve så normale liv som mogleg når dei kjem til Noreg. Når asylsøknader blir handsama, skal barnas beste alltid vege tyngst. Venstre meiner at einslege mindreårige flyktningar skal få permanent opphald og følgjast opp av barnevernet i staden for å bu på mottak. Barn som søker asyl skal få rett til barnehage og vidaregåande opplæring på same måte som dei i dag har rett til grunnskuleopplæring, og retten til vidaregåande opplæring skal også gjelde for menneske over 18 år som førebels ikkje har fått innvilga opphald.

Menneske som har fått opphald i Noreg må bli sett på som ein ressurs for samfunnet. Noreg har behov for fleire folk, og ein vellukka integreringspolitikk kan bidra til å løyse viktige samfunnsutfordringar. Venstre vil at folk som har rett på vern, raskt skal integrerast i det norske samfunnet.

Diverre er det framleis slik at enkelte flyktningar blir sitjande lenge i mottak, sjølv om dei har fått opphaldsløyve og skal busettjast. Dette gjeld særleg menneske med funksjonsnedsettingar og andre utsette grupper. Venstre vil styrke kommunane sine insentiv for å bidra til at

desse menneske ikkje blir sitjande på mottak over mange år, og opne for at integrerings- og mangfaldsdirektoratet kan peike ut busettingskommunar for menneske som blir sitjande lenge på mottak, menneske med funksjonsnedsetting og andre utsette grupper, viss det ikkje lukkast å finne busettingskommune. Vi ønskjer incentiv for at flyktningar blir buande i busettingskommunar med behov for arbeidskraft og auka folketal, og tiltak for å hindre sekundærflytting til område med integreringsutfordringar.

Levekårsundersøkingar og forskingsrapportar viser at skeive med flyktningbakgrunn oftare rapporterer om psykisk uhelse, trakassering og mobbing, negativ sosial kontroll, og utryggleik med å bu i Noreg. Venstre vil jobbe for eit asyl- og innvandringssystem som har kompetanse og ressursar til å møte menneske med fleire minoritetsidentitetar på ein verdig måte.

Venstre vil:

- Sikre tilstrekkeleg hjelp og bistand til menneske som flyktar frå naturkatastrofar og klimaflyktningar.
- At Noreg skal ta imot minst så mange kvoteflyktningar som FN ber oss om, i tillegg til å bistå i nærområda.
- Tilleggje barnets beste avgjerande vekt i saker om opphaldsløyve og utvising.
- At fleire saker i Utlendingsnemnda skal handsamast i nemnd med personleg oppmøte.
- At flyktningar med lovleg opphald i Noreg, men uavklart identitet, får enklare tilgang til nasjonalt ID-kort.
- At likekjønna par må få same moglegheit til familiegjenforeining som andre.
- Gjeninnføre eit rimelegheitsvilkår for å returnere til internflukt, for å hindre at menneske blir returnerte til land der tryggleiken deira ikkje kan garanterast.
- Styrke rettstryggleiken ved at fleire blir høyrde munnleg i utvisingsaker, og alltid der barn er involverte.
- Lovfeste ein foreldelsesfrist på 10 år for tilbakekalling av statsborgarskap.
- Gje tilbod om opphald på humanitært grunnlag, basert på tilknytninga vedkomande har til Noreg i saker der uriktige opplysningar ved inn-

vandring til Noreg seinare fører til tap av statsborgarskap.

- At tap av statsborgarskap skal berre gjelde den som har gjeve uriktige opplysningar, og ingen andre. Straff og sanksjonar må vere på individuelt grunnlag, og ikkje gjevast kollektivt.
- Gjennomføre tiltak for å bekjempe transnasjonal undertrykking i Noreg.

7 Kultur, idrett og frivilligheit

Kulturen skal vere fri, med personleg engasjement og frivilligheit som grunnlag. Kulturlivet og sivilsamfunnet er avgjerande for ei opplyst offentlegheit og er dermed ei investering i demokratiet vårt. For at kulturlivet skal vere relevant og representativt for heile befolkninga, må vi leggje til rette for at enkeltmennesket har fridom og moglegheit til å uttrykkje seg. Venstre ønskjer difor ein kulturpolitikk som spreier makt, byggjer samfunnet nedanfrå og byggjer på ytringsfridom, toleranse og mangfald. Kulturlivet skal kunne utvikle seg mest mogleg på eigne premisser utan statleg overstyring.

Idretten står sterkt i norsk kulturliv, og er eit viktig samlingspunkt både for utøvarar og dei som ser på. På den måten byggjer idretten samhald og fellesskap, og gjev menneske moglegheit til å møtast og utveksle meiningar på tvers av kulturar, verdsyn og økonomisk bakgrunn. For at idretten skal kunne vere ein slik arena er det viktig at han er tilgjengeleg for alle, og at ein har fridom til å velje blant ulike idrettar og aktivitetar.

Kultur

For at samfunnet skal gje rom for eit mangfald av uttrykk, krevst det motkrefter mot einsretting. Det offentlege har eit særleg ansvar for at kulturell makt blir spreidd slik at fleire blir sett og at fleire stemmer blir høyrde. Då må det finnast fleire kjelder for finansiering av kunstuttrykk enn offentleg støtte.

Venstre vil leggje til rette for at scenekunst og visuell kunst gjennom sine uttrykk og opplevingar har gode vilkår i Noreg. Eit mangfald av institusjonar, mindre scener, galleri, plattformer og miljø er viktig for at kunsten skal utvikle seg og vere tilgjengeleg for mange. Nasjonale, lokale, større og mindre institusjonar er til saman avgjerande for den kulturelle infrastrukturen.

Det har ein eigenverdi å få medverke til å skape kunst- og kulturopplevingar. Venstre vil at fleire skal få oppleve å ta del i kunst og kultur frå ein tidleg alder, og ønskjer difor å styrke kulturskulane over heile landet. Kulturskulane bør få større fridom til å bestemme eigne satsingsområde.



Norsk kreativ næring er i verdsklasse. Samstundes får ikkje talenta våre den støtta dei treng til å byggje seg opp og lukkast i ein internasjonal marknad. Skal vi lukkast med å byggje ei større og sterkare kreativ næring i Noreg og ta ein større posisjon i den globale innhaldsindustrien, er det nødvendig med eit kraftig kreativt løft og ei satsing på auka kultureksport. Venstre vil leggje betre til rette for etablering av og vekst i kulturnæringar, slik at fleire får moglegheiter til å skaffe seg stabil inntekt frå eige arbeid.

Film, dataspel og andre audiovisuelle produksjonar er viktige delar av norsk kulturbransje, som har eit stort nasjonalt og internasjonalt nedslagsfelt. For å utløyse potensialet i både norsk filmbransje og dataspelbransje må ordningane på feltet forenklast, forbetrast og forsterkast. Dette vil styrke norsk film- og dataspelproduksjon, skape fleire bedrifter og arbeidsplassar, og kunne løfte fram Noreg som ein destinasjon for filmproduksjon.

Språk er grunnlaget for frie ytringar. Venstre vil styrke norsk som samfunnsberande språk og ta vare på det norske språkmangfaldet. Begge dei to norske skriftspråka, bokmål og nynorsk, skal vere breitt representert i samfunnet, slik at det er like enkelt å bruke det eine som det andre. Venstre vil styrke dei nasjonale minoritetsspråka, samiske språk og norsk teiknspråk.

Lesing fremjar demokrati, danning og kritisk refleksjon. Difor har fellesskapet eit ansvar for at det også i framtida blir skrive, omsett og gjeve ut bøker på norsk. Venstre ønskjer eit breitt utval av litteratur på alle norske skriftspråk og vil oppretthalde mangfaldet i bokhandelen. Samstundes er det viktig at litteraturen er tilgjengeleg for flest mogleg, både med tanke på pris og gjennom tilgang på offentlege bibliotek.

Venstre ønskjer at biblioteka skal vere møteplassar i lokalsamfunna som byggjer opp under samhald og ein god offentleg debatt. Biblioteka spelar ei større rolle i det moderne samfunnet enn berre utlån av bøker, og bør utviklast til tilgjengelege møteplassar med eit breitt tilbod av utlån, fellesverkstad og debattforum. Litteraturformidling er ein viktig dørøpnar til leseglede i heile livsløpet, frå barnehage til sjukeheim.

Uavhengige, redaktørstyrte medium er eit av våre viktigaste vern mot feilinformasjon, desinformasjon, konspirasjonsteoriar og påverknadsforsøk. Venstre ønskjer å sikre eit mangfald av utgjevingar med norsk, journalistisk innhald, og ønskjer difor ei føreseieleg og nøytral mediestøtte. Staten skal difor ikkje peike ut enkelte medium som meir meiningsberande enn andre. Mediepolitiske verkemiddel må vere plattformnøytrale. Venstre vil vidareføre modellen med allmennkringkasting, som inkluderer ein kommersiell allmennkringkastar med hovudkontor utanfor Oslo. NRK skal bidra til mangfaldet av nyheitskjelder og debattarenaer, samt dekkje geografiske tematiske område som ikkje blir trefte av andre, utan å fortrenge andre aktørar.

Kulturarv og kulturminne utgjør ein del av mangfaldet i kulturlivet, og danner ei viktig felles historie og identitet. Dei er også ei inspirasjon for nye kulturuttrykk og ei kjelde til kunnskap. Venstre ønskjer difor å ta godt vare på vår felles kulturarv, anten han gjev seg uttrykk i bygningar, fartøy, gjenstandar, tekstar eller som immateriell kulturarv.

Spesielt viktig er ansvaret for å forvalte våre verdsarv-stader, slik UNESCO føreset. Mens løyvingane som blir tilførte Riksantikvaren for å vareta våre forpliktingar er blitt stadig mindre, er lista over innskrivingar blitt stadig lengre. Venstre vil snu den negative spiralen og syte for god forvaltning av vår verdsarv.

Musea samlar, forskar på og formidlar vår felles historie og identitet, og er ein viktig arena for refleksjon rundt vårt eige samfunn. Sjølv om det er investert mykje i museumssektoren dei siste tiåra, står det svært dårleg til med mange museum. Mellom anna dei kulturhistoriske musea har dårlege vilkår, og Venstre ønskjer å prioritere eit løft for desse.

Gode arkiv og arkivinstitusjonar er viktige føresetnader for eit velfungerande demokrati og for å ta vare på nasjonen sitt minne. Satsinga på offentlege fellesskapsløyseringar som Digitalarkivet og kulturarvsdigitaliseringa i Mo i Rana er viktig for å gje heile befolkninga tilgang til si eiga historie.

Venstre vil:

- Styrke dei regionale profesjonelle kunstinstitusjonane innan bildande kunst, scenekunst og musikk.
- Styrke støtteordninga for regionale kulturbygg og kulturrom.
- Etablere eit statleg bygningsvernfond for antikvariske bygningar på museum.
- Gjeninnføre gaveforsterkningsordninga og auke skattefrådraget for private gjevarar for å gjere det meir attraktivt å trekkje til seg privat kapital til kulturinstitusjonar.
- Gjere næringsretta tiltak meir tilpassa kulturnæringar for å gjere det enklare å etablere seg og leve som kunstnar.
- Gradvis auke incentivordninga for film- og tv-produksjonar, med mål om at ordninga skal bli regelstyrt.
- Styrke verkemiddelapparatet for kultureksport.
- Innføre plattformnøytral mediemoms, og vurdere å innføre låg kultur-moms etter modell frå Sverige.
- Stimulere leselyst og leseevne ved å styrke litteraturformidlinga i heile landet.
- Auke tilskotet til medium på minoritetsspråk.
- Styrke nynorsk og samisk skriftkultur, og andre kulturuttrykk.
- At allmennkringkastarar som NRK og TV2 skal ha like og skjerpa språkkrav, også på nett.
- At samiske barn sikrast tilgang på fleire bøker, spel, digitale plattformer og filmar på sitt eige språk.
- Styrke støtteordningane for kulturminnevern for å kompensere eigarane av felles kulturminne betre.
- Auke løyvingane til våre Verdsarvstader (UNESCO).
- Innføre skattefrådrag for vedlikehalds- og restaureringskostnader knytt til verneverdige bygningar og kulturmiljø i privat eige.
- Sanksjonere øydelegging og spekulativt forfall av verna bygg og kulturmiljø hardare.
- Sikre planar for vern om kulturminne, også i krise og krig.
- Følgje opp Sannings- og forsoningskommisjonen sin rapport.
- Støtte etablering av Verdenshavsenteret.
- Utarbeide ein nasjonal arkivstrategi.

Idrett

For Venstre er breiddetilbodet i idretten det viktigaste, anten ein er aktiv i idrettsforeningar eller driv med eigenorganisert idrett. Det må leggjast til rette for idrettsarenaer som kan brukast av mange idrettar og aktivitetar på ulike nivå.

I dag opplever vi ei frivilligheitskrise i idretten med ein aukande mangel på trenarar for barne- og ungdomsidretten. Dette er ei av dei viktigaste oppgåvene å løyse framover. Venstre vil gjere det lettare å vere frivillig ved å styrke rammevilkåra til idrettslaga. Digitale løysingar, fleirårige søknader og forenkla rapportering er difor viktige bidrag frå det offentlege.

Idretten er i dag mellom anna finansiert gjennom overskot frå penge-spelmarknaden gjennom dei såkalla tippemidlane. Norsk Tipping er likevel berre éin av fleire aktørar på spelmarknaden i dag. Målet om å redusere skadane som spelavhengigheit fører med seg kan oppnåast med andre verkemiddel enn spelmonopolet, og Venstre vil difor evaluere norsk spelpolitikk.

Dataspel og e-sport er i vekst, og unge spelarar treng møteplassar og auka anerkjenning. Vi vil difor at e-sport skal bli eit eige valfag i skulen. E-sporten manglar i dag lokale, og vi vil difor at fleire offentlege bygg skal stillast til rådvelde for samlingar. E-sportdeltakarar får ikkje idrettsvisum for å delta på turneringar i Noreg. Vi vil endre denne regelen slik at dei blir definerte som sportsutøvarar med rett til visum.

Venstre vil:

- Støtte utlånsordningar for utstyr og redusere barrierane for deltaking gjennom å gje offentleg støtte slik at idrettslag kan redusere eller fjerne kontingentar og treningsavgifter for barn og unge som bur i låginntektsfamiliar.
- At idrettsarenaer og friområde blir utforma for å kunne brukast av eit mangfald av aktivitetar, og vere tilgjengeleg for eigenorganisert idrett.
- Styrke paraidretten, både for breidda og toppen.
- Leggje til rette for fleire internasjonale idrettsarrangement i Noreg og få på plass ei tilskotsordning på statsbudsjettet.

- Bidra til å realisere eit nytt nasjonalt toppidrettssenter i Oslo.
- Styrke stipendordningane for toppidrettsutøvarar for å bidra til at fleire utøvarar, også i mindre idrettar, får utøve idretten på toppnivå.
- At e-sportdeltakarar skal definerast som idrettsutøvarar med rett til idrettsvisum.

Frivilligheit, tru og livssyn

Det har ein sjølvstendig verdi at ikkje alt i samfunnet er organisert gjennom det offentlege eller det private markedet. Frivilligheita er ein viktig del av sivilsamfunnet, og frivilligheit har ein sterk plass i norsk kultur. Det offentlege skal ikkje styre frivilligheita, men leggje til rette for ho.

Innsatsen til dei frivillige organisasjonane utgjer ein stor verdi, men iveren etter frivillig arbeid blir mindre av å møte byråkratiske og dårleg tilpassa ordningar. Venstre vil gjere kvardagen deira lettare ved å forenkle registreringsordningar og rapporteringskrav for frivillige organisasjonar.

Venstre vil ha eit livssynsåpent samfunn. I dag får ulike trus- og livssynssamfunn ulik finansiell støtte frå staten. Vi meiner at alle individ sine val av tru- og livssyn er likeverdige, og vil difor også likestille støtta. Respekt for menneskerettar må stillast som krav for å motta offentleg støtte. Trossamfunn må i større grad finansierast av medlemmene.

Tru og livssyn er djupt personleg, og samfunnet skal sikre og ivareta full trusfridom. Venstre vil ha betre tilgang på livssynsnøytrale seremonirom som kan brukast til gravferder og andre høgtidelege høve.

Venstre vil:

- Leggje til rette for fleire møteplassar og lokale som er tilgjengeleg for frivillig arbeid.
- Sikre full momskompensasjon til idrett og frivilligheit gjennom ei regelstyrt ordning.
- Utvide ordninga med skattefrådrag for gåver til visse frivillige organisasjonar betydeleg for personlege skatteytarar, og innføre ei eiga og høgare frådragsgrense for bidrag frå næringslivet.
- Som hovudregel nytte fleirårige tilskotsavtalar for frivillige og ideelle

organisasjonar, for å gje større føreseielegheit for mottakarane.

- Gjere det mogleg for organisasjonar å kunne søkje og rapportere éin stad på tvers av offentleg forvaltning, og at dataene for søknader skal kunne gjenbrukast.
- Likebehandle trus- og livssynssamfunn i offentlege tilskotsordningar.
- At støtta til trus- og livssynssamfunn skal ta utgangspunkt i medlemstal, og at oppgåver som trus- og livssynssamfunn utfører på vegne av myndigheitene skal finansierast separat.
- Avkorte den offentlege støtta til trus- og livssynssamfunn som har ein praksis som strir mot grunnleggjande liberale og demokratiske verdiar.
- Auke tilgangen til livssynsnøytrale seremonirom i heile landet.
- Oppheve lov om helgedagsfred.



8 Barn, familie og likestilling

Alle barn skal ha ein trygg oppvekst, og alle familiar skal få hjelpa og støtta dei treng frå det offentlege til å skape seg gode liv, uavhengig av korleis dei er samansette. Ingen skal oppleve diskriminering på grunn av kven dei er, korleis dei ser ut eller kvar dei kjem frå. Det finst framleis systematiske skeivheiter mellom menn og kvinner sine moglegheiter i samfunnet, som vi treng aktiv politikk for å motverke. Barns beste vil alltid vere den viktigaste prioriteringa i Venstre sin familiepolitikk.

Oppvekst

Barn og unge som lever i låginntektsfamiliar får ikkje dei same moglegheitene som sine jamaldringar. Mange mister moglegheita til å delta på viktige sosiale arenaer på lik linje som andre. Dei opplever oftare mobbing, får i snitt dårlegare karakterar og dei fell i større grad ut av vidaregåande opplæring. Ein oppvekst i vedvarande låginntekt kan resultere i lågare deltaking i barnehage og fritidsaktivitetar, dårlegare buforhold, svakare skuleresultat, mindre utdanning og dårlegare helse. Dette gjer at dei i langt større grad enn sine jamaldringar opplever utanforskap. Sjølv om alle kan oppleve å få psykiske helseplagar i løpet av livet, er det likevel ein klar samanheng mellom fattigdom som barn og negative følgjer for psykisk og fysisk helse.

For mange barn som veks opp i Noreg i dag opplever ufridom som følgje av vald og overgrep, negativ sosial kontroll og fattigdom. Vi manglar koordinert oppfølging av utsette barn. Difor vil Venstre etablere møteplassar for fagfolk frå barnevern, skule, barnehage og kommune der dei kan jobbe med langsiktig oppfølging av desse barna, og styrke samarbeidet mellom heim, politi, skule, barnehage, barnevern, helsestasjonar og frivillige organisasjonar. Vi vil også styrke tilgangen til barnekoordinator for familiar som vil ha behov for langvarige og samansette eller koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester. Familiar der føresette sine føresetnader gjer at barna er ekstra utsette treng meir merksemd frå det offentlege. Vi vil difor etablere eigne innsatsgrupper i skulehelsetenesta som kan følgje opp slike familiar.

Arbeidet for å førebyggje og bekjempe negativ sosial kontroll må styrkast, og barn og unge som blir etterlatne i utlandet mot sin vilje, må få hjelp. Venstre vil styrke rettsvernet for dei som blir utsette for tvangsekteskap og illegitime ekteskap. For å gje fleire moglegheit til å snakke med ein mangfaldsrådgjevar, vil vi utvide mangfaldsråd-gjevarordninga til fleire vidaregåande skular og ungdomsskular.

Alle barn treng foreldre. Vi treng fleire foster- og adoptivforeldre for å sikre alle barn ein så trygg og stabil familiesituasjon som mogleg. For å rekruttere foster- og adoptivforeldre må vi styrke både foreldra og barna sine rettar. Venstre vil sikre reell likestilling mellom einslege og par, uavhengig av kjønn, og auke rekrutteringa blant minoritetar. Vi vil også doble adopsjonsstøtta og sikre adoptivforeldre same permisjonsrettar som dei som føder sine egne barn.

Det er i dag ei utfordring at kvaliteten på SFO/AKS varierer mykje frå kommune til kommune. SFO/AKS skal stimulere til både leik og læring. Det er også viktig at tilbodet gjev barna eit godt kreativt, praktisk og estetisk tilbod. Meir samarbeid med ulike frivillige aktørar er viktig for å heve kvaliteten på tilbodet.

Alle har rett til eit privatliv, også på sosiale medium. Barn er særleg utsette for personvernbrott. Det er dei vaksne sitt ansvar å ta omsyn til og sikre barn sitt personvern. Vern av barn sitt digitale privatliv må styrkast.

Venstre vil:

- Innføre eit fritidskort for barn mellom 6 og 18 år i familiar med låg inntekt.
- Sikre gode frifondordningar for barne- og ungdomsorganisasjonar.
- At Noreg skal ratifisere barnekonvensjonen sin individuelle klageordning.
- Styrke familievernkontora.
- Rekruttere fleire fosterheimar, gje betre støtte og økonomiske rammevilkår til fosterheimar og syte for betre ettervern til fosterbarn.
- Sikre barn rett til samvær med begge sine foreldre. Myndigheitene må utgreie sterkare verkemiddel mot samværshindringar og foreldreframandgjering etter skilsmisse og samlivsoppløysing.

Barnevern

Ikkje alle barn har gode liv i heimen. Nokre familiar treng rettleiing og støtte, i andre tilfelle er det nødvendig å ta barnet ut av heimen. Barnevernstenestene gjer vanskelege vurderingar som har stor innverknad på enkeltpersonar sine liv. Familiar kan oppleve møtet med barnevernet som skremmande. Difor er det vesentleg at barnevernet evnar å rekruttere og halde på kvalifisert personale. For å redusere konfliktnivået, ønskjer Venstre å styrke kompetansen i barnevernet og helsestasjonane sin rolle i å tilby hjelp og rettleiing til familiar.

Staten har etter barnekonvensjonen ei plikt til å verne barn. Då må det vere rimeleg likskap i kapasitet og kvalitet i det offentlege sine tenester, uavhengig av kvar i landet barnet bur. Likevel er det tilfelle der barn sine rettar systematisk blir brotne, utan at kommunen klarer å rette opp i rettighetsbrotet. I slike tilfelle må staten ha eit ansvar for å gripe inn.

Mange barn opplever mange flyttingar mellom ulike institusjonar og fosterheimar og dermed nye brot. Barn må forhalde seg til mange fagpersonar og forklare seg mange gonger om det same. For nokre er barndommen prega av ei lang rekkje rettssaker, som gjer at dei aldri får fred. Det er behov for å sjå saker om omsorgsovertaking og tilbakeføring i samanheng med foreldretvist saker.

Venstre meiner at jo større grad av myndigheit som blir utøvd på ein institusjon, desto meir talar for at den skal driftast av det offentlege. Samstundes kan private barnevernsinstitusjonar vere eit viktig supplement til det offentlege.

Venstre vil:

- Sikre at barnets beste alltid skal vere det overordna prinsippet i saker som involverer barn.
- Styrke helsestasjonane sin rolle i foreldrerettleiing og andre hjelpetil-tak til familiar.
- At omsorgsovertaking som hovudregel ikkje blir vedtatt før det føreligg eit konkret tilbod om plassering av barnet.
- At hovudregelen ved omsorgsovertakingar skal vere at sysken blir plasserte saman, så sant dette ikkje strir mot omsynet til deira beste.
- At Noreg må ratifisere Barnekonvensjonen sin individuelle klageordning.

- Utvide Barneverns- og helsenemnda sin kompetanse i omsorgsovertakingssaker til å også omfatte fast bustad etter barnelova, og gje nemnda kompetanse til å plassere barn i psykisk helsevern når det er til barnets beste.
- At institusjonar skal vere mindre spesialiserte, slik at barn ikkje må flytte i like stor grad som no.
- Sikre langsiktige og løpande avtalar med private leverandørar av barnevernstenester, og vurdere om institusjonsplassar i framtida bør vere anbudsbaserte som i dag.
- Gje barn og unge i institusjon nødvendig helsehjelp i institusjonen. Det må bli ei klarare ansvarsdeling mellom barnevernet og helsetenesta.
- Auke mangfaldskompetansen i barnevernet og rekrutteringa av fleirkulturelle fosterheimar.
- Gjere ei grundig vurdering av moglegheita for tilbakeføring ved omsorgsovertaking og i dei første par åra. Dei biologiske foreldra sin høve til å reise rettssaker bør av omsyn til barnet avgrensast meir enn i dag.
- Gje fosterforeldre partsrettar og slik at dei kan høyrast i rettssaker om tilbakeføring. Rettane til besteforeldre og sysken må også forbe-trast i alle barnereittssaker.
- Syte for ein god overgang mellom ungdoms- og vaksenlivet ved å gje reell moglegheit til ettervern fram til 25 års alder.
- Gå gjennom tildelinga til Oslo kommune på barnevernsfeltet for å sikre ei forholdsmessig finansiering.

Familie

Familien er for dei fleste det viktigaste sosiale og økonomiske felles-skapet ein er ein del av. Samstundes har familieomgrepet blitt kraftig utvida dei seinare tiåra, og omfattar i dag langt fleire konstellasjonar enn det tradisjonelle «mor, far og barn». Det er særleg viktig for barn, men også for vaksne, at samfunnet anerkjenner ulike former for familie-samansetjingar, inkludert aleineforsørgjarar, likekjønna par og foreldre og enkeltpersonhushald.

Låge inntekter kan gje svært negative konsekvensar for familiar og barn. Venstre vil difor auke og skattleggje barnetrygda, slik at familiar med låg inntekt får meir enn dei gjer i dag, medan familiar med høg inntekt

får noko mindre (etter skatt). Vi vil samstundes at barnetrygda blir halden utanfor grunnlaget for berekning av sosialhjelp og fjerne kommunane sitt høve til å redusere utbetalingane til familiar som mottar barnetrygd.

Venstre vil ha sosiale støtteordningar som gjev barn fleire moglegheiter og betre føresetnader til å leve sjølvvalde liv. Barnehagen er ein viktig arena for fellesskap og utvikling. Kontantstøtta inneber at fellesskapet bidreg med økonomisk støtte for at foreldre skal kunne halde barnet sitt borte frå barnehagen. Venstre meiner dette er feil prioritering av fellesskapet sine ressursar og vil difor prioritere full barnehagedekning og avvikle kontantstøtta.

Venstre vil gje alle foreldre større moglegheiter til å delta i eigne barn sine liv heilt frå fødselen. Difor stod vi bak omlegginga av foreldrepermisjonen til dagens tredelte ordning der mor og far har rett til 15 veker permisjon kvar, og 16 veker til fri fordeling mellom seg. Vi ser at dette har ført til at familiar har fordelt permisjonstida jamnare, og vil difor vidareføre ordninga slik ho er i dag. Retten til foreldrepermisjon skal vere individuell, og difor vil vi at far skal få sjølvstendig uttaksrett til farspermisjon og adopsjonspermisjon.

Stadig fleire av oss bur åleine i større delar av livet. Åleinebuande opplever at mange levekostnader kan bli uforholdsmessig høge fordi dei er berekna for å delast på fleire. Dette gjeld særleg utgifter som kommunale avgifter, som blir berekna pr. husstand, ikkje pr. person. Venstre vil gå gjennom dei økonomiske vilkåra for åleinebuande og utgreie om det er mogleg å knyte fleire hushaldsutgifter som offentlege avgifter til personar i staden for til hushald. Vi ønskjer også å innføre fleire familierabattar for einslege forsørgjarar.

Forbruksgjelda har auka formidabelt dei seinare åra, med brutale konsekvensar for dei mest sårbare hushalda, ikkje minst dei med barn. Venstre vil stramme inn moglegheita for å tilby spesielle rabattar ved å opprette bestemte kredittkortavtalar, og vurdere innstrammingar knytt til marknadsføring av forbrukslån.

Venstre vil:

- Kraftig auke barnetrygda og skattleggje ho.
- Avvikle kontantstøtta.
- At begge foreldre skal få sjølvstendig uttaksrett til foreldre- og adopsjonspermisjon.
- Opne for fleirforeldreadopsjon for å leggje til rette for fleire enn 2 juridiske foreldre, for å sikre barnet sine rettar også til opphavleg familie.
- Opne for fleire enn to juridiske foreldre.
- Utgreie om fleire hushaldsutgifter som offentlege avgifter kan knytast til personar i staden for hushald.

Likestilling og mangfald

Fridom handlar også om likestilling. I eit liberalt demokrati skal alle kunne vere seg sjølv og leve det livet dei sjølv ønskjer. I ein kultur prega av likestilling blir alle menneske respekterte og kan kjenne seg trygge uavhengig av mellom anna kjønn, seksuell orientering og funksjonsevne.

Det er ein grunnleggjande, liberal verdi at det skal vere likestilling mellom kjønna. Sjølv om Noreg er eit veldig likestilt samfunn, er vi ikkje i mål før alle kjønn har like moglegheiter. Vi har framleis ein veldig kjønnsdelt arbeidsmarknad, der fleire kvinner jobbar deltid og der mange fag er dominerte av eitt kjønn. Forsking viser at gutar i mindre grad enn jenter lukkast i skulen. Venstre vil gå gjennom reglar og ordningar med tanke på å avdekkje og fjerne systematisk diskriminerande tiltak.

I eit liberalt samfunn skal alle kunne leve liva sine i fridom frå rasisme og diskriminering, og utan å bli utsette for negativ sosial kontroll. Likevel opplever menneske med fleirkulturell bakgrunn diskriminering. Det har alvorlege konsekvensar for den enkelte, og er over tid med på å auke utanforskap. Venstre meiner at det er nødvendig å setje i verk målretta tiltak for å bekjempe rasisme og diskriminering.

Alle skal ha retten til å bestemme over eigen kvardag. Venstre ser på universell utforming som eit avgjerande verktøy for å sikre likestilling for alle menneske. Det er fleirtalet si plikt å syte for at minoritetar blir godt varetekne og får utfolde seg. Funksjonsnedsetting skal ikkje hindre adgang til, og aktiv deltaking i utdanning, arbeidsliv eller fri-



tidsaktivitetar. Ordninga med brukarstyrt personleg assistanse (BPA) må regulerast betre slik at ordninga blir praktisert meir einsarta og at det blir lettare for brukarar av ordninga å flytte mellom kommunar. Norsk teiknspråk er under press. Venstre vil følgje opp dette med ein handlingsplan.

Det er i tråd med grunnleggjande liberale verdiar at alle skal kunne leve ope med sitt kjønnsuttrykk og si seksuelle orientering. Diverre er det framleis mange i LHBT+-befolkninga som opplever diskriminering, vald og hets for å vere seg sjølv. Venstre vil arbeide for at alle skal kunne vere trygge og frie. Vi vil ha ei brei tilnærming til seksualitetsopplæring slik at barn og unge opplever skulen som ein trygg arena for å lære om kropp og helse, integritet og grensesetjing, lyst og mangfald.

Venstre vil:

- At Noreg skal inkorporere heile FN-konvensjonen om menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD), med valfrie protokollar, i den norske menneskerettslova.
- At BPA-ordninga skal vere statleg finansiert og innrettast for å gje brukarane moglegheit til å leve eigne liv og vere den ein er.
- Innføre ein tredje juridisk kjønnskategori, kombinert med ei gjenomgang av relevant lovgjeving.
- Jobbe for at nye personnummer blir kjønnsnøytrale, og kjem på plass så raskt som mogleg.
- Styrke ordninga for aktivitetshjelpemiddel til personar over 26 år med funksjonsnedsettingar.
- Implementere ei omorganisering av teiknspråklege tolkar slik at det blir organisert nasjonalt og på sjølvstendig grunnlag utanfor Nav der kvalitet, brukarmedverknad og oppfylling av demokratiske rettar er sentralt og reelt.
- At barn skal ha alderstilpassa undervisning gjennom heile skoleløpet der dei skal lære at det finst eit mangfald av seksuelle orienteringar, kjønnsidentitetar og kjønnsuttrykk, og at alle har rett til å vere seg sjølv.
- Innføre kjønnsnøytral føremålsbestemming i likestillings- og diskrimineringslova.
- Styrke helsetilbodet til transpersonar og ikkje-binære.
- Oppretthalde forbod mot konverteringsterapi.

- Bekjempe negativ sosial kontroll, og undertrykkjande kulturell og religiøs praksis.
- Bevare rasismeparagrafen og følgje opp implementeringa av handlingsplanar mot antisemittisme og islamofobi.
- Avskaffe separasjonsperioden ved enda ekteskap.

9 Demokrati og teknologi

Venstre meiner at makta skal liggje hos individet. Difor er vi opptekne av å styrke enkeltmennesket sine rettar og å forsvare og utvide det liberale demokratiet. Ytringsfridom, rettstryggleik og stemmerett for alle er sentrale berebjelkar i det norske samfunnet. Venstre vil bekjempe all diskriminering og rasisme og stå opp mot undertrykking og autoritært tankegods.

Venstre sitt prinsipielle syn er at i ein liberal stat skal ingen posisjonar gå i arv. Ei eventuell avvikling av monarkiet må forankrast i ei folkerøysting.

Det er dei unge som må leve med dei politiske avgjerdene som blir fatta, både i dag og i framtida. Venstre meiner at 16-åringar bør få lov til å stemme og stille til val, både nasjonalt, regionalt og kommunalt.

Lokaldemokratiet

Venstre er opptekne av lokaldemokratiet og vil ha opne og sterke kommunar. Vi har alltid vore ein sterk forsvarar av det kommunale sjølvstyret, desentralisering av makt, folkeleg deltaking i styringa av samfunnet og avgrensing av staten si rolle. Venstre vil difor at statlege overføringar til kommunane skal skje på ein måte som gjer det mogleg med lokale prioriteringar. Bruken av øremerking frå staten bør reduserast, og kommunane bør få ein større del av løyvingane som frie inntekter.

Det er i dag ikkje samsvar mellom det ansvar kommunane er pålagde, dei statlege overføringane og dei reelle politiske påverknadsmoglegheitene lokaldemokratiet har. Venstre vil gje kommunane meir ansvar, men det føreset større einingar. Enkelte kommunar kan fint handtere oppgåver som i dag ligg på eit regionalt eller statleg nivå. Vi vil difor gå bort frå prinsippet om at alle kommunar må gjere det same.

Mange av dagens kommunar er likevel for små til å tilby fagleg forsvarlege tenester på alle område til sine borgarar. Venstre vil gjeninnføre og kraftig styrke insentiva til kommunesamanslåingar for å skape eit betre tilbod til folkesetnaden over heile landet.



Venstre har som mål at vi skal ha større og sterkare kommunar som kan gje eit fullverdig tilbod til sine innbyggjarar, og reduserer administrative kostnader og ressursbruk på kommunal forvaltning. I løpet av komande stortingsperiode bør det difor startast arbeid med ei heilskapleg kommunereform som tilpassar kommunestrukturen til dagens reelle bu- og arbeidsmarknadsregionar. Som ein del av ei slik reform bør også organiseringa på fylkes-/regionnivå vurderast.

Kommunane står oppe i store endringar, bl.a. som følgje av endringar i befolkningssamansetjinga. Det blir fleire eldre, og mange av dei treng tenester frå kommunane. Samstundes er det mangel på arbeidskraft. For at kommunane skal kunne gje gode tenester, må dei få større fridom til å prøve ut nye arbeidsmåtar og ny arbeidsdeling mellom yrkesgrupper. Dette føreset ei gjennomgang av lovverk som avgrensar denne handlefridommen.

Nærleik til offentlege tenester er viktig for innbyggjarane. Venstre støttar etableringa av «Statens hus» i fleire større distriktskommunar, der statlege kontor kan samlast og gjerast lettare tilgjengeleg for innbyggjarane. Nye statlege arbeidsplassar bør som hovudregel leggjast utanfor Oslo-området. I tillegg bør det vurderast å flytte enkelte eksisterande statlege arbeidsplassar ut av Oslo etter ei konkret vurdering.

Venstre meiner at borgarane og media skal ha innsyn i korleis folkevalde organ og administrasjon arbeider og fattar avgjerder. Difor vil vi innføre eit lobbyregister – ei oversikt over korleis organiserte interesser påverkar politiske prosessar. Det er også behov for større openheit rundt habilitet i samband med aksjeeigarskap for folkevalde og elles i det offentlege. Venstre vil difor utgreie eit nytt regelverk for dette som også skal gjelde kommunar og fylkeskommunar.

Norsk suverenitet på Svalbard er avgjerande for norsk nordområdepolitikk, og vi vil byggje vidare på denne. Svalbard er ein viktig del av Noreg, og utviklinga av Longyearbyen som norsk familiesamfunn ein viktig del av svalbardpolitikken. Vi vil leggje til rette for fornybar energibruk på Svalbard og auke forskingsaktiviteten. Kritisk infrastruktur i Longyearbyen, som energiproduksjon, vatn og avløp må oppgraderast i takt med behova det auka beredskapsnivået i Arktis krev, og staten

sitt ansvar for dette må tydeleggjerast. Vi vil også setje strenge krav til berekraftig utvikling og sikre større mangfald og lokal forankring i næringslivet på Svalbard.

Venstre vil:

- Senke stemmerettsalderen til 16 år i alle val.
- At ektepar må kunne velje folkeregistrert bustadsadresse uavhengig av kvarandre. Dei må sjølv avgjere kva som er ekteparet sin primærbustad.
- Gjere demokrati til eit større tema i introduksjonsprogrammet for menneske som er nye i Noreg.
- Gjeninnføre og forsterke insentiv til kommunesamanslåingar.
- Gjeninnføre hovudstadstillegget.
- Etablere «Statens hus» i fleire større distriktskommunar.
- Innføre sanksjonsmoglegheiter for brot på offentleglova.
- Venstre vil innføre eit lobbyregister etter modell frå EU-institusjonane (EU Transparency Register), for å sikre openheit rundt politisk påverknad.
- Leggje til rette for fornybar energibruk på Svalbard og auke forskingsaktiviteten.
- Setje strenge krav til berekraftig utvikling og sikre større mangfald og lokal forankring i næringslivet på Svalbard.

Framveksande teknologiar – kritisk viktige kunnskapsbehov

Dagens geopolitiske situasjon med krig, energikrise, klimaendringar, teknologiske omveltingar, demokrati under press og sterke diktatur med globale ambisjonar som satsar stortilt på teknologi, utfordrar oss som samfunn på mange frontar. Forskings- og teknologipolitikk må i større grad sjåast i samheng med andre politikkområde og i eit geopolitisk perspektiv.

Vi har i Noreg ei betydeleg offentleg finansiering av forskning. I den nye geopolitiske situasjonen er det likevel behov for ei tydelegare prioritering av, og strategiske satsingar på, område der Noreg må ha kunnskapsberedskap, på område der Noreg har særskilde fortrinn og ambisjonar, samt på område der kunnskap og teknologi er avgjerande for å innfri forpliktingane Noreg har påteke seg t.d. innan klima og forsvar. Tett dialog og samspel mellom forskings- og innovasjonsmiljø og bedrifter er også viktigare enn nokon gong.



Framveksande teknologiar det er kritisk viktig for både det offentlege Noreg og norsk næringsliv å ta ein sterk posisjon på og ha felles strategiar på, er mellom anna bioteknologi og bioøkonomi, kvanteteknologi, sensorteknologi og kunstig intelligens (KI)

Desse teknologiane er sektorovergripande. Å henge med i kunnskapsutviklinga her er definerande for utviklinga på svært mange samfunnsområde, slik som helse, energi, transport, klima, beredskap og forsvar. På alle desse områda pågår det eit globalt kappløp om å ligge i front teknologisk, ta marknader og definere samfunnsutviklinga. Kina og USA leier an og har dei siste åra auka sine satsingar på FoU kraftig, samstundes som EU og mange europeiske land no er i ferd med å «gire om».

Auka investeringar i desse teknologiane innanfor grunnforskning, bruk/kunnskapsoverføring og sivilt-militært samarbeid den neste stortingsperioden vil difor vere avgjerande for Noregs framtidige konkurransekraft, produktivitet og beredskaps- og forsvarsevne.

Venstre vil:

- Utvikle meir koordinert politikk for framveksande teknologiar på tvers av sektorar og departement
- Styrke kunnskapen om nøkkelteknologiar, teknologisk utvikling og framsyn i forvaltninga generelt, og blant forsvars- og beredskapsaktørar spesielt.
- Oppskalere utdanningstilbodet innanfor dei nye framveksande teknologiområda
- Prioritere midlar til auka investeringar i kvanteteknologi, bioteknologi og kunstig intelligens, både innan FoU, anvending og forsvar og beredskap.
- Etablere ei ordning etter modell frå Grøn plattform for å stimulere utvikling og bruk av nøkkelteknologiar
- Satse på auka sivilt-militært samarbeid innan forskning og utvikling, ved å etablere systematikk for å identifisere fleirbruksmoglegheiter (dual-use) og skjerma forskning. I tillegg må talet forskingsutførande aktørar som kan utføre gradert forskning aukast.
- Gå gjennom regelverk og byråkrati for å fjerne unødvendige barrierar for forskning og bruk av nøkkelteknologiar til samfunnsnyttige føremål innanfor nasjonalt handlingsrom.

- Syte for at Noreg er ein aktiv part i arbeid med internasjonale avtarar, reguleringar og standardar knytt til risikabel bruk av teknologi (dual-use), eksempelvis biovåpenkonvensjonen og vidareutvikling av KI-regelverk.
- Stille krav til utlysingar av midlar til forskings- og teknologiinfrastruktur om at relevante aktørar innan offentleg sektor og næringslivet skal ha tilgang, slik at ein får effektiv bruk av felles, kostbar infrastruktur og slepp å duplisere investeringar.
- Utarbeide ein nasjonal strategi for kvanteteknologi.

Regulering og personvern

For å sikre trygg utvikling av KI, må det regulerast på ein måte som svarar til utfordringane, utan å bremse verdiskaping og positiv utvikling. Vi må også vidareutvikle Noregs nasjonale strategi for kunstig intelligens, slik at vi kan dra nytte av dei store moglegheitene som finst. Det er også nødvendig å styrke forskinga på KI og tydinga og påverknaden det har på samfunnet.

Kunstig intelligens kan gjere offentlege prosessar meir effektive, men avgjerdene som blit tekne med hjelp av kunstig intelligens, må kunne etterprøvast.

Det mest oppdaterte regelverket for digitalisering, kunstig intelligens, databehandling og andre nye teknologiar blir i dag utvikla av EU. Dette til trass for at det meste av teknologiutviklinga skjer i USA og i Asia. Venstre meiner det er nødvendig at regulering av teknologi skjer i samarbeid mellom land, også fordi det berre er på den måten marknadene blir store nok til at teknologiselskapa blir nøydd til å forhalde seg til lovgjevinga som blir innført. Globale teknologiselskap har stor makt og innverknad. Noreg må vere ein pådrivar for felles europeisk regulering som sikrar at innbyggjarar sine grunnleggjande rettar blir varetekne. Samstundes må ikkje regulering hindre at norske og europeiske teknologiselskap kan vekse og konkurrere. Venstre vil difor syte for at Noreg raskt implementerer regelverk som blir vedteke av EU, herunder Artificial Intelligence Act, og etablerer system for å handheve desse.

Eit nært forhold til EU er likevel ikkje til hinder for at Noreg kan gå lenger på visse område. For Venstre er særleg personvernet eit slikt

område. Personinformasjonen som blir samla inn om oss, er ein handelsvare som blir brukt til omfattande målretta marknadsføring mot oss som forbrukarar, ofte på individnivå. Venstre vil at Noreg skal jobbe saman med EU for å regulere dette marknaden, og mellom anna vurdere forbod mot datadriven personleg tilpassa marknadsføring.

Vi meiner at alle menneske har rett på eit rom som berre er sitt, og at det skal tungtvegande grunnar til for å drive med overvaking av norske innbyggjarar. Vi seier difor nei til alle former for digital masseovervaking av norske innbyggjarar, og vil syte for at terskelen for at politiet får bruke skjulte tvangsmiddel (til dømes telefonavlytting, videoovervaking eller skjult ransaking) er høg nok til at det berre skal brukast i dei aller mest alvorlege sakene. Vi vil unngå lagring av IP-adresser og andre typar digitale masseovervakingar der nytteverdien ikkje rettferdiggjør inngrep i folks privatliv. Dette gjeld både nasjonalt og på tvers av landegrenser.

Bruken av kontantar som ein av dei få anonyme betalingsmåtane er under sterkt press. Venstre vil arbeide for å få på plass gode anonyme digitale betalingsløysingar som er universelt tilgjengelege, men inntil slike løysingar er på plass, må vi framleis sikre moglegheita til å kunne betale med kontantar for grunnleggjande varer og tenester. Vi vil også handheve prinsippet om nettnøytralitet som føresetnad for å sikre god digital infrastruktur over heile landet.

Tilgang til internett er avgjerande for moglegheita til å finne informasjon, delta i samfunnsdebatten og for tilgang til ei rekkje tenester i menneske sine liv. Venstre vil difor sikre at alle i Noreg har tilgang til raskt og godt internett, også der leverandørane ikkje vurderer utbygging som kommersielt lønsamt.

Offentlege verksemder må sikre data og register over data som verksemda har rett til å samle inn om folkesetnaden på ein betre måte enn i dag. Krava til tryggleik må aukast. EOS-utvalet, som kontrollerer dei hemmelege tenestene på vegner av Stortinget, må få tilstrekkelege ressursar til å følgje med i den teknologiske utviklinga.

Venstre vil:

- Utarbeide ein langtidsplan for den digitale infrastrukturen.
- Styrke gjennomføringskraft og samordning av bruk av kunstig intelligens i offentleg sektor.
- Følgje nøye med på spreiring, og ta nødvendige tiltak både nasjonalt, saman med EU, og internasjonalt for å motverke storskala spreiring av desinformasjon, spesielt gjennom algoritmar, og sosiale medium.
- Etablere eit eige algoritmetilsyn.
- Styrke forskinga på samfunnskonsekvensane av kunstig intelligens.
- Utgreie korleis mellom anna åndsverksreglane, straffeprosessreglane, konkurranseretten og forvaltningsregelverk skal tolkast og nyttast i lys av bruk av kunstig intelligens.
- Innføre eit forbod mot reklame som er basert på masseovervaking, sporing og profilering av enkeltpersonar.
- Jobbe for rettighetsfesta tilgang til eigne data, med krav til større selskap og mekanismar for å sikre identiteten til den som ber om tilgang.
- At offentlege data må delast og tilgjengeleggjerast i større grad enn i dag, og på standardiserte format.
- Sikre at det offentlege brukar eit eID-system som alle kan få tilgang til, og jobbe for at eID som det offentlege brukar er basert på opne standardar.
- Endre finansieringsmodellen for IT-prosjekt slik at det blir enklare å få til kontinuerleg utvikling.
- Stille krav om at nye offentlege IT-prosjekt som hovudregel skal produsere open kjeldekode, i samsvar med krava til DPGA.
- Setje av midlar til å opne opp kjeldekode for eldre system der det er føremålstenleg.
- Stille krav om brukarsentrert utvikling i offentlege IT-prosjekt.
- Lovfeste rett til brukartilpassa og brukarvennlege offentlege digitale tenester, etter modell av lova om klarspråk.

Bioteknologi og bioøkonomi

Bioteknologi er allereie blant dei raskast veksande industriane globalt. Veksten vil truleg akselererast gjennom bruk av kunstig intelligens og kvanteteknologi. Det er spådd at den nye bioøkonomien i løpet av få år kan vekse til rundt ein tredjedel av verdas samla BNP i dag. Det omfattar både tradisjonelle biosektorar som helse og matproduksjon, samt nye

verdikjeder som ikkje i dag er baserte på biologiske råvarer slik som nye typar materiale, industrielle råstoff og drivstoff. Bioteknologi vil difor vere blant dei mest transformerande teknologiane i det grønne skiftet og avgjerande for å kutte klimautslepp og avgrense menneskeskapte klimaendringar.

På den andre sida er bioteknologi, særleg i kombinasjon med kunstig intelligens, ein raskt aukande eksistensiell trussel, mellom anna gjennom mogleg menneskeskapte pandemi som resultat av uhell eller misbruk av teknologien.

USA, Kina, Storbritannia, EU, Danmark og Sverige har allereie lagt fram ambisiøse strategiar for å ta leiarskap innan utvikling av bioteknologi. Noreg har i utgangspunktet sterke føresetnader for bioinnovasjon, men manglar politiske ambisjonar og retning.

Venstre vil:

- Utarbeide ein strategi for bioteknologi etter inspirasjon frå Storbritannia sin strategi «engineering biology» (2023) og EU-kommisjonen sin handlingsplan «building the future with nature» (2024), men tilpassa norske forhold og fortrinn.



10 Utanriks og forsvar

Vår tids store utfordringar kan berre løysast i fellesskap og gjennom internasjonalt samarbeid. Venstre sin utanrikspolitikk byggjer på liberale og demokratiske verdiar som individuell fridom, rettstatsprinsippa og respekt for menneskerettane.

Etter mange år med ei langsamt, men positiv utvikling i det liberale demokratiet si utbreiing i verda, ser vi no at utviklinga går i motsett retning. Den internasjonale rettsordenen er under aukande press, mellom anna som følgje av terror og krigføring, stormaktsrivalisering, frammarsj av autoritære regime og auka bruk av makt utanfor folkerettslege rammer. USA har no ein president som forkastar rettstatsprinsipp og truar sine og våre allierte.

Samstundes står verda overfor andre enorme felles utfordringar. Klima- og naturkrisa fører til verdsomspennande naturkatastrofar, svolt og migrasjon. Dette forsterkar spenningar og konfliktnivå mellom nasjonar og regionar. Vi må difor styrke arbeidet vårt for ein sterk internasjonal rettsorden, forplikting til folkeretten og stabile internasjonale institusjonar som vernar om liberale verdiar og menneskerettar for alle.

Europa

Etter tre tiår med fredeleg samhandling og stabilitet på vårt kontinent, går vi no ei meir uføreseieleg framtid i møte. Venstre meiner Noregs interesser best kan varetast innanfor EU sitt liberale verdifellesskap. EU er også vår næraste partner i å handtere globale klimaendringar og migrasjon, og vår viktigaste handelspartner. Difor vil Venstre at Noreg skal bli med i EU og ta plass ved forhandlingsbordet der nabolanda våre avgjer korleis vi skal takle våre felles utfordringar. Medlemskapet må avgjerast etter folkerøysting, det må lagast gode løysingar for fiskeri og landbruk og takast ei separat vurdering av eventuell inntreden i eurosona.

Som ikkje-medlem har Noreg altfor liten innverknad på EU-politikken. Det er eit demokratisk problem at viktige avgjerder som omfattar Noreg blir tekne utan at norske folkevalde har teke del i handsaminga. Stadig

meir forpliktande samarbeid og avtalar innanfor forsvars-, tryggleiks- og utanrikspolitikken skjer også i EU sin regi. Dette blir ikkje dekt av EØS-avtalen. Uavhengig av spørsmålet om fullt medlemskap, er Noreg tent med å delta i eit så breitt og djupt samarbeid med EU som mogleg gjennom EØS-avtalen og andre avtalar. Venstre vil også styrke andre europeiske samarbeid som Europarådet, Det europeiske politiske fellesskapet, EFTA, Den europeiske menneskerettskonvensjonen og Den europeiske menneskerettsdomstolen.

Venstre vil:

- At Noreg skal melde seg inn i EU, og at vi difor snarast mogleg må starte førebuande arbeid inn mot ei folkerøysting.
- Sikre Noreg fullverdig deltaking i EU sin felles utanriks- og tryggleiks-politikk (FUSP) og i EU sitt romfarts- og satellittsamarbeid, styrke det forsvarsindustrielle samarbeidet med EU, og bidra til Europas mobiler og styrking av forsvarsindustrien.
- Samarbeide tett med EU om Migrasjonspakta, der ein sikrar grensekontroll, varetek asylrettar og syter for ei byrdefordeling mellom mottakarlanda.
- Samarbeide med EU for å redusere avhengigheita av Kina, Russland og andre autoritære regime innan kritiske råvarer og strategisk infrastruktur.
- Ikkje gje EØS-midlar til statar som ikkje respekterer rettsstat- og demokratiske prinsipp, og heller støtte sjølvstendige organisasjonar i sivilsamfunnet.
- Sikre nasjonal medfinansiering til europeiske program Noreg deltek i, som Horisont Europa og Digital, for å sikre at norske aktørar har moglegheit til fullverdig deltaking.
- Støtte Ukraina og Moldova sitt arbeid for å bli medlem i EU.

Internasjonalt ansvar

Noreg er avhengig av å søkje tettare samarbeid med likesinna land, frå våre næraste naboar i Norden til andre demokrati verda over. Ved å styrke og forsvare det multilaterale samarbeidet, inkludert FN-organisasjonane, sikrar Noreg sin posisjon som ein liten, men innverknadsrik aktør i ei kompleks verd. Dette bidreg til stabilitet, rettferd og samarbeid på område som handel, tryggleik og ressursfordeling, som også er avgjerande for Noregs velferd og tryggleik. Venstre vil bruke utanrikspo-

litikken til å byggje opp under eit liberalt, demokratisk styre i verda, vere uredde på vegner av verdas fridomsforkjemparar og støtte deira kamp etter beste evne.

Noreg må bidra til at menneskerettane og andre mellomstatlege konvensjonar og traktatar blir etterlevde. Forbrytingar mot menneskeheita, folkemord, krigsforbrytingar, brot på menneskerettane og på internasjonal lov må få konsekvensar for dei ansvarlege. Venstre vil difor at Noreg engasjerer seg aktivt for å auke støtta til, og respekten for, FN sin internasjonale domstol (ICJ), Den internasjonale straffedomstolen (ICC) og Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD).

Global frihandel har lyft millionar av menneske ut av fattigdom. Økonomisk openheit mot verda har dessutan alltid vore viktig for Noreg og norsk økonomi. For Venstre har også fridommen til å selje, kjøpe, jobbe, og investere på tvers av landegrenser, ein stor eigenverdi. Venstre ønskjer ein fridomsfremjande handelspolitikk som fordjupar økonomiske band der det er mogleg, og samstundes unngår at norske handelsinteresser bidreg til å undergrave demokrati, menneskerettar og kampen mot klimaendringar, verken heime eller i landa vi handlar med.

Difor meiner vi at Noreg skal avslutte forsøket på å inngå ein frihandelsavtale med Kina. Dette er ikkje tidspunktet for å gjere oss meir strategisk avhengige av autoritære regime. Til gjengjeld må vi handle desto meir med likesinna økonomiar. Noreg må nytte moglegheita til å vise seg som ein trygg støttespelar for andre land i det grønne skiftet, frå berekraftig utvinning av kritiske mineral til rammevilkår for grøn kraft- og teknologi-produksjon.

Venstre vil:

- At Statens pensjonsfond utland (SPU) ikkje skal vere investert i selskap som direkte eller indirekte bidreg til alvorlege brot på folkeretten, menneskerettane eller til å oppretthalde ulovleg okkupasjon.
- Prioritere å framforhandle frihandelsavtarar med land som søker seg bort frå autoritært styresett, oppdatere dei vi allereie har med tanke på moderne tenestehandel, og få inn sterkare forpliktingar rundt klima, menneskerettar og personvern.
- Arbeide for å reformere internasjonale institusjonar, herunder FN sitt

Tryggingsråd, for å bidra til å styrke deira legitimitet og tillit.

- Støtte internasjonale rettsoppgjer etter brot på folkeretten i krig og konflikтар.
- Støtte opp om WTO og det multilaterale handelssamarbeidet, og ta initiativ til ein eigen handelsavtale for grøne teknologiar og tenester.
- At Noreg ikkje skal inngå ein bilateral handelsavtale med Kina, vrake normaliseringsavtalen og samarbeide tettare med Taiwan.
- Forsterke det transatlantiske samarbeidet mellom norske og amerikanske aktørar innan kultur, utdanning, forskning, teknologi, næringsliv og politikk på delstatsnivå.
- At Noreg skal samarbeide tettare med våre nordiske naboland på alle område der vi kan utrette meir saman.
- Vidareføre og betydeleg auke støtta til Ukraina, eksempelvis gjennom Nansen-programmet, i tråd med Ukraina sine behov.
- Støtte Taiwan sin rett til sjølvstyre, fordjupe Noregs bilaterale forhold til Taiwan gjennom auka handel og kulturell utveksling og opprette eit handelskontor etter mønster frå dei andre nordiske landa.
- Arbeide for ei tostatsløyising i konflikten mellom Israel og Palestina, der Palestina sine rettar som sjølvstendig stat blir respekterte i tråd med folkeretten, Israel blir anerkjent av sine arabiske naboland og begge land sin tryggleik er garantert. Israel sin blokade av Gaza og ulovlege busetnader på palestinske territorium må opphøre og dei palestinske sjølvstyremyndar må etablere kontroll på Gaza og Vestbreidda.
- At Noreg skal bidra økonomisk til gjenoppbygginga av Palestina.
- Fordømme Marokko sin okkupasjon av Vest-Sahara, og anerkjenne Vest-Sahara som ein sjølvstendig stat.
- Støtte ei fornying av Helsingforsavtalen, slik at felles nordisk tryggleik, infrastruktur og klimapolitikk blir styrkt, og at Grønland, Færøyane og Åland får ei sterkare likestilt rolle i det nordiske samarbeidet.

Tryggleik

Russland sin fullskala krig mot Ukraina markerer eit tidsskilje for norsk, europeisk og internasjonal tryggleik. Dette skjer samstundes som Kina utfordrar omverda både når det gjeld menneskerettar, militær utvikling og handelspolitikk.

Som nabo med felles grense i nord, er forholdet mellom Russland og vesten avgjerande viktig for norsk tryggleiks- og forsvarspolitik. Forholdet mellom Kina på den eine sida og Europa og USA på den andre, vil prege den globale tryggleikssituasjonen dei komande tiåra. NATO er i dag Noregs klart viktigaste tryggleiksgaranti, og vil fortsette å vere det i overskodeleg framtid. Samstundes vel USA sin president å skape tvil om USA sine uforbeholdne forpliktingar som alliert i NATO. Venstre støttar initiativ som vil bidra til å styrke NATO sitt samhald og kapasitet, og Europa sin kollektive evne til å handle som ein effektiv region innanfor NATO-rammene. Venstre støttar også NATO si utviding med nye medlemsland som Ukraina og Georgia.

Noreg har i dag eit forsvar og ein sivil beredskapskapasitet som ikkje er tilpassa den tryggleikssituasjonen vi står overfor. Vi må difor betydeleg styrke motstandskrafta i kritisk infrastruktur, samfunnsviktige tenester og i sivilbefolkninga, vår samla sivile totalberedskapskapasitet, vår eigen forsvarsevne og vår evne til å bidra til våre allierte. Noreg må bidra til utviklinga og oppskaleringa av ein europeisk forsvarsindustri i lys av den internasjonale tryggleikssituasjonen. Norsk forsvarsindustri må satsast på som leverandør av våpen og ammunisjon til vårt eige forsvar og våre allierte under dagens krav til eksportkontroll.

Venstre vil leggje ein oppdatert nasjonal tryggleiksstrategi til grunn for framtidige investeringar og prioriteringar innan forsvars- og beredskapsarbeidet, og vurdere å samle det overordna ansvaret for tryggleik og beredskap på tvers av sektorar, særleg justis, forsvar og dei ulike EOS-tenestene.

Venstre vil redusere talet atomstridshovud i verda og bidra til meir tryggleik rundt eksisterande våpensystem. Vi vil prioritere Noregs innsats for å styrke eksisterande avtalar der atomvåpenstatane også er partar. Vi meiner at atomvåpen bør forbys på lik linje med kjemiske og biologiske våpen. Målet på sikt bør vere ein forpliktande forbodsavtale som inkluderer alle dagens atommakter.

Venstre vil også at Noreg skal vere pådrivar for at helautonome våpensystem blir forbodne, og jobbe for internasjonalt forpliktande reglar for bruk av autonome system.

Venstre vil:

- Jobbe for mest mogleg tverrpolitisk semje i norsk tryggleiks- og forsvarspolitik.
- Bidra til å styrke NATO som vår viktigaste tryggleiksgaranti og forsvarsallianse, samstundes som vi jobbar for å delta når NATO og EU utviklar felles forsvars-, tryggleiks- og beredskapskapasitetar.
- Leggje ein oppdatert nasjonal tryggleiksstrategi til grunn for framtidige investeringar og prioriteringar innan forsvars- og beredskapsarbeidet.
- Bygge opp kapasiteten i norsk forsvarsindustri i ein europeisk kontekst for å kunne levere våpen og materiell raskare og i større volum til Forsvaret og våre allierte.
- Styrke Sivilforsvaret.
- Utvikle Nord-Noreg, Nord-Sverige og Nord-Finland som ein meir integrert region, særleg innan forsvar og beredskap, kommunikasjon, infrastruktur og økonomi.

Forsvar

Noreg må vere ein truverdig og sterk alliert i NATO. Då må vi ha ein truverdig forsvarsevne som til dagleg ivaretek eigen suverenitet og handlefridom, som har evne til sjølvstendig å gjennomføre eigne operasjonar, som er integrert i NATO, som har evne til å delta i internasjonale operasjonar, både under leiing av FN og NATO, og som har evne til alliert mottak i krise og krig her heime. Venstre vil at Noreg viser seg som ein sterk alliert med ein truverdig forsvarsevne ved å løfte forsvarsbudsjettet til godt over to prosent av BNP for å oppfylle forventningane Noreg som NATO-medlem har.

Noreg har eit særskilt ansvar i nord, og må gå i førevegen for å styrke tryggleiken for oss og våre allierte i Arktis, inkludert gjennom å bruke alle moglegheiter Svalbardtraktaten gjev. Som ein maritim nasjon med store verdier å forsvare krev det også at vi har betre evne til å operere i våre nærområde.

Det norske forsvaret byggjer på verneplikt. Venstre støttar ei vidareføring av verneplikta som rekrutteringsgrunnlag til Forsvaret og som ein del av folkeforsvaret og for å sikre Noregs forsvarsevne.

Det er ei stor utfordring for forsvaret å halde på personell over tid. Venstre vil stanse personellflukta frå Forsvaret, mellom anna ved å sikre betre karrieremoglegheiter for personell som vil fortsette utover førstegongstenesta, betre lønsutvikling, større moglegheiter til fagleg utvikling og moglegheit til å veksle mellom sivil og militær karriere, samt tilrettelegging for eit moderne familieliv.

Venstre vil:

- Kraftig ruste opp Forsvaret si operative evne gjennom ei langsiktig satsing på investeringar i mannskap og materiell.
- At Noreg prioriterer å styrke vår evne til å ivareta suverenitetshevdning på havet og kysten.
- At Noreg styrker landmakta, mellom anna ved å fullføre oppbygginga av Finnmarksbrigaden, Brigade Nord og Brigade Sør, styrking av Heimevernet og anskaffing av langtrekkande artilleri.
- Styrke Forsvaret sine cyberkapasitetar og forsvarssektoren sin IKT.
- Sikre at Forsvaret er rusta og har operativ kapasitet og innsikt til å forsvare Noreg mot hybrid og ukonvensjonell krigføring.
- Effektivisere og forenkle Forsvaret si evne til anskaffingar.
- Auke kapasiteten for alliert mottak og øving i Noreg.
- Styrke nordisk forsvarssamarbeid i ramma av NATO og NORDEFCO, og styrke forsvarssamarbeidet med Baltikum.
- Oppdatere basepolitikken for å opne for større nærvær av allierte styrkar på norsk territorium, særleg for å mogleggjere fast samarbeid med våre nye NATO-allierte i Norden.
- Oppretthalde, ruste opp og vidareutvikle Andøya flystasjon, særleg med tanke på alliert mottak, øving og ein oppdatert basepolitikk.
- At Noreg er eit føregangsland for vestlege land i FN, og stiller bidrag og kapasitetar også til dei meir krevjande FN-operasjonane.
- Sikre større fleksibilitet mellom sivil og militær arbeidsplass og verdsette sivil kompetanse høgare.
- Sikre god behandling og oppfølging av veteranar og deira familiar.
- Styrke forsvarsretta forskning og utvikling.

Utviklingspolitikk

Den liberale og regelstyrte verdsordenen og auka handel mellom land har historisk sett vore sterkt bidragsytande for fattigdomsbekjemping og større fridom for alle. Dei siste åra har verda diverre opplevd alvor-

lege tilbakeslag i utviklingsarbeidet. Dei humanitære behova aukar stadig, og klimaendringar forverrar levevilkår og er ofte ein medverkande årsak til auka konflikt. Behovet for humanitær bistand veks. Dette gjev Noreg både ansvar og eigeninteresse i å oppretthalde og effektivisere utviklingshjelpa. Utviklingspolitikken må difor sjåast som ein del av den utanrikspolitiske heilskapen, og dra i same retning som den øvrige utanrikspolitikken.

Norsk bistand skal bidra til økonomisk vekst, grøn omstilling, demokratisering, likestilling og kvinner si deltaking, skeive sine rettar, og til at land kan stå på egne bein mellom anna gjennom ei styrkt satsing på utdanning. Krig og kriser ramma barn ekstra hardt. Eitt av fem barn lever no i område med krig og konflikt. Endå fleire blir påverka av fattigdom og klimarisiko. Venstre vil prioritere bistandsmidlar til å sikre barn sine rettar og behov, som retten til skulegang og nødvendig helsehjelp. Venstre vil at bistanden skal bli meir resultatorientert og kostnadseffektiv, og vil difor prioritere tiltak som gjev størst effekt. Det er også nødvendig med færre og tydelegare mål og tydelegare tematisk og geografisk prioritering for kva bistanden skal oppnå, samt meir langsiktige investeringsstrategiar.

Dei store utfordringane verda står overfor kan ikkje løysast av offentlege budsjett åleine. Dersom vi skal nå berekraftsmåla er det behov for store private investeringar. Venstre vil difor bidra til at meir privat kapital blir mobilisert til utviklingsland, både innanfor og utanfor det tradisjonelle bistandssystemet, mellom anna gjennom bruk av garantiar.

Å styrke klimabistanden er viktig for å nå måla i Parisavtalen og skåne dei mest klimasårbare landa frå konsekvensane av klimaendringane og naturkatastrofar. Difor vil Venstre styrke klima- og skogprosjektet og anna bistand som ivaretek natur, kuttar klimagassutslepp, bidreg til klimatilpassing og styrker fornybar energi. I tråd med Parisavtalen er det viktig at klimabistanden kjem i tillegg til, ikkje går på kostnad av, den tradisjonelle bistanden.

Venstre vil:

- Halde fast ved målet om at minst 1 % av bruttonasjonalinntekta skal brukast på bistand.
- Støtte ei todeling av bistanden i tråd med Sending-utvalet slik at ein brukar minst 0,7 % av BNI på tradisjonell bistand og minst 0,3 % til globale fellesgoder som klima og natur, med mål om opptrapping på sikt.
- At kostnader til mottak av flyktningar ikkje skal inngå som ein del av bistandsbudsjettet.
- Oppheve tollmurar og andre handelshindringar som motverkar fattige land sin økonomiske vekst.
- Styrke FN sitt arbeid for barn og kvinner sine rettar.
- Utvide bruken av direkte kontantutbetalingar til trengjande menneske og familiar for å bekjempe fattigdom.
- Jobbe for å redusere gebyra som innvandrarak som sender pengar til heimlandet må betale.
- Utvide land-for-land-rapporteringa og innføre einsarta skattlegging av multinasjonale selskap for å bekjempe skatteparadis og kapitalflukt.
- Arbeide for å styrke internasjonale avtalar om minimumsskattlegging av selskap.
- Støtte det norske og internasjonale arbeidet for å fremje trus- og religionsfridom globalt.
- Arbeide for ein fast, sjølvstendig global mekanisme for gjeldsslette.
- Styrke klima- og skogsatsinga.
- Styrke det norske bidraget til gjennomføring av naturavtalen.
- Auke delen av bistanden som går til næringsutvikling, gjennom bl.a. å styrke finansieringa av Norfund og Klimainvesteringsfondet.

**Programmet er og
tilgjengelig i web-versjon:**

